



ULSTEIN KOMMUNE

# Årsrapport 2017



ULSTEIN ER I VEKST, MED NYE UTFORDRINGER OG POSITIVE ENDRINGAR FOR  
INNBYGGARAR OG REGIONALT NÆRINGSLIV. ULSTEINSAMFUNNET SI FORANKRING  
LIGG I VÅR KULTURELLE TRADISJON OG IDENTITET, TUFTA PÅ KJERNEVERDIANE

MANGFALD, RAUSHEIT, OMSORG OG NYSKAPING.



ULSTEIN - *der baug bryt båre*

# Odd Kåre Wiik i teknisk etat og Leif Inge Breivik i eigedomsselskapet fekk HMS-prisen for 2017.

Den gode råhuskollegaen som nominerte **Odd Kåre Wiik** til prisen, skriv:

*Odd Kåre er ein humor- og gledespreiar på matrommet på rådhuset. Titt og ofte har han med smaksprøver – ja, stundom heile måltid – til oss som er på pauserommet. Vi har fått alt frå eigenprodusert torresild med kalde poteter til rips med vaniljesaus. Har han kome over ei ny eksotisk frukt i butikken, deler han ivrig ut smaksprøver.*

*Han strør ikkje berre glede om seg i form av mat. Treng vi ei hand til eitkvart praktisk, er han svært lett å be, hjelper og får unna i ein fei. Det siste finurlige, morosame og praktiske innslaget var raude bøter på dei utslitne stolane våre på matrommet. Innimellan er det også komen ein fin bukett med naturblomster på borda.*

*Praten går lett med Odd Kåre ved bordet – mange gode historier og friske diskusjonar som bidreg til mykje lått og løyje. Med andre ord: Ein svært kjekk kollega som gløder mange, og som fortener prisen!*

**Leif Inge Breivik** får likeins gode ord frå kollegaene i omsorgsetaten som nominerte han:

*Han skaper eit veldig godt miljø rundt seg fordi han alltid har eit smil på lur og eit ønske om ein god dag til den han møter. Han har alltid tid til ein liten prat, som alltid blir avslutta med «ha ein fin dag vidare!». Han er svært løysingsorientert og brukar å seie «dette skal vi få til, skal du sjå!».*

*Leif Inge er oppteken av at personalet skal ha så gode arbeidsforhold som muleg. Då gjer han det han kan for å snikre og lage det til slik at tilhøva skal vere mindre belastande for rygg, syn, hørsel osv. Han skjønar dei tilsette sin situasjon og er oppteken av å gjere det han kan for å førebygge helseplager. Han har ei sterkt serviceinnstilling og vert oppfatta av alle tilsette som veldig blid og triveleg, velvillig, positiv og hjelksam.*

*Han har ansvar for svært mange bygg og enormt mange bustader, og har måtte rykke ut mange gongar på fritida, når det har vore akutt behov for ein rørleggar. Alltid kjem han med sitt gode humør og pågangsmot. Aldri har han møtt oss med uvilje i slike situasjoner. Han er vår hjelpar i nauda!*



Framsidebilete: Bjørn Johansen opna det nye dagsenteret ved Holsekerdalen 24.

Baksidebilete: Fleirbruksbygget Ulstein Arena vart teke i bruk før jul.

Begge foto: Svein Arne Orvik



Foto: Svein Arne Orrikk

“

Ulstein – ein god stad for  
menneske i alle livsfasar

## VERDIGRUNNLAG

nyskaping  
omsorg  
rausheit  
mangfald



## STYRINGSMÅL

nøgde brukarar  
motiverte og kvalifiserte  
medarbeidrarar  
godt omdøme  
god ressursstyring



**Ulsteinsamfunnet støttar og  
motiverer innbyggjarar,  
organisasjonar og næringsliv som  
viser visjonar, vilje og pågangsmot  
til beste for eiga utvikling,  
medmenneske og samfunn.**



## VÅRE TILSETTE

arbeider etter verdigrunnlaget  
set brukaren i fokus  
representerer jobben og  
kommunen og gjer jobben sin på  
ein profesjonell måte  
følgjer lojalt opp vedtak  
og styringssignal



## VÅRE LEIARAR

er utviklingsorienterte  
kommuniserer godt  
har endringsvilje  
er lojale  
har evne og vilje til leiing

<b>LYSNING I HORISONTEN</b>	<b>SIDE 6</b>
<b>VI ER I SIGET</b>	<b>SIDE 8</b>
<b>EIN MØTEPlass BLIR TIL</b>	<b>SIDE 10</b>
<b>ETATSVISE OVERSIKTER</b>	<b>SIDE 12</b>
Folkevalde	Side 14
Sentraladministrasjonen	Side 16
Helse- og omsorgsetaten	Side 18
Oppvekst- og kulturetaten	Side 20
Teknisk etat	Side 22
<b>ORGANISASJON OG ØKONOMI</b>	<b>SIDE 24</b>
Organisasjon	Side 26
Driftsresultat	Side 30
Investeringsrekneskap	Side 33
Balanse	Side 34
Fond	Side 35
Konsernet Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF	Side 36
Nøkkeltal konsern	Side 37
Investering, Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF	Side 38
Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF	Side 39
Finansforvaltning	Side 40
Lån	Side 42
<b>AVDELINGSVISE OVERSIKTER</b>	<b>SIDE 44</b>
Økonomiavdelinga	Side 46
Personalavdelinga	Side 47
Kommunikasjonsavdelinga	Side 48
IT-avdelinga	Side 49
Omsorg – Sone 1	Side 50
Omsorg – Sone 2	Side 51
Omsorg – Sone 3	Side 52
Omsorg – Sone 4	Side 53
Nav	Side 54
Legetenesta	Side 54
Helsestasjonstenesta	Side 55
Sundgotmarka barnehage	Side 56
Haddal skule	Side 57
Hasund skule	Side 58
Ulstein skule	Side 59
Ulsteinvik barneskule	Side 60
Ulstein ungdomsskule	Side 61
PPT	Side 62
Inkludering og mangfold	Side 63
Ulstein kompetansesenter	Side 64
Kulturavdelinga	Side 65
Sjøborg kulturhus og kino	Side 66
Ulstein kulturskule	Side 67
Ulstein bibliotek	Side 67
Ulstein brannvesen	Side 68
Plan- og bygningsavdelinga	Side 69
Anlegg og drift	Side 70
Veg og hamn	Side 70
Vatn og avløp	Side 71
Interkommunalt barnevern	Side 72
Innbyggarundersøkinga 2017	Side 74
Ulsteinvik – i sentrum av regionen	Side 75



# Lysning i horisonten

Det er på grunnplanet det skjer. Nye tenestedesign endrar læringa for dei små og lettar arbeidet med brukarar gjennom teknologi. Men omstilling er ikkje lett og tek aldri slutt – og med Ulstein sin inntektssvikt i 2017 vart det tøft. No må vi løfte i flokk – heilt frå kommunesalen, via våre 684 tilsette, og ut til innbyggjarane, brukarane og vårt stolte næringsliv. Men det er lysning i horisonten!

## EIT SLAG FOR BREIDDE

«Dimna skal vere ein klubb der det er plass for alle som vil vere med», seier vår eminente ambassadør Karsten Warholm til Sunnmørsposten 14. april. Den vesle klubben er blitt ein nasjonal spydspiss. Her har dugnadsånd, frivillig organisasjonsbygging og fellesskap skapt eit tilbod så populært at det er ventelister til klubben. Ildsjelene Warholm, Hatløy, Hansen og Berg formidlar det same: Visst skal vi heie fram dei store talenta, men dette er primært ein breiddeklubb.

Eg trur ein slik filosofi er sunt i Ulstein. Det treng ikkje vere kamp om førstelaget eller spissing i ung alder. Det er viktig å vere ein del av eit fellesskap. Å trenere på å takle både sigrar og tap er nyttig for både små og store. Vi ser at den nasjonale trenden med stadig fleire unge som søker hjelp for psykiske plager også gjeld for vår kommune. Vi treng ein sterk frivillig sektor som femner breitt slik at folk møtast – gjerne uformelt – at vi finn oss til rette, utviklar sunne vanar og meistrar livet. Vi skal heie fram supertalenta, men for dei fleste av oss handlar det mest om å vere ein del av flokken, kjenne seg sett og verdsett, uansett.

## 2017: VI MØTTE KVARDAGEN

Vi må langt tilbake, lengre enn førre verftskrise, for å finne maken til fall i inntekter som det Ulstein hadde i 2017. Svikten frå komfortable 116 % av landsgjennomsnittet til under 100 % merkast godt. At vi som konsern held nullen, handlar både om faktorar utanfor eigen kontroll og om at vi sette bremsene på mot slutten av året. Men årsrapporten vår viser mange positive trekk også. Sjølv sagt er vi stolte over vårt nye fleirbrukshus i sentrum, men også det nye dagenteret ved Holsekerdalen 24 er teke i bruk, til glede for både brukarar og tilsette etter mange års venting og planlegging. Vi har fornya tenester gjennom bruk av teknologi, fått etablert interkommunal PP-teneste og løfta fram både innbyggardialogen og førebygginga på fleire plan.

## NÆRINGSLIVET – OVER DET VERSTE?

Når du har begge beina godt planta i maritim sektor, er det klart at fjaråret vart tøft. Skal Ulstein kommune og vår region vere eit industrisentrum for havbasert verdiskaping også etter nedturen, vil det krevje både vågemot, kløkt og evne til fornying. Det får nok vår tradisjonsrike industri til. Så skal vi også ønske nye bedrifter velkomne, vi treng breidde også i vår næringsstruktur i skiftande tider. Og sjølv om den sunnmørske gründerånda er under press, er eg trygg på at Ulstein-samfunnet også på dette feltet markerer seg med høg overlevingsevne og inntening.

## DEI FLESTE SLUTTAR OPP OM ...



... ein vinnande hest. Vi veit at det å tiltrekke og halde på høg kompetanse handlar om meir enn interessante jobbar. Vi skal tilby eit tolerant og kognitivt mangfaldig lokalsamfunn med rimeleg bra tilbod også utanom arbeidstid, for at vårt område skal kunne konkurrere mot storbyregionane. Her har iallfall kommunen lagt seg i selen for å bygge attraktivitet gjennom smarte partnarskap, fortetting og fornying. At vi har bra folkevekst også gjennom nedgangstider, er eit svært godt teikn.

## STØ KURS

I KS sitt folkevaltprogram står at «den norske velferdskommunen er mellom dei mest komplekse organisasjonar vi kjänner – målt i omfanget av oppgåver og variasjonbreidda i dei». Det er vår oppleving at både omfanget og variasjonbreidda aukar for kvart år som går. Det krev kompetanse og kapasitet å vere i forkant og jobbe planmessig med teneste- og samfunnsutvikling. Vi har eit oppdatert planverk som skal nyttast aktivt og sikre stor grad av samsvar mellom dei folkevalde sine vedtekne satsingar og den operative drifta. Og så skal vi fortsette fokuset på innbyggardialog, tenesteutvikling og samfunnsbygging. Det gjorde vi godt også i 2017.

**EINAR VIK ARSET**  
rådmann

## BRUTTO SKATTEINNGANG PR. INNBYGGAR I ULSTEIN OG NOREG I PERIODEN 2014–2017



Med rundt 200 aktive medlemmer er Dimna IL ein av dei fem største friidrettsklubbane i Noreg. Faksimile frå Sunnmørsposten 14. april 2018



# Vi er i siget

Korleis kan vi gjere Ulstein kommune endå betre? Det er spørsmålet vi heile tida må stille oss og leite etter svar på. Alle kommunar lever av sine innbyggjarar, men vi må ikkje gløyme at vi også skal leve *for* dei same innbyggjarane. Vi ønskjer at Ulstein sine innbyggjarar skal kjenne seg stolte av å bu i kommunen, og vite at dei er ein del av eit fellesskap der det er rom for alle.

Å få vere med på å drive ein kommune er ei kompleks, men også utrøleg spennande øving. I Ulstein har vi vore heldige som har hatt mange visjonære som har trakka opp løypa for oss. Så har det kome nye til og ført arven vidare. Gode meiningsutvekslingar med påfølgjande målretta innsats og samling i bånn, har vore arbeidsforma i Ulstein så lenge eg har vore med i politikken. Dette gjeld både innanfor administrasjonen og blant dei folkevalde, og slik har det også vore i året som gjekk.



9. august 2017 vart Karsten Warholm verdsmeister på 400 meter hekk.  
Foto: Faksimile av VG-framside

## AUKE I FOLKETALET

2017 har nok vore eit utfordrande år for næringslivet og mange av våre medborgarar. Men som eg spådde i førre årsrapport, gav likevel året oss nokre lyspunkt som kan tyde på at vi har det verste bak oss. Arbeidsløysa gjekk ned frå 6,1 % i januar til 3,5 % ved årsskifte. Folketalet auka med 98 personar, eller 1,2 %, som er nokså nær vekstmålet på 1,5 %. Faktisk stod Ulstein for over halvparten av folkeveksten på Søre Sunnmøre i 2017. Byggeaktiviteten er også eit godt barometer på framtidstrua. Sidan nesten 30 % av alle nye godkjente bustader i dei sju kommunane i 2017 er i Ulstein, kan vi med rimeleg sikkerheit slå fast at Ulstein er attraktiv. Det er likevel ingen grunn til å legge seg bakpå og kvile, det gode arbeidet må halde fram. I eit samfunnsperspektiv

er eg spesielt uroa over dei tapte formuane, eller patriotkapitalen om du vil, som har vore særskilt viktige for utviklinga av Ulstein. Det vil ta tid å bygge opp denne igjen, og kommunen må difor legge godt til rette for vidare næringsutvikling.

## ENGASJERTE INNBYGGARAR

I året som har gått har vi jobba aktivt med å bli betre på innbyggardialog. Vi har søkt lerdrom frå fleire svenske kommunar som scorar godt innanfor dette området. Vi er overtydde om at dei kommunane som klarar å involvere innbyggjarane før viktige beslutningar, og som er lydhøye for nye perspektiv, vil vere dei som klarar seg best i framtida. «Vitet er rimeleg jamt fordelt», pleier Gunvor Ulstein å seie når ho referer til «faderen» sin haldning til kvinnelege næringslivsleiarar. Dette er eg heilt einig i, men eg trur ikkje denne sanninga berre høyrer heime i likestillingsdebatten. Vitet er nok rimeleg fordelt også blant folk flest. Difor treng vi engasjerte innbyggjarar som er med på å forme kommunen vår.

## EIT STORT LØFT

I desember opna Ulstein Arena, eit bygg som mange har lengta etter, og som så langt har vore ein stor suksess. Det markerte samstundes eit stort løft også økonomisk, i den forstand at kostnadane til kommunen steig betrakteleg. Det var difor ikkje til å unngå at ein innførte eigedomsskatt for 2018. Det er likevel viktig å understreke at fleirtalet i kommunestyret ikkje vil at eigedomsskatten skal vere ei kvilepute. Tvert om bør utsikta til å kunne fjerne den vere motivasjon for ei smart og effektiv drift av kommunen. Både VM-gullet til Karsten Warholm og 100-årsjubileet til Ulstein-gruppa fortel oss at alt er mogleg med rett fokus, hardt arbeid og arbeidsglede.


Takk til kommunestyret og rådmannen for eit godt samarbeid i 2017, og takk til alle dei dyktige medarbeidarane som bidreg til at Ulstein kommune leverer gode tenester til innbyggjarane sine.

---

KNUT ERIK ENGH  
ordførar




*Ulstein-gruppa feira 100 år i 2017.  
Foto: Oclin / Ulstein Group*



#### FOLKETALSENDRING PÅ SØRE SUNNMØRE 2014–2017

*Kjelde: SSB*



#### SKÅR FOR ULSTEIN KOMMUNE I KOMMUNEKOMPASSET 2013–2017

*Kjelde: KS Konsulent*

# Ein møteplass blir til

Kva vil du fylle det nye biblioteket med? Kva ønsker du skal skje der?

Slik spurte vi på Facebook nokre veker før biblioteket på Ulstein Arena opna dørene. Ideane hagla inn – her er eit utval. Idemyldring på Facebook er eit tiltak i prosjektet «Styrka innbyggardialog og lokaldemokrati».

Kjekt med ein møtestad i sentrum utan kjøpepress! Eg håper på eit hus der ein kan kome og føle seg velkommen utan å ha avtalt å møte nokon andre, og så gjerne bli overraska over nokon kjekke folk å prate med likevel. Og så håper eg at mange fleire blir inspirerte til å lese bøker sidan det er så lett tilgjengeleg.

Foreslår at de legg opp til fine og spennande utstillingar av anbefalte bøker, bokmatar, terneringskast, høgtlesingar, forfattarbesøk, kunst av born og unge inspirert av bøker som har gjort inntrykk, ulike lesekonguransar og andre motiverende aktivitetar for å få born og ungdom til å lese meir.

Arkitektur og plassering innbyr til utvikling av ein sentral møteplass både sein og tidleg. Eit moderne bibliotek skal være litt mylrande, med blanding av litterær fordjuping i ei av sittegruppene, djupe tankar og filosofering frå utsiktpunkta langs dei lange vindaugeflatene og førehandsboaka møte i «bua» for ulike føremål.

Hei, vi i BrettVett, foreløpig ein liten brettspelklubb, håpar å finne eit eiga lokale / del av lokale der vi kan sitte. Og forhåpentlegvis få fleire interesserte i hobbyen vår.

Supert med ei avdeling som kan bookast til styremøte og andre arrangement!

Eg ønsker at biblioteket skal bli ein stad vi kan nytte til vårt felles inkluderingsarbeid. Dette i form av f.eks. språkgrupper og leksehjelp til både born og vaksne.

Moglegvis eit litt gamaldags svar: Eg ønsker meg eit bibliotek med tilsette som har tida til å spørje om vi treng hjelp og lesetips.

Eg ynskjer at biblioteket skal bli ein møteplass for born og unge utan prestasjonsjang og nivådeling, ein stad å gjere lekser saman, gjerne med leksehjelp, og med stille soner der ein kan slappe av med ei god bok. Uansett; vi gler oss!



# *Etatsvise oversikter*

Folkevalde

Sentraladministrasjon

Helse og omsorg

Oppvekst og kultur

Teknisk



Klirreballen på Ulstein Arena

Foto: Svein Arne Orvik



ORDFØRAR KNUT ERIK ENGH



VARAORDFØRAR STEINAR TORVIK

# Folkevalde

Den politiske strukturen i Ulstein er basert på hovudutvalsmodellen.

Kommunen har dei lovfesta organa kommunestyre (25 representantar), formannskap (7), kontrollutval (5) og fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne (7). I tillegg har kommunen to hovudutval: levekårsutvalet (9) og teknisk utval (7), pluss ungdomsråd (9) og ei rekke nemnder.

## Aktivitet og resultat 2017

Ulstein kommune har gode arenaer for samspel mellom folkevalde og administrasjonen. I politisk-administrativt leiarforum møtest formannskapet, leiarane i hovudutvala og rådmannens leiargruppe for å drøfte utviklinga av lokalsamfunnet. Leiarane i hovudutvala og kommunalsjefane har eigne møte for å gå gjennom sakene som skal til politisk behandling.

Formannskapet og hovudutvala har avgjerdsmynde innanfor budsjetttrammer og i medhald av delegeringsreglementet og har tilrådingsrett direkte til kommunestyret. Politisk sekretariat er støttefunksjon for dei folkevalde i samspel med sentraladministrasjonen. Kontrollutvalet er organisert med eige sekretariat saman med åtte andre kommunar.

### INNBYGGARDIALOG OG LOKALDEMOKRATI

Arbeidet for å styrke innbyggardialogen vart spesielt vektlagt i 2017. Formannskapet vedtok i februar å etablere eit eige prosjekt for styrka innbyggardialog og lokaldemokrati. Prosjektet er toårig (2017–2018) og har ei prosjektgruppe med tilsette i kommunen. Formannskapet er

styringsgruppe. I 2017 vart det prioritert å gjere det lettare å påverke gjennom digitale kanalar, ikkje minst på Facebook-sida til kommunen. Innbyggjarane vart inviterte til å dele sine meininger om kommuneplanen, budsjettet og ei rekke andre saker – og om utviklingsprosjekt som Ulstein bibliotek. Kommunen lanserte også ei nettside med tips til korleis ein kan påverke lokalpolitikken. Denne sida vart heidra med ei gullstjerne i Kommunekompasset. Frå mai vart det lagt ut kortversjonar på nett av sakene som skulle opp i dei politiske møta. Det vart halde fire folkemøte i dei ulike krinsane i kommunen.

### NETTVERK FOR FOLKEVALDE

For å utvikle kompetansen til dei folkevalde og styrke samarbeidet mellom kommunane i regionen, har vi delteke i ulike folkevaldnettverk. Ordførarane har no fått på plass ordførarnettverk både for Søre Sunnmøre og for Sunnmøre. Formannskapet har delteke på Arena Sunnmøre, som er ein årleg konferanse for formannskap og administrasjon, der innovasjon i communal sektor er sett på dagsordenen. I tillegg har fem av kommunestyremedlemmane teke del i demokratiprosjektet til Sunnmøre

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2015	2016	2017
Rekneskap	4,5	4,1	4,1
Budsjett	3,9	3,6	4,0
Avvik	- 0,7	- 0,5	- 0,1

regionråd i 2017. Eit viktig mål med nettverka er å lære frå kvarandre og utvikle dyktige folkevalde.

### REKNESKAPEN

Rekneskapen viser eit underskot på 86 000 kroner. Hovudgrunnen til dette er krav til generelle innsparinger på vel 200 000 kroner som det viser seg utfordrande å hente inn. Ei god gjennomføring av valet gav likevel ei innsparing på vel halvparten av innsparingsmålet. Sett vakk frå dette er det i stor grad samsvar mellom budsjett og rekneskap innanfor ansvarsområdet, sjølv om det krev god budsjettdisiplin.



## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Styrke kommunikasjonen og innbyggardialogen gjennom betre tilrettelegging for kontakt og deltagning, blant anna med ny teknologi.
  - ▶ Styrke den demokratiske styringa av kommunen.
  - ▶ Gode rutinar for styring og kontroll av selskap der folkevalde er representert i styre, representantskap, årsmøte og generalforsamlingar.
  - ▶ Forenkle og betre tilrettelegginga av saksdokument for folkevalde og innbyggjarar.
  - ▶ Drive fram innovasjons- og utviklingsarbeid i kommunen.
- Formannskapet er innovasjons- og utviklingsutval.

*Ulstein ungdomsråd  
Foto: Annika Brandal*

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
<b>ØKONOMI</b>	Avvik mot budsjett	- 0,5 mill. kr	- 0,1 mill.kr	0
<b>BRUKAR</b>	Vi legg til rette for brei deltaking og demokrati i kommunen	Del av politiske møte med kortversjon av saksframlegg på nett*	0 %	ca. 70 %
		Del av kommunestyre møte som vert gjort tilgjengelege på nett med lyd/bilete	8 av 9	100 %
		Tal på folkemøte pr. år	5	4
Styrka politisk samarbeid og styring	Tal på møte i politisk leiarforum (ordførar, varaordførar og hovudutvalsleiarar)	1	0	2
	Tal på møte i ad hoc-gruppe for revidert delegasjonsreglement	4	1	0 (ferdig i 2016)
Samarbeid med næringslivet – ein forpliktande arena	Tal på besøk til sentrale verksemder i kommunen	22	5	10
	Tal på «kreative forum» som er blitt utvikla saman med representantar frå nærings- og organisasjonsliv	2	2	2
<b>ORGANISASJON</b>	Politisk-administrative samspel	Tal på politisk-administrative leiarforum	1	2
		Del av førebuingsmøte mellom kommunalsjef og utvalseiar av utvalsmøte totalt	85 %	76 %
		Tal på gjennomførte lunsjmøte med einingar/etatar (med ordførar, rådmann og utvalseiarar) **	20	0
Vi ynskjer god eigarskapskontroll	Orientering i folkevalde organ frå selskap kommunen har eigarinteresser i	6	4	4
	Eigarskapsmelding lagt fram for kommunestyret	-	0	1
Fokus på innovasjon i kommunen	Møte/arrangement der innovasjon er på dagsordenen og formannskapet tek del	4	4	4

\* Vi har valt å telje møte i staden for saker, då dei same sakene ofte går igjen i møta.

\*\* Møterunden vart utsett til etter nyttår på grunn av rådmannsskifte.



RÅDMANN EINAR VIK ARSET



ASS. RÅDMANN VERNER LARSEN

# *Sentraladministrasjonen*

Sentraladministrasjonen består av rådmannen sine stabsfunksjonar: økonomi, personal, IT og kommunikasjon. Einingane er støttefunksjonar for kommunalsjefane og leiarane i kommunen, og har kontrollerfunksjon når det gjeld rutinar og regelverk sentralt og lokalt. Overordna ansvar for strategiutvikling, kommunalt planarbeid og tettstadsutvikling er også lagt til eininga. Kommunens juridiske ressurs ligg i eininga. Det same gjer stillinga som folkehelsekoordinator.

## *Aktivitet og resultat 2017*

Arbeidet med samfunnssdelen av kommuneplanen vart ferdig tidleg i 2017. Arbeidet med arealdelen av kommuneplanen er trappa opp og planen er forventa ferdig hausten 2018. Dette er viktige planprosessar, men dei er omfattande og svært ressurskrevjande. Rådmannen har hatt permisjon frå september 2016 og ut 2017. Dette vart løyst internt med konstituering i tre stillingar i leiargruppa. Leiaren for kommunikasjonsavdelinga og servicetorget gjekk av med pensjon hausten 2017. Ansvaret innanfor kommunikasjon, saman med ei halv stilling, er flytta til politisk sekretariat og avdelinga har fått namnet avdeling for demokrati og kommunikasjon. Ordninga skal evaluerast sommaren 2019.

Medarbeidarundersøking vart gjennomført etter 10-faktormodellen seinst på hausten 2016. Tal frå medarbeidarundersøkinga i eksisterande tabellar passar ikkje i hop med 10-faktormodellen, så dermed er framstillinga litt haltande.


Ulstein Arena vart opna i desember. Det har vore ein utfordrande byggeprosess og har kravd omfattande ressursar frå mange av avdelingane, og arbeidet med avklaringar vil halde fram i 2018.

For IT-avdelinga var 2017 ein overgang fram mot ny organisering i SSIKT. Ulstein kommune har vore tidleg ute med overflytting av programvare til driftssenteret og delar av vår IT-avdeling har bistått andre kommunar sine IT-ressursar i overgangen. IT-leiaren er til dømes deltakar i strategigruppa for IT-satsing (inntil 60 %). Arbeidet med opprydding og avlevering av eldre papirarkiv til interkommunalt arkiv i Ålesund held fram, men det står svært mykje att. Det gjeld også samordninga av elektronisk arkiv frå 2006 til 2017.

Hovudårsaka til det positive økonomiske avviket er at pensjonsoppgjeret vart gunstigare for kommunen enn budsjettet. Dette er inntektsført innanfor sentraladministrasjonen sitt budsjettområde og ikkje fordelt ut på driftsområde.

Der er ein auke i sjukefråveret i 2017. Dette kjem av nokre langtidssjukemeldingar. Sjukefråvær over lengre tid i små miljø slår prosentvis sterkt ut.

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2015	2016	2017
25,8		28	
<b>NETTO RESULTAT</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Rekneskap	31,6	30,1	31,8
Budsjett	38	42,1	43,7
<b>Avvik</b>	<b>6,4</b>	<b>12,0</b>	<b>11,9</b>
<b>SJUKEFRÅVÆR I %</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sjukefråvær	4,51	4,62	6,00



## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Strategisk fokus på kvalitetsutvikling og tenesteinnovasjon
- ▶ Utvikle og driftet felles system for internkontroll, risikohandtering og avviksrapportering
- ▶ Kompetanseheving om regelverk, rutinar og programvare innan våre fagområde
- ▶ Vere gode på målstyring og omdømmebygging

Foto: Per Eide

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	12,0 mill. kr	11,9 mill. kr	0
BRUKAR Det skal vere god tenestekvalitet i alle ledd	Total score frå kommunekompasset	-	467	450
	Kommunekompasset: score på resultatfokus og effektivitet	-	56	55
	Kommunekompasset: score på tilgjengelegheit, innbyggjar- og brukarorientering	-	39	45
	Omfang elektronisk tilgjengelege skjema	vert målt 2017	-	-
ORGANISASJON Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Andel tilsette som har gjennomført medarbeidarsamtale	8/8	-	10/10
	Svarprosent medarbeidarundersøking Ulstein kommune	54 %	ikkje målt 2017	70 %
	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	4,1	ikkje målt 2017	faktor $\geq$ 4,0
	Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,2	Ikke målt 2017	faktor $\geq$ 4,3
	Sjukefråvær	4,62 %	6,00 %	nærvær $\geq$ 96 %
Vi har fokus på internkontroll	Tal på gjennomførte brukarundersøkingar pr. år	12 (3 overf. 2017)	4	4
	Nye overordna innovasjonsprosjekt	4	2	4
	Tal på gjennomførte etatsvise ROS-analysar	-	-	-
	Tal på restansar i ePhorte eldre enn fire månader	2	-	0



KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN

## Helse- og omsorgsetaten

Helse- og omsorgsetaten har i 2017 hatt eit særleg fokus på unge brukarar med rusproblem og psykiske helseproblem, demensomsorg, kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi. I tillegg har etaten også dette året fokusert spesielt på førebyggande arbeid med tidleg bistand til barn og unge, mellom anna gjennom tiltak i regi av helsestasjonen og psykiatritenestene.

### Aktivitet og resultat 2017

På alle avdelingane har det også vore lagt vekt på å styrke arbeidsmiljøet og gjennom dette bidra til redusert sjukefråvær, mellom anna med fokus på reduksjon av hendingar der personalet vert utsett for vald og truslar. Sjukefråværet har gått noko opp samanlikna med 2016. Dette

brukarar og tilsette. Kommunane har fått ansvar for å få færre unødvendige innleggingar i sjukehus og for raskt mottak av ferdigbehandla pasientar. I Ulstein har vi styrka både kompetanse og kapasitet og gir nødvendig behandling/etterbehandling etter sjukehusinnlegging. Vi er a jour når det gjeld mottak av ferdigbehandla pasientar.

Omsorgstenestene har også dette året hatt eit godt samarbeid med legetenesta. Dette er med og gjer at vi klarer å gi fleire brukarar nødvendig helsehjelp i kommunen. Det kan vere som alternativ til innlegging eller ved behov for rehabilitering eller annan medisinsk oppfølging etter innlegging i sjukehus. Samarbeidet med legetenesta har vore viktig for satsinga på kvardagsrehabilitering.

Som følgje av nye oppgåver og framleis auke i talet på brukarar, har presset vore stort både på sjukeheimen og i heimetenestene. Det same gjeld legetenesta, helsestasjonen og Nav. Gjennom arbeidet i dei nye omsorgsbustadane, omorganiseringa av demensavdelinga og nye dagsenter for demente, og for psykisk utviklingshemma, har vi hatt fokus på



må sjåast i samanheng med at det i løpet av året har vore eit stort arbeidspress på alle avdelingane. Dette skuldast mellom anna uføresette utfordringar knytt til brukarar med særleg store omsorgsbehov.

I løpet av driftsåret har vi auka innsatsen når det gjeld innovasjon, særleg ved at velferdsteknologi vert tilgjengeleg for både

ÅRSVERK	TILSETTE		
190,7	279		
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017
Rekneskap	152,3	160	169,4
Budsjett	144,9	152,0	158,4
Avvik	- 7,3	- 8,0	- 11,0
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017
Sjukefråvær	11,02	9,00	9,58

organisering av tenestene. Målet har vore å få meir og betre helse- og omsorgstenester ut av dei eksisterande ressursane.

Etaten hadde i 2017 eit overforbruk på til saman 11 millionar kroner. Av dette kjem 1,5 million av auka utbetalingar til økonomisk sosialhjelp. Resten av auka kjem av endringar i omsorgsbehovet hos brukarar ved demensavdelinga og i heimetenestene – som gjorde det naudsynt å styrke bemanninga. Samla viser dette at etaten sitt budsjett er så stramt at det ikkje gir tilstrekkeleg økonomisk handlingsrom når slike situasjonar oppstår.

#### Bilete til venstre:

Ordføraren fekk aua av å opne Tufsteparken, godt hjelpt av Kjersti Vengen Jensen, leiar for frisklivssentralen, og kommunefysioterapeut Stina Jakobsen. Foto: Jorulf Myrene / Vikebladet Vestposten

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Styrke brukarorientering, særleg i arbeid med unge brukarar, rusproblem og psykiske helseproblem
- ▶ Styrke satsinga på innovasjon både når det gjeld organisering av tenestene og i tiltak spesielt retta mot psykisk utviklingshemma og brukarar med psykiske helseproblem og rusproblem
- ▶ Styrke demensomsorga
- ▶ Styrke arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær
- ▶ Få ned talet på avvik på vald og truslar
- ▶ Styrke fagkoordinatorane/leiarane sin kompetanse i leiing, heiltidskultur, demens, kvardagsmeistring og helserett
- ▶ Styrke førebyggande arbeid med særleg fokus på tidleg innsats for born og unge
- ▶ Kvardagsrehabilitering skal vere ein integrert del av tenestene.
- ▶ Gjere velferdsteknologiske løysingar tilgjengeleg for flest mogleg av brukarane

*Musikkterapeut Ingrid Nerhøi i samspel med bandet Fjøresteinane. Foto: Svein Arne Orrik*

SATINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	- 8,0 mill. kr	- 11 mill. kr	0
SAMFUNN	Tilrettelegging av bustadar	Tilgang på bustader for yngre brukarar med rusproblem og/eller psykiske helseproblem	13	10
	Tilrettelegging for utvalde brukargrupper	Fleire kulturrangement på Alvehaugen og Holsekerdalen	40	10
	Effektivisering gjennom ny teknologi	Auke av samla tal på deltakarar	ikkje målt	300
BRUKAR	Vi legg til rette for brei deltaking og brukarmedverknad	Auke i tal på tiltak der ny teknologi vert teke i bruk	4	6
	Integrering av brukarar med rusproblem og psykiske helseproblem	Brukarutval er oppretta	1	1
	Førebyggande helsearbeid	Tal på brukarar som har positiv effekt av kvardagsmeistring	5	40
	Tidleg oppdaging av demens	Auke i tal på brukarar som deltek i arbeidsretta tiltak	-	10
	Styrke kompetanseutvikling	Tal på pågående prosjekt med førebygging som målsetjing som viser positive resultat	3	5
		Prosent av personar over 80 år som har fått førebyggande heimebesøk	50 %	50 %
		Tal på deltakarar på demenskurs for pårørande	0	10
ORGANISASJON		Tal på familar som får oppfølging etter 1. heimebesøk	ikkje målt	10
		Tal på tilsette som deltek i relevant vidareutdanning	0	3
		Færre søknadar om dispensasjon frå krav om høgskuleutdanning	ikkje målt	0
		Talet på kursdeltakarar innan helserett/vidareutdanning	5	3
BETRE ARBEIDSMILJØ	Betre arbeidsmiljø	Redusert sjukefråvær	9,00 %	9,58 %
		Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,1	ikkje målt
		Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	4,0	ikkje målt
Heiltidskultur	Prosentdel med full stilling	ikkje målt	76 %	77,6 %
Offensiv satsing på tenesteinnovasjon	Tildelte prosjektmidlar pr. år innan helse- og omsorgsetaten	4,7 mill. kr	5 mill. kr	5 mill. kr



KOMMUNALSJEF GRY NORDAL

## Oppvekst- og kulturetaten

Oppvekst- og kulturetaten har i 2017 eit resultat der rekneskapen og budsjettet samsvarar. Fleire av einingane har eit driftsresultat som ligg over budsjettet, særleg gjeld dette for kompetansesenteret, der talet på brukarar har gått dramatisk ned. At tilskot knytte til busetting er utbetalte på etterskot, har gjort at ein likevel kjem ut i tråd med budsjettet.

### Aktivitet og resultat 2017

Sjukefråværet er igjen på nivå med 2015, etter at vi for 2016 såg ei positiv utvikling. Eininger med stort fråvær arbeider med ulike tiltak for å redusere fråværet.

Alle med rett til barnehageplass har fått oppfylt retten sin, og alle barnehagane har fylt opp plassane i 2017. Ved søknad



ut over hovudopptaket, har ein stort sett kunna tilby plass innan rimeleg tid, men dette er heilt marginalt. Sundgotmarka barnehage har arbeidd med vidareføring av leiartreningsprogram som vart starta opp i 2015, og med tiltak for å sikre og heve kvaliteten på tilbodet.

Ved skulane viser elevundersøkinga stor trivsel. Elles har det vore satsa mykje på vurderingsarbeid i skulane gjennom prosjektet «Vurdering for læring». Satsinga på Teknologiskulen har sett sitt tydelege preg på skulane gjennom endra praksis til meir bruk av digitale læremiddel og verktøy. Det har vore gjennomført vidareutdanning

i digitalisering/teknologi for ca. 100 lærarar, som alle har gjennomført 10 studiepoeng i løpet av året. Dette har vore eit nybrottsarbeid i nært samarbeid med Høgskulen i Volda.

Læringsresultata på nasjonale prøver ligg høgre enn i fjoråret, og over snittet i fylke og land. Dette kjem som resultat av flinke elevar og gode lærarkrefter.

Med verknad frå august 2017, vart eit interkommunalt PP-kontor for kommunane Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein etablert med Ulstein kommune som vertskommune. I tillegg kjøper fylkes-kommunen tenester til dei vidaregåande skulane i Volda, Ørsta og Ulstein. Dette førte til at talet

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2015	2016	2017
NETTO RESULTAT	199,2	206,6	218,1
Rekneskap	201	204,7	217,3
<b>Avvik</b>	<b>1,9</b>	<b>- 1,9</b>	<b>- 0,8</b>
<b>SJUKEFRÅVÆR I %</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sjukefråvær	7,21	6,19	7,14

på tilsette vart meir enn dobla. Det nye PPT arbeider med siktet på å vri fokuset frå individ til system, slik at kompetanseheving og organisasjonsutvikling i einingane vert meir vektlagt.

I 2017 var det 45,8 % av dei som avslutta introduksjonsprogrammet som gjekk over i arbeid eller utdanning. Dette er langt fleire enn i året før. Ved inkluderings- og mangfaldsavdelinga har det vore arbeidd målretta og godt med dette. Avdelinga har hatt god kontakt med potensielle arbeidsgjevarar og gjennomført prosjekt der ein har søkt og fått midlar til arbeidet.

#### Bilete til venstre:

Teknologisatsinga i Ulsteinskulen har fått nasjonal merksemd, som her i NRK Dagsrevyen.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Sikre gode læringsmiljø som grunnlag for born si faglege og personlege utvikling
- ▶ I samarbeid med heimane arbeider skulane kontinuerleg for gode skolemiljø som fremmar trivsel, gode faglege resultat, meistring og mangfald, og gir elevane høve til sosial og kulturell utvikling
- ▶ Sikre barnehageplass til alle som ynskjer det
- ▶ Utvikle eit forpliktande og nært samarbeid mellom skulane og arbeidslivet i kommunen, med sikte på auka kunnskap, kompetanse og rekruttering
- ▶ Endring frå individretta til systemretta arbeid og fokus, og redusert timetal til spesialundervisning
- ▶ Kulturkontoret skal legge til rette for og samarbeide med kulturlivet i kommunen.
- ▶ Kulturkontoret skal ha fokus på barn og unge, og legge til rette for positive opplevingar og deltaking innan ulike arenaer/aktivitetar i kommunen.

Glowparty for ungdom på Sjøborg kulturhus.

Foto: Marie Flatin

SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017	
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	- 1,9 mill. kr	- 0,8 mill. kr	0	
BRUKAR	Offentleg satsing på IT i skulen	Tal på gjennomførte tiltak nedfelt i kommunal IKT-plan for skulane i Ulstein	flere tiltak enn målsettinga, satsingsområde	plan under rullering	rullere planen, dei fleste tiltak gjennomført
	Vi er ein ambisiøs og målretta skuleeigar	Resultat på nasjonale prøver, 5. klasse eng/les/mat	50/50/50	53/52/53	minimum 50
		Resultat på nasjonale prøver, 8. klasse eng/les/mat	52/49/53	52/50/53	minimum 50
		Grunnskulepoeng	41,1 (landssnitt 41,2)	40,1 (landssnitt 41,4)	minimum landssnitt
	Meistring og mangfald i skulen	Score frå elevundersøkinga: trivst i skulen (1–5, 5 er best)	4,5 4,4	4,5 4,4	4,8 begge trinn
		Score frå elevundersøkinga: mobbefri skule (1–5, 1 er best)	1,3 1,2	-	1,1 begge trinn
	Eit godt og variert barnehagetilbod, med full dekning	Tal på dispensasjonar i høve pedagogisk personale	-	-	0
		Barnehagedekning i %	-	100 %	Min. 100 %
	Ein kulturrik kommune	Score frå innbyggerundersøkinga, kulturspørsmål	-	-	5
	Ein forenkla kvardag for våre brukarar	Del av skjema tilgjengelege på nett	100 %	100 %	100 %
ORGANISASJON	Offensiv søknad på spelemidlar	Del av skjema som kan innsendast elektronisk	11/12	100 %	100 %
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Tal på godkjende søknader pr. år	-	3 av 4	alle
		Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år.	4,1	-	4,0 eller meir
		Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,1	-	4,3 eller meir
	Nyskaping	Sjukefråvær i %	6,19 %	7,14 %	5 %
		Tal på igangsette nyskapingstiltak	2 på alle skulane	målet nådd	minimum 1 tiltak på alle einingane



KOMMUNALSJEF ARNE RUNAR VIK

## Teknisk etat

Teknisk etat har ansvar for vatn, avløp, veg, hamn og utbygging innanfor desse områda. Byggesakshandsaming, kart- og oppmålingstenester, planlegging, sal av bustad- og industritomter og forvaltning av Husbankens låne- og tilskotsordningar. Brannvesen, feieteneste og generell kommunal beredskap. Etaten er organisert i tre avdelingar: plan- og bygningsavdeling, drifts- og anleggsavdeling og brann/feiing.

### Aktivitet og resultat 2017

Av gjennomførte tiltak kan vi nemne utskifting av vassleidning frå Garsholhaugen mot Hasund, ein del nyasfaltering som følgje av tiltakspakken frå regjeringa og ombygging av krysset i Vikemyra som ein del av Ulstein Arena-prosjektet. Arbeidet med hovudplanen for avløp heldt fram. Eit omfattande arbeid med grunnavtalar for tilrettelegging av bustadomter på Skeide vart gjennomført, med frivillige avtalar hjå alle involverte som resultat. Arealdelen av kommuneplanen vart lagt ut til første gongs offentleg ettersyn og deretter arbeidd vidare med.

ÅRSVERK	TILSETTE		
21,4	29		
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017
Rekneskap	25	27,6	27,4
Budsjett	24,3	26,1	26,8
<b>Avvik</b>	<b>- 0,7</b>	<b>- 1,5</b>	<b>- 0,6</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017
Sjukefråvær	1,37	4,04	3,82



Ulstein Arena – mangfoldige aktivitetar og nyskapande arkitektur. Foto: Per Eide

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Levere tenester av god kvalitet og gi god service til innbyggjarane, næringslivet, andre kommunale einingar og overordna mynde innanfor etaten sitt ansvarsområde. Inkludert i dette er å nytte digitale verktøy optimalt.
- ▶ Arbeide for øke i busetnad og næringsutvikling gjennom tilrettelegging av areal og utbygging av infrastruktur
- ▶ Det skal vere trygt å ferdist for alle trafikantar. Utbygging av gang- og sykkelvegar har prioritet.
- ▶ Folkehelseperspektivet står sentralt i all planlegging. Fysisk tilrettelegging for uteaktivitet er viktig for bulyst og friluftsliv.
- ▶ Kommunen skal sikre god og trygg vassforsyning til alle, og handtere avløpsvatn i samsvar med alle relevante krav.
- ▶ Ha god beredskap mot uønskte hendingar.
- ▶ Kompetanse – halde fokus på kompetanseutvikling i eigen organisasjon
- ▶ Planverket skal haldast oppdatert.

Foto: Per Eide

	SATINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKO.	God økonomisk styring	Avvik mot budsjett	- 1,5 mill. kr	- 0,6 mill. kr	0 kr
	Betre prosjektstyring	Økonomiske overskridinger ift. totalramme for vatn og avløp	ingen	0,3 mill. kr	ingen
		Tal på utbyggingsprosjekt (veg, bustadfelt m.m.) med overskriding	0 %	ingen	0 %
BRUKAR	Tilrettelegging for bustadbygging	Tal på krinsar med byggeklare tomter	4 av 7	4 av 7	7 av 7
		Regulert og byggeklart areal tilgjengeleg for koncentrert utbygging i Ulsteinvik/Skeide	20,9 daa	16 daa	15 daa
	Tilgjengeleg næringssareal	Regulert næringssareal klart for utbygging	47 daa	45 daa	40 daa
		Totalt tal på km turstiar og løyper tilrettelagt for sommarbruk pr. år	7,2 km	0 km	2 km
ORG.	Folkehelsetiltak	Gjennomføre årlege ryddeaksjonar og medverke til strandryddedag (skular, grrendalag og grunneigarar)	gjennomført	gjennomført	gjennomføre
		Brukundersøkinga: snittscore på VA	4,8	-	-
	Du får gode tenester ved teknisk etat	Brukundersøkinga: snittscore på byggesak	5,0	-	-
		Tal på omgjorde vedtak frå fylkesmannen ift. totale klagesaker	0 av 3	0 av 5	0
	God og profesjonell forvaltning	Tal på registrerte og lukka avvik i Risk Manager	3/3	-	0
		Tal på etablerte ladestasjonar for el-bilar i sentrum i økonomiplanperioden	0	0	4
	Ulstein er ein miljøbevisst kommune				
ORG.	Ta i bruk ny teknologi i tenestene	Elektronisk ekspedering av byggesaker (etter § 20-3 i Pbl.)	75 %	100 %	100 %
		Utvikle informative kartdata for bruk i forvaltninga basert på analyser og koplinger av eksisterande kart- og tabelldata, t.d. matrikkel og folkeregister	-	5	5
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	3,9 *	-	4,0 eller meir
		Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	3,9 *	-	4,3 eller meir
		Sjukefråvær i %	4,00 %	3,82 %	≤ 2 %
		Tal på gjennomførte medarbeidarsamtalar	-	63 %	100 %

# *Organisasjon og økonomi*

Organisasjon

Driftsresultat

Investeringsrekneskap

Balanse

Fond

Konsernet Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF

Nøkkeltal konsern

Investering, Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF

Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF

Finansforvaltning

Lån



Ved slutten av året var konklusjonen klar: 365 dagar utan éin bilskade på alle turane i heimetenesta! Dei tilsette i tenesta, ved Hege Sandnes og Elisabeth Tandberg, takka vaktmeister Rune Barstad for all hjelp og service. Foto: Svein Arne Orvik

# Organisasjon

## Årsrapport 2017

### Våre tilsette

I alt 685 personar hadde eit tilsetjingstilhøve i Ulstein kommune ved utgangen av 2017. 78 % av desse er kvinner. Leiande stillingar er fordelt på 15 kvinner og 9 menn. Aldersfordelinga er relativt jamn, storparten av dei tilsette er i aldersgruppa 30–59 år.

			2015		2016		2017
STILLINGSSTORLEIK PER TILSETT	KJØNN	TILSETTE	PROSENT	TILSETTE	PROSENT	TILSETTE	PROSENT
0–24,9 %	<b>KVINNER OG MENN</b>	77	13,0	88	13,0	74	10,8
	<b>KVINNER</b>	51	10,7	50	9,5	47	8,6
	<b>MENN</b>	26	22,0	38	25,7	27	19,3
25–49,9 %	<b>KVINNER OG MENN</b>	45	7,6	54	8,0	51	7,4
	<b>KVINNER</b>	35	7,4	42	8,0	41	7,5
	<b>MENN</b>	10	8,5	12	8,1	10	7,1
50–74,9 %	<b>KVINNER OG MENN</b>	120	20,2	114	16,9	113	16,5
	<b>KVINNER</b>	108	22,7	96	18,2	96	17,6
	<b>MENN</b>	12	10,2	18	12,2	17	12,1
75–99,9 %	<b>KVINNER OG MENN</b>	125	21,1	165	24,4	149	21,8
	<b>KVINNER</b>	115	24,2	158	29,9	139	25,5
	<b>MENN</b>	10	8,5	7	4,7	10	7,1
100 %	<b>KVINNER OG MENN</b>	226	38,1	255	37,7	298	43,5
	<b>KVINNER</b>	166	34,9	182	34,5	222	40,7
	<b>MENN</b>	60	50,8	73	49,3	76	54,3

### Diskriminering

Diskrimineringslova sitt formål er å fremje likestilling, sikre like moglegheter og rettar, samt hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn.

Ulstein kommune arbeider for å fremje lova sine formål innan vår verksemd. Aktivitetane omfattar mellom anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremjing og vern mot trakassering. I statistikk utarbeidd av KS, ser vi at Ulstein kommune har hatt ei positiv utvikling på lønnsutviklinga for kvinner samanlikna

med tilsvarende lønnsutvikling for menn med lik utdanning. Sidan 2014 har kvinner si lønn i Ulstein kommune auka frå 88 % av lønna til menn med lik utdanning til 98,6 % i 2017. Dette er ei flott utvikling, men målet er framleis 100 %.


Ulstein kommune har som mål å vere ein arbeidsplass som legg til rette for tilsette med redusert funksjonsevne. Vi har til ei kvar tid minst åtte personar på ulike ordningar for arbeidstrening, språkpraksis eller tilrettelagt arbeid i samarbeid med Nav.




## Heiltid – deltid

For å sikre god kompetanse, kvalitet i tenestene, tryggleik på arbeidsplassen og god rekruttering, er det viktig at vi har mange tilsette i heile stillingar. Dette er noko vi har vore opptekne av over tid, utan å lukkast godt med det. I 2016 og 2017 har vi hatt ei arbeidsgruppe av leiarar og tillitsvalde som har jobba ekstra med dette. Resultatet for 2017 viser også ei svært positiv utvikling. Når KS Møre og Romsdal ville legge ein ekstra innsats i dette

for interesserte kommunar, melde vi oss til eit pilotprosjekt i lag med Ørsta kommune. Dette er ei stor satsing der Ulsteinvik barneskule og Sone 3 i omsorg er våre interne pilotar. Prosjektet starta i 2017 og skal avsluttast i 2020. Målet er å få etablert ein heiltidskultur i heile organisasjonen.



## KVINNERS LØNN I PROSENT AV MENNS LØNN MED LIK UTDANNING – ULSTEIN KOMMUNE



## Lærlingar

I 2017 har vi hatt 16 lærlingar i Ulstein kommune. Vi har jobba aktivt i lag med Opplæringskontoret for Søre Sunnmøre for å rekruttere lærlingar til fagområda våre. Desse er fordelt på institusjonskokk, barne- og ungdomsarbeidar, helsefagarbeidar og logistikkfag. I budsjett og økonomiplan for 2017–2020, er det teke høgde for at vi skal kunne halde fram med å satse på lærlingar i åra som kjem.

Kjelde: KS' PAI-statistikkk

# Organisasjon

## Årsrapport 2017

### Avviksrapportering

Vi nyttar eit elektronisk system for registrering og behandling av avvik. Mange avvik på vald og truslar har ført til større merksemad og fleire tiltak for å sikre tilsette eit trygt og forsvarleg arbeidsmiljø. Tiltaka er gjort både på systemnivå og individnivå. Dei fleste avvika er mindre alvorlege, men ei viktig påminning om å sikre system og rutinar for å unngå alvorlege konsekvensar. Døme på avvik som er alvorlege, er avvik innan vald og truslar og avvik innan tenestekvalitet som gjeld medisinhandtering.

I 2017 ser vi ein markant auke i talet på meldingar om vald og truslar. I helse- og omsorgsetaten har vi fleire alvorlege avvik og også einskilde svært alvorlege avvik. Det vil i klartekst seie at tilsette har vore i situasjonar der det har vore fare for alvorleg skade, liv og helse. Dei aller fleste avvika er mindre alvorlege, men i sum kan også desse føre til redusert arbeidshelse, vanskeleg arbeidsmiljø og krevjande leiaransvar. Trass i omfattande tiltak, er det ikkje alltid slik at vi har greidd å sikre eit trygt og forsvarleg

arbeidsmiljø godt nok for alle tilsette. Vi vurderer dette som ei av dei største utfordringane vi har både med tanke på tilsette og dei brukarane dette gjeld.

Også i skulen ser vi at talet på melde avvik innan truslar og vald nesten har dobla seg frå 2016 til 2017. Tradisjonelt har det ikkje vore like sterkt kultur for å melde avvik i oppvekstsektoren. Auken i registrerte avvik kan difor vere eit teikn på bevisstgjering av melderutinar. I grunnskulen har vi motteke meldingar om arbeidssituasjonar som over tid har ført til sjukmeldingar. Vald og truslar i skulen har fått auka nasjonal merksemad. Arbeidstilsynet melder at det er sterkt underrapportering og at undersøkingar viser at skulen har store utfordringar.

Tabellen under viser oversikt over avvik fordelt på avdeling og avviksområde. Tal frå 2016 i parentes.

OMRÅDE	TENESTE KVALITET	HMS	TRUSLAR OG VALD	INFORMASJONSSIKKERHET	SUM AVVIK
Helse- og omsorgsetaten	223 (186)	48 (26)	304 (155)	6 (5)	581 (372)
Oppvekst- og kulturetaten	7 (6)	8 (4)	45 (25)	3 (1)	63 (36)
Teknisk etat	-	- (2)	-	-	0 (3)
Sentraladministrasjonen	2 (0)	-	-	4(2)	6 (2)
<b>SUM AVVIK</b>	<b>232 (192)</b>	<b>56 (32)</b>	<b>349 (180)</b>	<b>13 (8)</b>	<b>650 (413)</b>





Frivilligcentralen gav Frivilligprisen 2017 til Stig Grimstad. Han er til dagleg lærar ved Ulstein ungdomsskule og hovudtillitsvald i Utdanningsforbundet. Grimstad fekk prisen for innsatsen han gjer med å integrere asylsøkarar og flyktningar. Frivilligcentralen trekte også fram jobben han gjer med musikantane Fjoresteinane, ein del av det daglege arbeidet til Grimstad i kommunen. «Det ligg mykje tid utanom normal arbeidstid for å få eit slikt prosjekt opp å gå», uttalte Frivilligcentralen. Foto: Svein Arne Orvik



## Sjukefråvær

Gjennom IA- avtalen har Ulstein kommune eit mål om å halde sjukefråværet under 7 %, eller eit arbeidsnærvær på minst 93 %. I 2017 var det totale sjukefråværet i Ulstein kommune 7,83 %. Dette er ein auke på 0,84 prosentpoeng frå året før.



# Driftsresultat


## Årsrapport 2017

### Driftsresultat

Rekneskapen for Ulstein kommune viser eit positivt netto driftsresultat på 2,9 millionar kroner, om lag 3 millionar betre enn revidert budsjett. Netto driftsresultat utgjer 0,44 % av driftsinntektene. Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at denne bør vere 1,75 % for norske kommunar. Botnlinja viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på 325 086 kroner.

Den svake utviklinga i skatteinntektene som starta seinhausten 2015, heldt fram også i 2017. Mens resten av Kommune-Noreg hadde ein vekst i brutto skatteinntekter på 4,5 %, hadde Ulstein ein vekst på 1,62 %. For første gong på lang tid fekk vi difor ein brutto skatteinngang under landssnittet (99 %). Tidlegare år har denne vore langt høgare, mellom anna var den 118,7 og 117,4 % i 2014 og 2015. Sjølv om brutto skatteinngang har gått ned fra 257,5 mill. kr i 2015 til 249,4 mill. kr i 2017, har likevel netto skatteinntekt til kommunen gått opp frå 231,9 mill. kr i 2015 til 247,6 mill. kr i 2017. Dette kjem av at vi fekk om lag 23,8 millionar mindre trekk i rammetilskotet via inntektsutjamninga i 2017 enn i 2015. Figuren under illustrerer utviklinga for perioden 2015–2017:

NETTO/BRUTTO SKATTEINNGANG I PERIODEN 2015-2017



Saman med ei nøktern budsjettering på inntektsida, kjem vi difor ut med eit samla positivt avvik på skatt og rammetilskot på om lag 2,6 mill. kr.

For overføringer med krav til mottak (inntekt) er der ei meirinntekt på 29,1 mill. kr. Om lag 14,9 mill. kr av desse er knytte til helse- og omsorgssektoren, mens 11,5 mill. kr relaterer

seg til oppvekstsektoren. Døme på opphav til desse meirinntektene er auka refusjon frå andre kommunar i samband med etableringa av nytt interkommunalt PPT, auka refusjon frå staten i samband med vidareutdanning av lærarar, auka satsing på helsestasjonen og utvikling av dagaktivitetstilbod til demente, auka refusjon frå fylket i samband med «sjostjerna skule» og IT-satsinga i skulen, samt forsikringsutbetaling i mobbesak. Andre statlege overføringer har ei meirinntekt på 16,5 mill. kr, som i all hovudsak kjem av at integreringstilskota frå IMDI vart høgare enn forventa og utbetaling av eit tilskot i samband med ei gamal busettingssak.

Det negative avviket på lønsutgiftene på 21,2 mill. kr. ligg i all hovudsak på oppvekst (11,3 mill. kr.) og helse og omsorg (11,9 mill. kr.). Dette må likevel sjåast i samanheng med dei positive avvika på overføringer med krav til mottaking og andre statlege overføringer over. Det positive avviket på 8,4 mill. kr på sosiale utgifter reflekterer at også årets pensjonsoppgjør vart gunstig for Ulstein kommune, mellom anna på grunn av eit moderat lønnsoppgjør. Amortisering av tidlegare års premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift utgjer 4,8 mill. kr, mot 5,3 mill. kr. i opphavleg budsjett. Det positive avviket ligg i all hovudsak på ansvaret for felleskostnadene og er difor ikkje fordelt ut på einingane, men det er ført med rett Kostra-funksjon slik at det er fordelt på rett teneste.

Dei største negative avvika med omsyn til overføringer/kjøp av varer og tenester, kjem mellom anna av:

- ▶ kjøp frå / overføringer til ikkje-kommunale barnehagar
- ▶ nytt interkommunalt PPT
- ▶ «sjostjerna skule»
- ▶ IT-satsinga i skulen/utbetaling av erstatning i samband med mobbesak
- ▶ ikkje-realisierte innsparingstiltak

Kommunen betaler minsteavdrag. Det betyr at avdrag vert rekna ut frå kommunen sine eidegar, avskrivning og gjeld. Avdrag på lån har auka dei siste åra i takt med lånegjelda, og utgjorde 19,4 mill. kr i 2017. Det låge rentenivået gjorde at ein fekk lågare renteutgifter /lånekostnadar enn budsjettet på om lag 2,2 mill. kr.

Det rekneskapsmessige overskotet (mindreforbruket) i 2016 på 3,2 mill. kr. er sett av til disposisjonsfond. Motsett veg er årets budsjetterte bruk av disposisjonsfond belasta fondet, jamfør tabellen under.

**ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2017, ULSTEIN KOMMUNE**

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2017	Ophavleg budsjett 2017	Regulert budsjett 2017	Avvik 2017	Rekneskap 2016
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>					
Brukarbetalingar	-20 015	-19 488	-19 488	527	-18 662
Andre sals- og leigeinntekter	-52 971	-49 621	-49 621	3 351	-50 954
Overføringer med krav til mottying	-104 901	-48 466	-75 818	29 083	-81 940
Rammetilskot	-201 260	-200 971	-200 971	289	-192 365
Andre statlege overføringer	-42 228	-25 742	-25 742	16 486	-33 798
Andre overføringer	-257	-1 226	-1 226	-969	-1 081
Inntekts- og formuesskatt	-249 381	-247 076	-247 076	2 305	-245 408
Eigedomsskatt verk og bruk	0	0	0	0	0
Eigedomsskatt annan fast eigedom	0	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skattar	-30	-27	-27	3	-30
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-671 044</b>	<b>-592 617</b>	<b>-619 970</b>	<b>51 075</b>	<b>-624 238</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>					
Lønsutgifter	292 871	253 714	271 687	-21 184	270 870
Sosiale utgifter	75 491	82 785	83 918	8 427	71 556
Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tjenesteprod.	65 326	50 774	56 447	-8 879	63 373
Kjøp av tenester som erstattar kommunens tjenesteprod.	103 228	88 519	93 280	-9 949	83 584
Overføringer	117 543	99 988	99 698	-17 845	111 268
Avskrivningar	21 977	5 534	21 977	0	19 731
Fordelte utgifter	-11 526	-9 707	-12 119	-593	-11 290
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>664 910</b>	<b>571 607</b>	<b>614 889</b>	<b>-50 021</b>	<b>609 092</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-6 135</b>	<b>-21 010</b>	<b>-5 081</b>	<b>1 054</b>	<b>-15 145</b>
<b>EKSTERNE FINANSINNTEKTER</b>					
Renteinntekter og utbytte	-3 482	-3 357	-3 357	125	-3 733
Gevinst finansielle instrument	-3 240	-1 500	-1 500	1 740	-449
Mottatte avdrag på lån	-47	-70	-70	-23	-124
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>-6 769</b>	<b>-4 927</b>	<b>-4 927</b>	<b>1 842</b>	<b>-4 306</b>
<b>EKSTERNE FINANSUTGIFTER</b>					
Renteutgifter og lånekostnadar	12 432	11 810	11 850	-582	11 160
Tap finansielle instrument	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	19 400	20 008	20 008	608	17 810
Utlån	120	170	170	50	112
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>31 952</b>	<b>31 988</b>	<b>32 028</b>	<b>76</b>	<b>29 082</b>
<b>Resultat eksterne finantransaksjonar</b>	<b>25 183</b>	<b>27 061</b>	<b>27 101</b>	<b>1 918</b>	<b>24 776</b>
Motpost avskrivningar	-21 977	-5 534	-21 977	0	-19 731
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-2 929</b>	<b>517</b>	<b>42</b>	<b>2 972</b>	<b>-10 100</b>
<b>BRUK AV AVSETNINGAR</b>					
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessege mindreforbruk	-3 222	0	-3 222	0	-8 487
Bruk av disposisjonsfond	-463	-463	-463	0	0
Bruk av bundne fond	-3 358	-779	-749	2 609	-956
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0	0
<b>Sum bruk av avsetningars</b>	<b>-7 044</b>	<b>-1 242</b>	<b>-4 434</b>	<b>2 609</b>	<b>-9 443</b>
<b>AVSETNINGAR</b>					
Overført til investeringsrekneskapen	0	0	0	0	362
Avsett til dekning av tidlegare års r.messige meirforbruk	0	0	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	3 222	0	3 222	0	12 487
Avsett til bundne fond	6 425	726	1 089	-5 336	3 472
Avsett til likviditetstreserven	0	0	0	0	0
<b>Sum avsetningars</b>	<b>9 648</b>	<b>726</b>	<b>4 312</b>	<b>-5 336</b>	<b>16 321</b>
<b>REKNESKAPSMESSIG MEIR-/MINDREFORBRUK</b>	<b>-325</b>	<b>0</b>	<b>-80</b>	<b>245</b>	<b>-3 222</b>

# Samanstilling av hovudtal over tid

## Årsrapport 2017

HOVUDTAL, DRIFTSREKNEKAP	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Skatt	-249 381	-245 408	-257 483	-242 269	-228 041	-197 465	-187 623	-196 857	-193 340	-179 454
Rammetilskot	-201 260	-192 365	-167 041	-161 259	-162 756	-170 365	-152 329	-73 261	-65 653	-51 807
Andre driftsinntekter	-220 403	-186 464	-165 668	-145 820	-159 514	-134 732	-122 660	-162 593	-151 178	-164 872
Kalk. renter og avskrivning	-21 977	-19 731	-18 284	-15 792	-11 670	-9 147	-7 800	-8 344	-9 352	-8 700
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-693 022</b>	<b>-643 969</b>	<b>-608 476</b>	<b>-565 140</b>	<b>-550 311</b>	<b>-511 710</b>	<b>-470 413</b>	<b>-441 055</b>	<b>-410 171</b>	<b>-404 833</b>
Driftsutgifter	664 910	609 092	572 722	540 742	518 840	488 390	465 013	439 048	412 213	379 625
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>664 910</b>	<b>609 092</b>	<b>572 722</b>	<b>540 742</b>	<b>518 840</b>	<b>488 390</b>	<b>465 013</b>	<b>439 048</b>	<b>412 213</b>	<b>379 625</b>
<b>Brutto driftsresultat utan avskrivning</b>	<b>-28 112</b>	<b>-34 876</b>	<b>-35 754</b>	<b>-24 398</b>	<b>-43 141</b>	<b>-23 319</b>	<b>-5 400</b>	<b>439</b>	<b>2 042</b>	<b>-25 208</b>
Netto renteutgifter	5 710	6 978	4 796	5 957	3 448	3 508	3 847	1 266	666	2 541
Netto avdrag	19 473	17 798	15 119	12 272	8 233	8 699	6 703	7 465	6 948	5 910
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-2 929</b>	<b>-10 100</b>	<b>-15 839</b>	<b>-6 169</b>	<b>-31 460</b>	<b>-11 112</b>	<b>5 149</b>	<b>9</b>	<b>304</b>	<b>-16 756</b>
Finansiering av utg. i kapitalrekneskapet		362	265	2 517	13 039	7 212	1 581	976	4 416	2 659
Avsetningar	9 648	15 959	9 416	19 655	14 704	6 428	1 839	1 973	15 359	27 036
Bruk av avsetningar	-7 044	-9 443	-2 328	-16 002	-10 872	-10 747	-4 897	-9 482	-20 079	-16 724
<b>REKNESKAPSMESSIG MEIR- (+)/MINDREFOR- BRUK (-)</b>	<b>-325</b>	<b>-3 222</b>	<b>-8 486</b>	<b>0</b>	<b>-14 589</b>	<b>-8 219</b>	<b>3 672</b>	<b>-7</b>	<b>0</b>	<b>-3 785</b>



# Investeringsrekneskap

## Årsrapport 2017

### Investeringsrekneskapen

Ulstein kommune har i 2017 gjennomført investeringsprosjekt for 38,4 mill. kr. Dei største investeringsprosjekta i 2017 var:

- ▶ vatn og avløp, 19,9 mill. kr
- ▶ Legehaugane 4,5 mill. kr
- ▶ nytt kyrkjebygg 1,8 mill. kr
- ▶ Geileneset kai/uteområde 1,7 mill. kr
- ▶ fjernvarme 1,67 mill. kr

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2017	Opphavleg budsjett 2017	Regulert budsjett 2017	Avvik 2017	Rekneskap 2016
<strong>INNTEKTER</strong>					
Sal driftsmidler og fast eigedom	-185	0	0	185	-13 470
Andre salsinntekter	0	0	0	0	-90
Overføringer med krav til mottaking	-2 742	-7 419	-9 949	-7 207	-21 534
Statlige overføringer	-666	-2 000	-2 600	-1 934	-809
Andre overføringer	-2 000	0	-2 060	-60	-622
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	0	0	0	0	0
<strong>Sum inntekter</strong>	<strong>-5 593</strong>	<strong>-9 419</strong>	<strong>-14 609</strong>	<strong>-9 016</strong>	<strong>-36 525</strong>
<strong>UTGIFTER</strong>					
Lønnsutgifter	0	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0	0
Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tjenesteprod.	35 632	46 904	85 397	49 766	49 786
Kjøp av tenester som erstatter kommunens tjenesteprod.	0	0	0	0	0
Overføringer	2 817	7 419	9 889	7 072	2 388
Renteutgifter og omkostninger	-11	0	0	11	20
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0
<strong>Sum utgifter</strong>	<strong>38 438</strong>	<strong>54 323</strong>	<strong>95 286</strong>	<strong>56 848</strong>	<strong>52 194</strong>
<strong>FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR</strong>					
Avdrag på lån	4 713	0	0	-4 713	4 259
Utlån	15 273	12 000	26 559	11 286	17 269
Kjøp av aksjer og andeler	1 310	0	0	-1 310	1 253
Dekning av tidlegare års udekka meirforbruk	0	0	0	0	0
Avsett til ubundne investeringsfond	752	0	0	-752	10 458
Avsett til bundne fond	2 510	0	0	-2 510	3 045
Avsett til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
<strong>Sum finansieringstransaksjonar</strong>	<strong>24 557</strong>	<strong>12 000</strong>	<strong>26 559</strong>	<strong>2 002</strong>	<strong>36 284</strong>
<strong>FINANSIERINGSBEHOV</strong>	<strong>57 402</strong>	<strong>56 904</strong>	<strong>107 236</strong>	<strong>49 834</strong>	<strong>51 953</strong>
<strong>FINANSIERING</strong>					
Bruk av lån	-42 019	-34 904	-80 257	-38 238	-35 995
Sal av aksjer og andeler	0	0	0	0	-311
Bruk av tidlegare års udisponerte mindreforbruk	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån	-4 469	0	0	4 469	-4 458
Overført frå driftsrekneskapen	0	0	0	0	-362
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-7 884	-22 000	-26 899	-19 016	-8 314
Bruk av bundne fond	-3 030	0	0	3 030	-2 513
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0	0
<strong>SUM FINANSIERING</strong>	<strong>-57 402</strong>	<strong>-56 904</strong>	<strong>-107 156</strong>	<strong>-49 754</strong>	<strong>-51 953</strong>
<strong>UDEKT / UDISPONERT</strong>	<strong>0</strong>	<strong>0</strong>	<strong>80</strong>	<strong>80</strong>	<strong>0</strong>

# Balanse

## Årsrapport 2017

BALANSEREKNESKAP ULSTEIN KOMMUNE						
	2017	2016	2015	2014	2013	2012
<b>EIGEDELAR</b>						
<b>(A) ANLEGGSMIDLAR</b>						
Faste eigedomar og anlegg	498 744 399	487 922 922	464 292 764	436 950 415	382 409 824	298 309 151
Utstyr, maskinar og transportmidlar	27 083 529	23 321 723	29 023 856	20 027 893	19 764 136	20 479 132
Utlån	74 125 840	63 308 941	50 545 652	45 138 166	34 658 888	28 365 990
Aksjar og andelar	78 185 249	76 875 417	75 933 255	57 637 487	52 695 086	50 485 447
Pensjonsmidlar	558 346 839	513 690 637	509 240 580	477 861 272	437 474 470	401 670 782
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>1 236 485 856</b>	<b>1 165 119 640</b>	<b>1 129 036 107</b>	<b>1 037 615 233</b>	<b>927 002 403</b>	<b>799 310 501</b>
Kortsiktige fordringar	61 209 322	55 809 152	53 525 855	52 294 626	45 234 853	43 486 027
Premieavvik	27 782 377	27 503 163	28 728 783	37 494 532	28 744 151	27 890 287
Aksjar og andelar	6 387 285	7 936 298	10 744 721	9 856 590	8 924 529	8 825 251
Sertifikat						
Obligasjoner	5 065 472	5 007 623				
Kasse, bankinnskot	128 850 832	136 186 891	90 494 088	63 105 460	99 249 987	22 955 356
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>229 295 288</b>	<b>232 443 128</b>	<b>183 493 446</b>	<b>162 751 208</b>	<b>182 153 520</b>	<b>103 156 921</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>	<b>1 465 781 144</b>	<b>1 397 562 768</b>	<b>1 312 529 553</b>	<b>1 200 366 441</b>	<b>1 109 155 923</b>	<b>902 467 422</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>						
<b>(C) EGENKAPITAL</b>						
Disposisjonsfond	-35 755 002	-32 996 070	-20 508 954	-25 771 524	-12 882 317	-4 639 121
Bundne driftsfond	-12 062 288	-8 994 971	-6 478 843	-6 128 819	-5 077 358	-5 218 886
Ubundne investeringsfond	-46 623 352	-53 755 259	-51 610 440	-19 310 440	-18 777 848	-500 000
Bundne investeringsfond	-2 585 600	-3 106 181	-2 574 076	-1 961 145	-3 821 652	-448 466
Endring i regnskapsprinsipp investering						
Endring i regnskapsprinsipp drift	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-325 086	-3 222 202	-8 487 116		-14 588 467	-8 219 652
Rekneskapsmessig meirforbruk						
Udisponert i investeringsregnskapet						
Udekkja investering						
Likviditetsreserve						
Kapitalkonto	-29 857 273	-14 587 496	-11 105 823	230 488	13 837 569	-7 614 075
<b>SUM EIGENKAPITAL</b>	<b>-122 914 194</b>	<b>-112 367 772</b>	<b>-96 470 846</b>	<b>-48 647 034</b>	<b>-37 015 666</b>	<b>-22 345 794</b>
<b>(D) GJELD</b>						
Pensjonsforpliktsar mv.	-690 747 719	-652 557 037	-633 691 858	-619 807 196	-587 221 404	-534 312 777
Ihendehavarobligasjonslån						
Sertifikatlån	-343 725 559	-340 251 381	-287 601 381	-168 410 412	-101 800 000	-30 000 000
Andre lån	-209 655 329	-208 278 543	-213 223 687	-254 234 118	-293 750 781	-236 628 194
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>-1 244 128 607</b>	<b>-1 201 086 961</b>	<b>-1 134 516 926</b>	<b>-1 042 451 726</b>	<b>-982 772 185</b>	<b>-800 940 971</b>
Kortsiktig gjeld						
Kassekredittlån						
Anna kortsiktig gjeld	-97 371 085	-83 128 909	-79 531 792	-105 170 596	-85 363 263	-76 020 589
Premieavvik	-1 367 258	-979 126	-2 009 989	-4 097 086	-4 004 810	-3 160 069
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>-98 738 343</b>	<b>-84 108 035</b>	<b>-81 541 781</b>	<b>-109 267 682</b>	<b>-89 368 073</b>	<b>-79 180 658</b>
<b>SUM GJELD</b>	<b>-1 342 866 950</b>	<b>-1 285 194 996</b>	<b>-1 216 058 707</b>	<b>-1 151 719 408</b>	<b>-1 072 140 258</b>	<b>-880 121 628</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>-1 465 781 144</b>	<b>-1 397 562 768</b>	<b>-1 312 529 553</b>	<b>-1 200 366 441</b>	<b>-1 109 155 923</b>	<b>-902 467 422</b>
<b>BALANSEN SIN NETTOSUM</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>(E) MEMORIAKONTI</b>						
Unytta lånemidlar	37 498 975	50 553 768	16 585 593	4 604 955	41 931 164	9 243 496
Andre memoriakonti	2 474 308	1 611 080	1 582 604	16 294 766	16 988 809	31 478 034
Motkonto for memoriakontiene	-39 973 283	-52 164 848	-18 168 197	-20 899 722	-58 919 973	-40 721 530
<b>SUM MEMORIAKONTI</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

# Fond

## Årsrapport 2017

### Fond

Ved inngangen til 2017 hadde Ulstein kommune om lag 42 mill. kr i fond som kan nyttast til driftstiltak og 56,8 mill. kr. i fond som kan nyttast til investeringstiltak. Pr. 31.12.17 er dette auka til 47,8 mill. kr i driftsfond, mens investeringsfonda er reduserte til 49,2 mill. kr.

Fond knytte til avløp har frå og med 2011 hatt ein negativ saldo, jamfør tabellen under. Negativ saldo på sjølvkostfond skal etter

regelen dekkjast inn gjennom auka gebyr i løpet av 3–5 år. Dette inneber at underskotet på 1 595 066 kr i 2013 må dekkast inn seinast i løpet av 2018, og med overskotet på vel 800 000 i 2017 er ein på god veg til dette. Innanfor vatn har det dei siste åra vore positive saldoar på fondet, og her har ein no vel 2,8 mill. kr ståande på fond. Status pr. 31.12.17 er som følgjer:

	31.12.2017	31.12.2016	31.12.2015	31.12.2014	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2011
Vatn	2 780 228	2 652 199	2 258 043	710 739	958 978	-174 396	117 158
Avløp	-1 418 936	-2 260 493	-2 257 596	-3 280 806	-2 591 549	-996 483	-287 428


### Pensjonsmidlar

Framtidige pensjonsforpliktingar er på 690,7 mill. kr, om lag 38,2 mill. kr meir enn i 2016. Forpliktingane vil mellom anna vere påverka av grunnlagsrenta, lønnsoppgjer og faktisk avkastning til pensjonsleverandør. Grunnlagsrenta vert fastsett ut i frå vurderingar av den sannsynlege, framtidige renteavkastninga av selskapet sine fond. Ei redusert grunnlagsrente inneber ein auke i pensjonspremiane.

Netto premieavvik utgjer ved utgangen av 2017 vel 26,4 mill. kr, omtrent uendra frå året før. Eit positivt premieavvik inneber at

avviket er innbetalt til pensjonsleverandørane, men ikkje belasta rekneskapen ut frå gjeldande reglar. Reglane for utgiftsføring av premieavviket er endra fleire gonger, og skal no utgiftsførast over 15, 10 eller 7 år – avhengig av kva år avviket oppstod. I grafen under ser ein korleis amortisert pensjonskostnad ekskl. arbeidsgjevaravgift har utvikla seg frå og med 2003, og med ein prognose for amortiseringskostnaden til og med 2025 så sant premieavviket vert null i åra som kjem:

AAMORTISERT PENSJONSKOSTNAD ULSTEIN KOMMUNE 2003-2025



# Konserten Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF

## Årsrapport 2017

### Konserten Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF

I vurdering av kommunen si økonomiske stilling må vi ta omsyn til at eigedomsaktivitetane er organiserte i eit eige kommunalt føretak. Skal vi kunne samanlikne oss med andre kommunar, må vi sjå kommunen og føretaket under eitt. Når det gjeld rapportering til Kostra, rapporterer vi Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF som ei eining. Kostra-tala vil difor ikkje vere påverka av organisasjonsstrukturen. I tabellane under kan ein sjå konserntala for drifts- og investeringsrekneskapen, samt utvalde nøkkeltal og balansen pr. 31.12.17. Ulstein eigedomsselskap legg fram eigen årsrapport til kommunestyret.

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2017, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2017	Opphavleg budsjett 2017	Regulert budsjett 2017	Avvik 2017	Rekneskap 2016
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>					
Brukarbetingar	-20 015	-19 488	-19 488	527	-18 662
Andre sals- og leigeinntekter	-66 653	-63 402	-63 402	3 251	-62 131
Overføringer med krav til mottying	-167 526	-105 992	-137 762	29 763	-143 763
Rammetilskot	-201 260	-200 971	-200 971	289	-192 365
Andre statlege overføringer	-42 228	-25 742	-25 742	16 486	-33 798
Andre overføringer	-257	-1 226	-1 226	-969	-1 081
Inntekts- og formuesskatt	-249 381	-247 076	-247 076	2 305	-245 408
Eigedomsskatt verk og bruk	0	0	0	0	0
Eigedomsskatt annan fast eigedom	0	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skattar	-30	-27	-27	3	-30
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-747 351</b>	<b>-663 924</b>	<b>-695 695</b>	<b>51 656</b>	<b>-697 237</b>
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>					
Lønsutgifter	307 185	266 917	284 890	-22 294	284 333
Sosiale utgifter	79 511	87 349	88 483	8 972	75 404
Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tjenesteprod.	83 102	63 090	73 181	-9 921	80 349
Kjøp av tenester som erstattar kommunens tjenesteprod.	103 407	88 931	93 691	-9 715	84 088
Overføringer	120 752	101 691	101 401	-19 351	113 949
Avskrivningar	44 781	5 534	44 781	0	42 216
Fordelte utgifter	-12 358	-10 718	-13 130	-772	-11 813
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>726 379</b>	<b>602 794</b>	<b>673 298</b>	<b>-53 081</b>	<b>668 526</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-20 972</b>	<b>-61 130</b>	<b>-22 397</b>	<b>-1 425</b>	<b>-28 711</b>
<b>EKSTERNE FINANSINNTEKTER</b>					
Renteinntekter og utbytte	-3 985	-4 357	-4 357	-372	-5 372
Gevinst finansielle instrument	-3 240	-1 500	-1 500	1 740	-449
Mottatte avdrag på lån	-47	-70	-70	-23	-124
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>-7 272</b>	<b>-5 927</b>	<b>-5 927</b>	<b>1 345</b>	<b>-5 945</b>
<b>EKSTERNE FINANSUTGIFTER</b>					
Renteutgifter og lånekostnadar	30 056	32 270	32 310	2 254	29 679
Tap finansielle instrument	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	37 102	39 508	39 508	2 406	35 591
Utlån	120	170	170	50	112
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>67 278</b>	<b>71 948</b>	<b>71 988</b>	<b>4 710</b>	<b>65 383</b>
<b>Resultat eksterne finantransaksjonar</b>	<b>60 006</b>	<b>66 021</b>	<b>66 061</b>	<b>6 055</b>	<b>59 438</b>
Motpost avskrivningar	-44 781	-5 534	-44 781	0	-42 216
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-5 748</b>	<b>-643</b>	<b>-1 118</b>	<b>4 630</b>	<b>-11 489</b>
<b>BRUK AV AVSETNINGAR</b>					
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessege mindreforbruk	-3 222	0	-3 222	0	-8 487
Bruk av disposisjonsfond	-463	-463	-463	0	0
Bruk av bundne fond	-3 358	-779	-749	2 609	-956
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0	0
<b>Sum bruk av avsetningars</b>	<b>-7 044</b>	<b>-1 242</b>	<b>-4 434</b>	<b>2 609</b>	<b>-9 443</b>
<b>AVSETNINGAR</b>					
Overført til investeringsrekneskapen	0	0	0	0	362
Avsett til dekning av tidlegare års r.messige meirforbruk	0	0	0	0	0
Avsett til disposisjonsfond	4 382	1 160	4 382	0	13 876
Avsett til bundne fond	6 425	726	1 089	-5 336	3 472
Avsett til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
<b>Sum avsetningars</b>	<b>10 808</b>	<b>1 886</b>	<b>5 472</b>	<b>-5 336</b>	<b>17 710</b>
<b>REKNESKAPSMESSIG MEIR-/MINDREFORBRUK</b>	<b>-1 984</b>	<b>0</b>	<b>-80</b>	<b>1 904</b>	<b>-3 222</b>

# Nøkkeltal konsern

## Årsrapport 2017



NØKKELTAL KONSERN		
TAL I HEILE 1000	2017	2016
Skatt	-249 381	-245 408
Driftsutgifter	726 379	668 526
Driftsinntekter utan skatt og rammetilskot	-296 709	-259 464
Brutto driftsresultat	-20 972	-28 711
Netto driftsresultat	-5 748	-11 489
Renter og avdrag	67 278	65 383
Investeringar	223 033	191 975
Lån	-1 497 861	-1 460 403
Bruk av lån	177 589	139 864
Kasse, postgiro, bank	144 557	228 348
Kortsiktig gjeld	-117 342	-99 922
Langsiktig gjeld	-2 188 609	-2 112 960
Innbyggjarar	8 555	8 457
Eigenkapital	-404 858	-342 795
Anleggsmidlar	2 455 591	2 222 967
NØKKELTAL KONSERN		
TAL I HEILE 1000	2017	2016
Skattedekningsgrad	34,33 %	36,71 %
Etatsinntektene si dekningsgrad	40,85 %	38,81 %
Brutto resultatgrad	2,81 %	4,12 %
Netto resultatgrad, Ulstein	0,77 %	1,65 %
Rente og avdragsbelastning	320,80 %	227,73 %
Lånefinansieringsgrad	79,62 %	72,86 %
Likviditetsgrad 1	2,17	3,33
Gjeldsgrad	5,70	6,46
Langsiktig gjeldsandel	80,7 %	82,7 %
<b>Lånegjeld pr. innbyggjar</b>	<b>kr 175</b>	<b>kr 173</b>

- ▶ **Skatedekningsgrad** viser kor mykje av driftsutgiftene som vert finansiert av skatteinntekter.
- ▶ **Etatsinntektene si dekningsgrad** viser kor mykje av driftsutgiftene som vert finansiert av brukarinntekter, salsinntekter og refusjonar.
- ▶ **Brutto resultatgrad** viser kor myke brutto resultat utgjer av korrigerte driftsutgifter (regulert med brutto/netto resultat).
- ▶ **Netto resultatgrad** viser kor myke netto resultat utgjer av korrigerte driftsutgifter (regulert med brutto/netto resultat).
- ▶ **Rente og avdragsbelastning** viser kor mykje renter og avdrag utgjer av brutto resultat.
- ▶ **Lånefinansieringsgrad** viser kor mykje som er tatt opp i lån til å finansiere det som er investert i året.
- ▶ **Likviditetsgrad 1** er forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld og viser kommunen sin evne til å dekke betalingsforpliktingar framover. Likviditetsgrad 1 bør vere større enn 2.
- ▶ **Gjeldsgrad** er forholdet mellom eigenkapital og gjeld (kortsiktig og langsiktig) og er eit utrykk for kva grad kommunen er rusta til å tåle av tap før det går utover forpliktingar til lånegivar. Gjeldsgrad på 1 betyr at kommunen har like mykje gjeld som eigenkapital. Til mindre gjeldsgrad, til meir solid er kommunen.
- ▶ **Langsiktig gjeldsandel** viser kor stor del av eigedelane som er finansiert av langsiktig gjeld.

# Investering, Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF

## Årsrapport 2017

ØKONOMISK OVERSIKT - INVESTERING, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP UEKF					
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2017	Opphavleg budsjett 2017	Regulert budsjett 2017	Avvik 2017	Rekneskap 2016
<strong>INNTEKTER</strong>					
Sal driftsmidler og fast eigedom	-185	0	0	185	-17 716
Andre salsinntekter	0	0	0	0	-90
Overføringer med krav til mottaking	-40 410	-9 339	-46 414	-6 004	-52 188
Statlige overføringer	-12 686	-5 456	-32 012	-19 326	-6 019
Andre overføringer	-5 000	0	-15 060	-10 060	-622
Renteinntekter, utbytte og eigaruttag	0	0	0	0	0
<strong>Sum inntekter</strong>	<strong>-58 281</strong>	<strong>-14 795</strong>	<strong>-93 486</strong>	<strong>-35 205</strong>	<strong>-76 635</strong>
<strong>UTGIFTER</strong>					
Lønnsutgifter	0	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0	0
Kjøp av varer og ten. som inngår i komm. tjenesteprod.	184 956	54 584	264 799	79 843	163 108
Kjøp av tenester som erstatter kommunens tjenesteprod.	0	0	0	0	30
Overføringer	36 416	9 339	43 985	7 569	27 579
Renteutgifter og omkostninger	1 661	0	0	-1 661	1 257
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0
<strong>Sum utgifter</strong>	<strong>223 033</strong>	<strong>63 923</strong>	<strong>308 784</strong>	<strong>85 751</strong>	<strong>191 975</strong>
<strong>FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR</strong>					
Avdrag på lån	4 713	0	0	-4 713	4 259
Utlån	15 273	12 000	26 559	11 286	17 269
Kjøp av aksjer og andeler	1 379	0	0	-1 379	1 316
Dekning av tidligare års udekka meirforbruk	0	0	0	0	0
Avsett til ubundne investeringsfond	752	0	0	-752	10 458
Avsett til bundne fond	6 102	0	0	-6 102	7 179
Avsett til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
<strong>Sum finansieringstransaksjonar</strong>	<strong>28 220</strong>	<strong>12 000</strong>	<strong>26 559</strong>	<strong>-1 661</strong>	<strong>40 481</strong>
<strong>FINANSIERINGSBEHOV</strong>	<strong>192 971</strong>	<strong>61 128</strong>	<strong>241 857</strong>	<strong>48 885</strong>	<strong>155 822</strong>
<strong>FINANSIERING</strong>					
Bruk av lån	-177 589	-39 128	-214 878	-37 289	-139 864
Sal av aksjer og andeler	0	0	0	0	-311
Bruk av tidligare års udisponerte mindreforbruk	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån	-4 469	0	0	4 469	-4 458
Overført frå driftsrekneskapen	0	0	0	0	-362
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-7 884	-22 000	-26 899	-19 016	-8 314
Bruk av bundne fond	-3 030	0	0	3 030	-2 513
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0	0
<strong>SUM FINANSIERING</strong>	<strong>-192 971</strong>	<strong>-61 128</strong>	<strong>-241 777</strong>	<strong>-48 805</strong>	<strong>-155 822</strong>
<strong>UDEKT / UDISPONERT</strong>	<strong>0</strong>	<strong>0</strong>	<strong>80</strong>	<strong>80</strong>	<strong>0</strong>

Når vi tek med investeringane i eigedomsselskapet, som utgjer vel 184,6 mill. kr, har vi i 2017 223 mill. kr i investeringar. Dei største investeringane i eigedomsselskapet i 2017 er:

- ▶ Ulstein Arena: 145,9 mill. kr
- ▶ Ulstein sanse- og aktivitetssenter: 22,7 mill. kr
- ▶ kjøp og sal av eigedomar 7,9 mill. kr
- ▶ ombygging Hovstøylvegen 25 a og b: 5,0 mill. kr

# Balanserekneskap, Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF

## Årsrapport 2017

BALANSEREKNESKAP, ULSTEIN KOMMUNE OG ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP KF						
	2017	2016	2015	2014	2013	2012
<strong>EIENDELER</strong>						
<strong>(A) ANLEGGSMIDLER</strong>						
Faste eigedomar og anlegg	1 716 431 435	1 544 288 069	1 408 461 222	1 270 926 777	980 972 891	806 440 029
Utstyr, maskinar og transportmidlar	28 020 510	24 392 345	30 066 818	20 807 244	20 067 678	20 740 002
Utlån	74 125 840	63 308 941	50 545 652	45 138 166	34 658 888	28 365 990
Aksjar og andelar	78 666 494	77 287 168	76 281 677	57 938 224	52 695 086	50 485 447
Pensjonsmidlar	558 346 839	513 690 637	509 240 580	477 861 272	437 474 470	401 670 782
<strong>Sum anleggsmidler</strong>	<strong>2 455 591 118</strong>	<strong>2 222 967 160</strong>	<strong>2 074 595 949</strong>	<strong>1 872 671 683</strong>	<strong>1 525 869 013</strong>	<strong>1 307 702 249</strong>
Kortsiktige fordringar	71 425 296	63 914 816	63 227 842	58 829 940	53 328 618	48 510 637
Premieavvik	27 782 377	27 503 163	28 728 783	37 494 532	28 744 151	27 890 287
Aksjar og andelar	6 387 285	7 936 298	10 744 721	9 856 590	9 184 202	9 049 215
Sertifikat						
Obligasjoner	5 065 472	5 007 623				
Kasse, bankinnskot	144 557 004	228 348 103	263 936 654	265 661 716	261 127 359	135 578 763
<strong>Sum omløpsmidler</strong>	<strong>255 217 434</strong>	<strong>332 710 003</strong>	<strong>366 637 999</strong>	<strong>371 842 778</strong>	<strong>352 384 330</strong>	<strong>221 028 902</strong>
<strong>SUM EIGEDELAR</strong>	<strong>2 710 808 553</strong>	<strong>2 555 677 163</strong>	<strong>2 441 233 949</strong>	<strong>2 244 514 461</strong>	<strong>1 878 253 343</strong>	<strong>1 528 731 151</strong>
<strong>EIGENKAPITAL OG GJELD</strong>						
<strong>(C) EGENKAPITAL</strong>						
Disposisjonsfond	-39 302 936	-35 384 004	-21 508 049	-26 708 956	-12 882 317	-4 892 013
Bundne driftsfond	-12 062 288	-8 994 971	-6 478 843	-6 128 819	-5 077 358	-5 218 886
Ubundne investeringsfond	-47 470 146	-54 602 053	-52 457 235	-20 157 235	-23 757 585	-5 865 094
Bundne investeringsfond	-10 312 228	-7 239 995	-2 574 076	-3 005 348	-3 821 652	-448 466
Endring i regnskapsprinsipp investering	-					
Endring i regnskapsprinsipp drift	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407	4 294 407
Rekneskapsmessig mindreforbruk	-1 983 647	-3 222 202	-8 487 116	-1 401 494	-15 525 899	-8 219 652
Rekneskapsmessig meirforbruk						182 167
Udisponert i investeringsregnskapet						
Udekkja investering						
Likviditetsreserve						
Kapitalkonto	-298 020 874	-237 645 894	-211 464 055	-117 310 425	-63 877 261	-72 489 524
<strong>SUM EIGENKAPITAL</strong>	<strong>-404 857 712</strong>	<strong>-342 794 712</strong>	<strong>-298 674 968</strong>	<strong>-170 417 871</strong>	<strong>-120 647 665</strong>	<strong>-92 657 062</strong>
<strong>(D) GJELD</strong>						
Pensjonsforpliktelsars mv.	-690 747 719	-652 557 037	-633 691 858	-619 807 196	-587 221 404	-534 312 777
Ihendehavarobligasjonslån	-305 024 000					
Sertifikatlån	-840 418 777	-1 245 971 599	-1 064 621 599	-946 939 400	-378 852 400	-30 000 000
Andre lån	-352 418 395	-214 431 651	-353 207 973	-396 185 476	-694 027 465	-782 729 148
<strong>Sum langsigkt gjeld</strong>	<strong>-2 188 608 891</strong>	<strong>-2 112 960 287</strong>	<strong>-2 051 521 430</strong>	<strong>-1 962 932 072</strong>	<strong>-1 660 101 269</strong>	<strong>-1 347 041 925</strong>
<em>Kortsiktig gjeld</em>						
Kassekredittlån						
Anna kortsiktig gjeld	-115 974 691	-98 943 039	-89 027 562	-107 067 432	-93 499 598	-85 872 096
Premieavvik	-1 367 258	-979 126	-2 009 989	-4 097 086	-4 004 810	-3 160 069
<strong>Sum kortsiktig gjeld</strong>	<strong>-117 341 949</strong>	<strong>-99 922 165</strong>	<strong>-91 037 551</strong>	<strong>-111 164 518</strong>	<strong>-97 504 408</strong>	<strong>-89 032 165</strong>
<strong>SUM GJELD</strong>	<strong>-2 305 950 840</strong>	<strong>-2 212 882 452</strong>	<strong>-2 142 558 981</strong>	<strong>-2 074 096 590</strong>	<strong>-1 757 605 677</strong>	<strong>-1 436 074 089</strong>
<strong>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</strong>	<strong>-2 710 808 552</strong>	<strong>-2 555 677 163</strong>	<strong>-2 441 233 949</strong>	<strong>-2 244 514 462</strong>	<strong>-1 878 253 343</strong>	<strong>-1 528 731 151</strong>
<strong>BALANSEN SIN NETTOSUM</strong>	<strong>0</strong>	<strong>0</strong>	<strong>0</strong>	<strong>0</strong>	<strong>0</strong>	<strong>0</strong>
<strong>(E) MEMORIAKONTI</strong>						
Unytta lånemidlar	44 646 479	141 246 852	201 997 367	221 178 645	211 457 676	9 243 496
Andre memoriakonti	2 474 308	1 611 080	1 582 604	16 294 766	16 988 809	31 478 034
Motkonto for memoriakontiene	-47 120 787	-142 857 932	-203 579 971	-237 473 412	-228 446 485	-40 721 530
<strong>SUM MEMORIAKONTI</strong>	<strong>0</strong>	<strong>0</strong>	<strong>0</strong>	<strong>0</strong>	<strong>0</strong>	<strong>0</strong>

# Finansforvaltning



## Årsrapport 2017

### Finansforvaltning


Ulstein kommune har i 2017 rapportert aktiva- og passivasida til kommunestyret, kvart tertial, samla for både kommunen og eigedomsselskapet. Samla rapport for 2017 vert lagt fram som ein del av årsrapporten. I 2017 har Ulstein kommune nytt Bergen

Capital Management som rådgjevar for låneporleføljen og Sydvestor AS som forvaltarar av langsiktige midlar på aktivasida.Pr. 31.12 var fordelinga mellom dei finansielle passiva og aktiva slik for Ulstein kommune og Ulstein eigedomsselskap KF i 2016 og 2017:

#### UTVIKLING AV LIKVIDE MIDLAR HAR VORE SLIK I 2016 OG 2017



## FINANSIELLE AKTIVA/PASSIVA 31.12.2016 OG 31.12.2017



Likviditetssituasjonen er for tida tilfredsstillande, men nedgangen i unytta lånemidlar på 96,6 mill. kr i 2017 gjer at likviditeten vert svekka tilsvarende. Spesielt er dette knytt til ferdigstillinga av Ulstein Arena og egedomsføretaket. Kommunen har elles avgrensa likviditet knytt til fond fordi driftsfondet må sjåast i samanheng med premieavviket når vi vurderer likviditet. Kommunen har også ein reserve ved at det er avtalt ein kassakreditt gjennom

bankavtalens, men dette er relativt dyr finansiering. Alternativet kan være ordinære låneopptak for å styrke likviditeten eller å bygge opp fond.

Porteføljen på midlar til aktiv forvaltning har i løpet av 2017 auka med 809 000 kr (når forvaltningshonoraret til Sydvestor er trekt frå) til 43,1 mill. kr:

FORVALTNING SYDVESTOR	PORTEFØLJE 01.01.2017		AVKASTNING 2017				PORTEFØLJE 31.12.2017	
	KR	PROSENT	KR	PROSENT	BENCH-MARK	AVVIK MOT BENCHMARK	KR	PROSENT
Aksjeforvaltning	7 933 149	18,8 %	504 000	6,05 %	19,09 %	-13,04 %	6 386 331	14,8 %
Sydvestor Likviditet	6 354 759	15,0 %	57 000	0,90 %	0,45 %	0,45 %	8 261 015	19,2 %
Bankinnskot/rentefond	27 995 344	66,2 %	450 000	1,60 %	0,00 %	1,60 %	28 445 414	66,0 %
<b>Samla portefølje</b>	<b>42 283 252</b>		<b>1 011 000</b>				<b>43 092 760</b>	

# Lån

## Årsrapport 2017

### PORTEFØLJEN OG MARKNADSRENTER PR. 31.12.2017

VEKTA GJENNOMSNITTSRENTE UK/UEKF	P.T KOMMUNAL- BANKEN	NORGES BANK (STYRING- SRENTE)	3 MND NIBOR	6 MND NIBOR	3 ÅRS SWAP	5 ÅRS SWAP
1,62 % / 2,06 %	1,50 %	0,50 %	1,00 %	1,06 %	1,61 %	1,97 %

Vi ser at den vekta gjennomsnittsrenta er høyere enn dei korte rentene i marknaden. Årsaken til dette er dei rentebindingane som er gjennomførte. Rentebindingane som er gjorde er i samsvar med kommunen sitt finansreglement og vedtak gjort i samband med budsjettarbeidet for Ulstein kommune og UEKF.

Det å samanlikne vekta gjennomsnittsrente mot korte renter gir ikke eit rett bilde av resultatet av kommunen sin rentestrategi. Det vert meir rett å samanlikne rentebindingstida (vekta løpetid) porteføljen har opp mot marknadsnivået på tilsvarende løpetider. Rentebindingstida for dei to låneporteføljane pr.31.12.2017 er:

### ULSTEIN KOMMUNE

INTERVALL	PÅLYDENDE I NOK	RENTEBINDINGSTID	ANDEL	AKKUMULERT ANDEL
Under 1 år	324 476 634	0,37	58,51 %	58,51 %
1 til 2 år	1 676 949	1,55	0,30 %	58,81 %
2 til 3 år	0	0	0,00 %	58,81 %
3 til 5 år	81 700 000	4,08	14,73 %	73,54 %
> 5 år	146 727 000	7,22	26,46 %	100,00 %
<b>SUM</b>	<b>554 580 583</b>	<b>2,85</b>	<b>100,00 %</b>	<b>100,00 %</b>

### ULSTEIN EIGEDOMSSELSKAP

INTERVALL	PÅLYDENDE I NOK	RENTEBINDINGSTID	ANDEL	AKKUMULERT ANDEL
Under 1 år	351 310 884	0,07	37,34 %	37,34 %
1 til 2 år	0	0	0,00 %	37,34 %
2 til 3 år	0	0	0,00 %	37,34 %
3 til 5 år	261 750 000	4,39	27,82 %	65,17 %
> 5 år	327 687 000	6,42	34,83 %	100,00 %
<b>SUM</b>	<b>940 747 884</b>	<b>4,3</b>	<b>100,00 %</b>	<b>100,00 %</b>



*Innspelinga av NRKs store dramaserie «Heimebane» prega 2017 i Ulstein. Lokale krefter var involverte i produksjonen på ulike vis. Harald Øvereng, til dagleg ardelingsingenør i Ulstein kommune, medverka m.a. i rolla som fysioterapente til fotballaget Varg. Her står Øvereng saman med Ane Dahl Torp, som spelar trenar Helena Mikkelsen, hovudrolla i serien.*

*Foto: privat*

# Avdelingsvise oversikter

*Tenesteoversikt*

- Økonomiavdelinga
- Personalavdelinga
- Kommunikasjonsavdelinga
- IT-avdelinga
- Omsorg – Sone 1
- Omsorg – Sone 2
- Omsorg – Sone 3
- Omsorg – Sone 4
- Nav
- Legetenesta
- Helsestasjonstenesta
- Sundgotmarka barnehage
- Haddal skule
- Hasund skule
- Ulstein skule
- Ulsteinvik Barneskule
- Ulstein ungdomsskule
- PPT
- Inkludering og mangfold
- Ulstein kompetansesenter
- Kulturavdelinga
- Sjøborg kulturhus og kino
- Ulstein kulturskule
- Ulstein bibliotek
- Ulstein brannvesen
- Plan- og bygningsavdelinga
- Anlegg og drift
- Veg og hamn
- Vatn og avløp
- Interkommunalt barnevern

*Utviklingsmål*

*Nøkkeltal*

*Aktiverte tiltak*

# ORGANISASJONSKART ULSTEIN KOMMUNE

## RÅDMANN, ASS. RÅDMANN, KOMMUNALSJEFAR



**Rådmann**  
Einar Vik Arset



**Ass. rådmann**  
Verner Larsen



**Helse- og omsorgsetaten**  
Kommunalsjef Marit Botnen



**Oppvekst- og kulturetaten**  
Kommunalsjef Gry Nordal



**Teknisk etat**  
Kommunalsjef Arne Runar Vik

## STAB



**Økonomiavdelinga**  
Leiar Steinar Nummedal



**Kommunikasjonsavdelinga**  
Leiar Asbjørg Garshol



**Personalavdelinga**  
Leiar Kari Riise



**IT-avdelinga**  
Leiar Tor Halvar Botnen



**Politisk sekretariat**  
Svein Arne Orvik

## HELSE- OG OMSORGSETAT



**Sone 1 heimetenester**  
Leiar  
Heidi Strand



**Sone 2 heimetenester**  
Leiar  
Gunn Hofset



**Sone 3 institusjon/heimetenester**  
Leiar  
Gunn Sætre



**Sone 4 institusjon**  
Leiar  
Gunn Helen Hauge Muren



**Helsestasjonstenesta**  
Leiar  
Kristin Meli



**Nav**  
Leiar  
Anders Hammer

## OPPVEKST- OG KULTURETAT



**Ulstein kompetansesenter**  
Leiar  
Lars Ove Moldskred



**PPT**  
Leiar  
Ingrid Evebø Haug



**Sundgotmarka barnehage**  
Leiar  
Nora Wingsternes



**Kulturavdelinga**  
Leiar  
Leif Ringstad



**Inkludering og mangfold**  
Leiar  
Lars Erling Bjåstad Hovlid



**Ulsteinvik Barneskule**  
Leiar  
Vegard Gurskevik



**Ulstein skule**  
Leiar  
Karen Strand



**Haddal skule**  
Leiar  
Vibeke Vigestad Berge



**Hasund skule**  
Leiar  
Marianne Ulstein Johnston



**Ulstein ungdomsskule**  
Leiar  
Leon Romestrand



**Ulstein kulturskule**  
Leiar  
Astrid Dagestad

## TEKNISK ETAT



**Anlegg og drift, veg og hamn,  
vann og avløp**  
Leiar  
Odd Kåre Wiik



**Brann og feiing**  
Leiar  
Arne Runar Vik



**Plan- og bygningsavdelinga**  
Leiar  
Anita sundnes



# Økonomiavdelinga

LEIAR: STEINAR NUMMEDAL

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Tilsette på økonomiavdelinga skal gi støtteteneste til alle einingar i kommunen i form av rådgjeving innan rekneskap, innkjøp og kostnadskontroll.
- ▶ Vi skal vere imøtekome og serviceinnstilt ovanfor kundar og brukarar av våre tenester.
- ▶ Økonomiavdelinga skal syte for ei god finans- og økonomiforvaltning.
- ▶ I samarbeid med leiarane i organisasjonen, skal vi vere støtte og pådrivar for betre kvalitet i arbeidet med målstyring og rapportering

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2015	2016	2017
Rekneskap	6,6	7,1	7,5
Budsjett	6,7	7,1	7,3
Avvik	0,1	0	- 0,2
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		

## Aktivitet og resultat 2017

Økonomiavdelinga har fagansvar for rekneskap, økonomistyring, fakturamottak og skatteinnkrevjing. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølging innan økonomistyring og finansforvaltning. I tillegg har vi ansvar for rekneskap og budsjettoppfølging for Ulstein egedomsselskap og Ulstein sokn.

Akkurat som i 2016, har 2017 har vore eit hektisk og lærerikt år. Grunna eit generasjonsskifte på avdelinga og fødselspermisjon, har det blitt mange nye ansikt på økonomikontoret dei siste åra. Vi har ei klar målsetting om å bygge opp eit nytt lag på avdelinga der kompetansen er fordelt ut på fleire tilsette, slik at vi ikkje vert så sårbar ved permisjonar, sjukdom etc. Vi er ikkje heilt i mål med dette enno, men vi har fleire dyktige og lærevillige tilsette og god tru på at det på litt sikt vil verte veldig bra.

Vi har i 2017 hatt fokus på å auke automatiseringa ved handteringa av inngåande fakturaer, og har i løpet av året auka delen av fakturaer som kjem elektronisk med nesten 20 %. Vi vil halde fram med fokus på dette og på å auke effektiviteten gjennom automatisering (til dømes gjennom førehandskontering av fakturaer). Vi vil også ha fokus på å heve kompetansen og kvaliteten i økonomiarbeidet som vert gjort, både internt på avdelinga og ute i resten av organisasjonen.

Det negative økonomiske avviket kjem i all hovudsak av vesentleg auka kostnadar med omsyn til arbeidsgjevarkontrollen i 2017 (desse tenestene kjøper vi fra Nordre Sunnmøre kemnerkontor), i tillegg til meirforbruk på kontoen for banktenester og gebyr.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,0 mill. kr	- 0,2 mill. kr	0
BRUKAR	Gjennomsnittsscore på undersøking om interne tenester	5,2	Ikke målt	5,0
	Del av inngående fakturaar som kjem i EHF-format	46,1 %	65,3 %	65 %
	Tal på fellesopplæring i Agresso web	2	0	3
	Tal på økonomirapporteringar via Agresso web	5	4	9
ORG.	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	4,2 (stab)	Ikke målt	4,0 eller meir
	Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,0 (stab)	Ikke målt	4,3 eller meir
	Sjukefråvær i %	4,62 % (sentraladm.)	6,00 % (sentraladm.)	4 %



# Personalavdelinga

LEIAR: KARI RIISE

ÅRSVERK		TILSETTE		
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017	
Rekneskap	6,6	7,1	7,5	
Budsjett	6,7	7,1	7,3	
<b>Avvik</b>	<b>0,1</b>	<b>0</b>	<b>-0,2</b>	
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017	
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon			

## Aktivitet og resultat 2017

Personalavdelinga har fagansvar for personalarbeid og lønn. Som stabseining har vi ansvar for oppfølging innanfor internkontroll, avviksrapportering, sjukefråvær og HMS. I tillegg utøver vi personalforvaltning for Ulstein eigedomsselskap KF og lønnsarbeid for Ulstein sokn. Personalavdelinga har ei sentral rolle i leiaropplæring og organisasjonsutvikling.

For personalavdelinga har 2017 vore eit år der vi har hatt svært mykje arbeid i samband med interkommunale samarbeid, interne omorganiseringar og etablering av nye einingar. Vi kan nemne tilsetjingar og tilrettelegging av lønn og system for tilsette i nytt interkommunalt PPT-kontor, nytt interkommunalt brannvern og nytt badeanlegg i Ulstein Arena, i tillegg til omfattande organisasjonsendringar i omsorgsetaten og flytting av Nav til Hareid kommune.

På tampen av 2016 gjennomførte vi medarbeidarundersøkinga 10-faktor. I 2017 har vi brukt mykje tid i leiarasmlingar, samling for verneombod og i personalmøte på å arbeide med resultatet av undersøkinga. Andre tema vi har lagt særleg vekt på i 2017 er yttringsfridom og lojalitetsplikt, etisk reglement, leiarrolle og leiaransvar.

Lønnsforhandlingane vart gjennomførde utan brot. Samhandling med tillitsvalde og verneombod på overordna nivå har vore gjennomført ved faste månadlege samhandlingsmøte. Der møter rådmannen, to kommunalsjefar og personalleiaren dei hovudtillitsvalde og hovudverneombodet for orientering, spørsmål og avklaring. Alle verneomboda har fått tilbod om grunnkurs i HMT. Verneomboda har hatt to fellessamlingar i lag med personalleiaren og HVO.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Tilsette i personalavdelinga skal vere fagleg oppdatert og gi god og trygg leiarstøtte i saker som gjeld personalhandtering og lønn
- ▶ Sikre gode tenester i kommunen gjennom rekruttering av kompetente medarbeidarar, vedlikehald og utvikling av kompetanse samt bidra til eit godt arbeidsmiljø.
- ▶ I samarbeid med verneombod og tillitsvalde, skal personalavdelinga sikre god og rett samhandling mellom arbeidsgivar og arbeidstakarane i heile organisasjonen
- ▶ Personalavdelinga skal sikre god internkontroll innan våre fagområde både i eiga avdeling og i resten av organisasjonen. Vi skal utvikle og drifta kommunen sitt system for internkontroll og avvikshandtering.
- ▶ Gjennom fokus på ein god og synleg arbeidsgivarpolitikk, skal Ulstein kommune vere ein attraktiv arbeidsplass for motiverte medarbeidarar.

SATINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,0 mill. kr.	0,1 mill. kr.	0,0
BRUKAR	Det skal vere god tenestekvalitet i alle ledd	Gjennomsnittsscore på undersøkinga om interne tenester for avdelinga	5,3	ikke målt
		Kommunekompasset: score på leiarskap, ansvar og delegasjon	ikkje målt	ikkje målt
		Kommunekompasset: score på kommunen som arbeidsgivar	ikkje målt	ikkje målt
ORGANISASJON	Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Kor mange tilsette som har gjennomført medarbeidarsamtale	5/5	5/5
		Initiere og gjennomføre velferdstiltak for heile organisasjonen	3	2
		Gjennomføre velferdstiltak i avdelinga	2	2
		Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	4,2 (stab)	Ikkje målt
		Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,0 (stab)	Ikkje målt
		Sjukefråvær	4,62 % (sentraladm.)	6,00 % (sentraladm.)
	Vi har fokus på internkontroll	Revidere/oppdatere personalreglement	3	0
		Opplæringstiltak i rapportering og behandling av avvik og skade	2	0
		Tal på restansar i ePhorte eldre enn fire månader ved utgangen av året	0	0



# Kommunikasjonsavdelinga

LEIAR: ASBJØRG GARSHOL

ÅRSVERK		TILSETTE	
5,06		6	
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017
Rekneskap	3,4	3,6	4,1
Budsjett	3,5	3,4	3,4
<b>Avvik</b>	<b>0</b>	<b>- 0,2</b>	<b>- 0,7</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Sikre god informasjon og tilgjengelighet, enten det er via web, telefon eller i direkte møte med publikum. Servicetorget skal bidra til at Ulstein kommune vert opplevd som ei profesjonell, effektiv og serviceorientert verksemد.
- ▶ Gjennomføre jamne brukarundersøkingar for dei ulike tenesteområda i kommunen, samt innbyggarundersøking annakvart år, jf. plan.
- ▶ Vektlegging av internkontroll og personvern.
- ▶ Fullelektronisk arkiv og digital kommunikasjon med innbyggjarane ved innføring/oppgradering av fagsystem.
- ▶ Kontinuitet i rydding av papirarkiv for avlevering til interkommunalt arkiv (IKA).
- ▶ Kompetanseheving. Den elektroniske og digitale kvardagen med døgnopen forvaltning inneber nye arbeidsprosessar og ny kunnskap.

## Aktivitet og resultat 2017

Kommunikasjonsavdelinga omfatta i 2017 einingane servicetorg, postmottak, dokumentsenter og turistinformasjon. Servicetorget har mellom anna hatt ansvar for sentralbord, billettsal til Sjøborg, søknader om bustønad, ambulerande skjenkeløyve, TT-kort (drosjelappar) og parkeringsløyve for rørslehemma (HC-kort). Kommunikasjonsavdelinga har hatt ansvar for kommunen sine nett- og Facebook-sider.

Vi klarte ikkje å halde budsjettet dette året, i all hovudsak fordi lønnsbudsjettet ikkje var i samsvar med dei faktiske kostnadene. Reint oppgåvemessig var vi i god flyt. Med nye medarbeidarar fekk vi kapasitet til å ta tak i utfordringane mest post og arkiv og få på plass gode rutinar. Vi kunne også sørge for kontinuerleg opplæring av sakshandsamarar og leiarar i bruk av sakshandsamingssystemet vårt.

Innbyggarundersøkinga vart gjennomført etter planen, saman med tre brukarundersøkingar (SFO, bibliotek og psykisk helse) som var overførde frå 2016.

Talet på telefonar til servicetorget/sentralbordet er merkbart redusert dei siste par åra. Medan vi i 2014 hadde nærare 19 000 innkomande telefonar, var talet i 2016 redusert til 15 100, og i 2017 ytterlegare redusert til om lag 13 000. Vi ser dette i samanheng med at vi har klart å få til ei betre utbygt og oppdatert nettside med mellom anna fleire elektroniske skjemaløysingar. Meir bruk av mobiltelefonar i kommunen gjer det også lettare for publikum å nå den enkelte tilsette direkte.

SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	- 0,2 mill. kr	- 0,7 mill. kr	0 kr
BRUKAR	Vi er tilgjengelege	91 %	93 %	95 %
	Gjennomsnittleg svartid	19 sek.	13 sek.	12 sek.
	Score på forbrukerrådets kommetest: servicegrad/informasjonstenester	100 %	Ikkje målt	100 %
	Score på innbyggarundersøkinga: tilfredsheit med kommunen sitt servicetorg	Ikkje målt	4,9 av 6	6 av 6
Vi er attraktive og informative	Score på innbyggarundersøkinga: tilfredsheit med kommunen sine nettsider	Ikkje målt	Ikkje målt	5 av 6
Brukarinvolvering	Tal på gjennomførte brukarundersøkingar pr. år	12	4	4
Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	4,2 (stab)	Ikkje målt	4,0 el. meir
	Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,0 (stab)	Ikkje målt	4,3 el. meir
Kommunikasjons-strategi	Rullering av Kommunikasjonsstrategisk plan	-	-	-
ORG.	Del av tilsette som har fått elektronisk adgangskort/identitetskort	100 %	100 %	100 %
	Rullering av arkivplanen, 1 gong pr. år	Gjennomført	Oppdatert i høve til krav etter tilsyn	Rullering
Kompetanseheving	Del deltagarar på introkurs i saksbehandlingssystemet (ePhorte) av totalt tal på nyttilsette som skal nyte ePhorte	100 %	100 %	100 %
	Tal på deltagarar på kurs med fokus på personvern og lovverk knytt til den elektroniske/digitale kvardagen	Sjå etatsvise oversikter	Sjå etatsvise oversikter	100 %
	Alle saksbehandlarar får innføring i oppgradert ePhorte i samband med overgang til elektronisk post (SvarUt) hausten 2016	100 %	100 %	100 %



# IT-avdelinga

LEIAR: TOR HALVAR BOTNEN

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2015	2016	2017
5	5		
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017
Rekneskap	7,2	8,5	10,0
Budsjett	7,4	9,4	10,4
Avvik	0,2	0,9	0,4
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017
Sjukefråvær	sjå sentraladministrasjon		

## Aktivitet og resultat 2017

IT-avdelinga er ei stabsavdeling under rådmannen. Avdelinga har ansvar for drift, utvikling og vedlikehald av nettverk, serverpark og klientar.

IT-funksjonen skal levere kostnads-effektive, brukarvenlege og driftssikre system som gir tilsette rett arbeids-verktøy for effektive arbeidsrutinar, gode tenesteytingar overfor innbyggjarane i kommunen og styring/kontroll.

IT-avdelinga i Ulstein kommune var i 2017 lånt ut til Søre Sunnmøre IKT.

### VELFERDSTEKNOLOGI

Det er fatta vedtak om auka budsjett for velferdsteknologi. Det er søkt om støtte frå Husbanken for å ruste opp infrastrukturen og auke bruken av digitalt tilsyn og annan velferdsteknologi i omsorgstenesta.

### NYBYGG

IT-avdelinga har levert kommunal fiber og IT-tenester til nybygga Ulstein Arena, omsorgsbustadane i Hovstøylvegen og det nye dagsenteret i Holsekerdalen.

### OPPVÆKST

Chromebooks er rulla ut til skulene og det er fatta vedtak om innkjøp av eitt nettbbrett per elev i småskulen.

Den kommunal fiberkabelen til Ulstein skule er bygd ut og sett i drift. Sjøfiber-kabelen til Dimna og Hasund skule er lagt frå Sjøsida og vert kopla opp så snart det let seg gjere. Eigd fiber gir høgare hastigkeit og lågare kostnad.

Interkommunalt PPT er no eit samarbeid mellom fire kommunar. IT-avdelinga har lagt til rette for nytt utstyr og levert kommunal fiber til lokala deira, og har arbeidd med nytt fagsystem.

### SIKKER UTSKRIFT

Dei aller fleste skrivarane er no over på ordninga med sikker utskrift. Det gir betre kostnadskontroll og aukar tryggleiken.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Levere stabile og tilgjengelege IT-tenester med robust infrastruktur.
- ▶ Vere pådrivar og legge til rette for digitalisering og integrasjon.
- ▶ Vere pådrivar for bruk av ny teknologi.
- ▶ Vere med å utvikle og drifte felles interkommunalt driftssenter (SSIKT).

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,9 mill. kr	0,4 mill. kr	0
BRUKAR	Overordna brukartilfredsheit	Score på intern brukarundersøking: brukartilfredsheit	4,9	5,2
	Service og responstid	Andel førespurnader frå @hjelp som har fått svar innan 24 timer	96,5 %	74 % (SSIKT support)
		Andel førespurnader frå vakttelefon som har fått svar innan to timer	99 %	Ikkje målt
	Driftsstabilitet	Talet på driftsstans pga. straumstans	0	0
ORGANISASJON	Driftsstabilitet	Tal på testing av nødstraumagggregat pr. år	3	3
	Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	4,2 (stab)	Ikkje målt
		Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,0 (stab)	Ikkje målt
	Samhandling, forventnings-avklaring og kompetanse-heving	Tal på gjennomførte IT-kurs for superbrukarar i skulen	5	4
		Tal på gjennomførte samhandlingsmøte med kvar etat	3	2
				4



# Omsorg – Sone 1

LEIAR: HEIDI STRAND

ÅRSVERK		TILSETTE	
33	57	2015	2016
NETTO RESULTAT		2015	2016
Rekneskap	23,9	25,2	27,0
Budsjett	24,1	25,2	26,1
Avvik	0,1	0,0	- 0,9
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017
Sjukefråvær	12,22	7,54	10,72

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Sikre kvalitet, likeverdige tenestetilbod og stor grad av brukarorientering
- ▶ Fokus på menneske med psykiske helse- og rusproblem, særleg yngre brukarar
- ▶ Fokus på demensproblematikk og kvardagsrehabilitering
- ▶ Kompetanseutvikling, nyskaping og innovasjon i tenesta, vere ein aktiv prosjektorganisasjon
- ▶ God samhandling og skjerpa internkontroll
- ▶ Godt arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær

## Aktivitet og resultat 2017

Hovudoppgåvane til sone 1 er tenester til heimebuande med heimesjukepleie og heimehjelp, formidling av brukarstyrt personleg assistanse og omsorgsstønad, avdeling for psykisk helse og rus, bustadar for utviklingshemma, ergoterapi/hjelpemiddelformidling og koordinerande eining.

Det har vore eit år med stort press på heimesjukepleie på grunn av tidleg utskrivning frå sjukehus til heimen og mange brukarar med behov for heimetenester. Det har vore fokus på kvardagsrehabilitering, og dette har vore ei positivt tilbod til mange brukarar som har fått betra funksjonsnivå og dermed greier å bu lenger i eigen heim.

Helse- og omsorgsetaten har også i 2017 delteke i eit prosjekt innan lindrande behandling og kreftomsorg. Vi har fått midlar til å innføre palliativ plan for sju kommunar på Søre Sunnmøre, eit prosjekt som vert leia av kreftkoordinatoren i kommunen. I tillegg har vi søkt og fått innovasjonsmidlar frå fylket, og på denne måten har vi greidd å halde oppe tilfredsstillande kvalitet i tenesta.

Psykisk helse og rus: Det har også i 2017 vore auke i talet på yngre brukarar i avdelinga. Vi fekk tilført eit nytt årsverk og det har vore inne ei prosjektstilling som har gjer at vi har greidd imøtekome behovet så langt.

Stadig fleire brukarar søker om brukarstyrt personleg assistanse og omsorgsstønad. Brukarstyrt personleg assistanse er rettighetsfesta for dei som treng meir enn 25 timer teneste per veke og kan også nyttast til funksjonshemma barn med store omsorgsbehov. Omsorgsstønad er meir etterspurt enn før, utan at rammene er auka siste åra.

Det negative økonomiske avviket i sone 1 kjem av urealistiske budsjett på to avdelingar, der ein manglar dekning for faste og variable tillegg. Det har vore meldt frå om dette i økonomiplanen utan at rammene har blitt korrigert.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,0 mill. kr	- 0,9 mill. kr	0
BRUKAR	Demens vert oppdaga tidlegast mogleg	Tal på heimebesøk til innbyggjarar over 80 år	alle som søkte tenester	alle som søkte tenester
	Brukarar skal få lu lengst mogleg i eigen heim. Kvardagsrehabilitering	Tal på brukarar som får helsehjelp i eigen bustad	185	202
		Tal på brukarar som har fått kvardagsrehabilitering	5	38
ORGANISASJON	Kompetanseutvikling	Tal på tilsette som tek vidareutdanning	3	1
		Demensomsorgens ABC – tal på deltakarar	-	10
	Vi nyttiggjer oss IKT systema på ein god måte	Tal på nyttilsette som har gjennomført nødvendig opplæring i Gerica. innan ein månad etter tilsettjing	90 %	100 %
		Tal på nyttilsette som har gjennomført nødvendig opplæring i Risk Manager innan ein månad etter tilsettjing	95 %	100 %
	Vi er gode på tverrfagleg samarbeid	Tal på avvik når det gjeld samhandling	-	0
	Prosjekt	Tal på tilskotstildelingar av totalt tal på prosjektsøknadar	5	5
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år.	3,9 (samla for heimetenestene)	Ikkje målt
		Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,2 (samla for heimetenestene)	Ikkje målt
		Sjukefråvær, sone 1	7,54 %	10,72 %



# Omsorg – Sone 2

LEIAR: GUNN HOFSET

ÅRSVERK		TILSETTE		
55,6				83
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017	
Rekneskap	30,9	34,8	40,7	
Budsjett	30,2	32,1	37,1	
<b>Avvik</b>	<b>- 0,7</b>	<b>- 2,7</b>	<b>- 3,7</b>	
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017	
Sjukefråvær	7,50	12,41	10,18	

## Aktivitet og resultat 2017

Sone 2 inneholder fem ulike avdelinger med dagsenter og bustader for menneske med utviklingshemming, omsorgsbustader for eldre, psykiatri, yngre funksjonshemma, og avlastning for barn og unge. Ein ny bustad vart tatt i bruk mellom august og oktober, og det nye dagsenteret for menneske med utviklingshemming vart tatt i bruk frå desember.

Fleire brukarar har hatt aukande og omfattande omsorgsbehov. Ved hjelp av «room mate» (digital tryggleksalarm) vart behovet for nattilsyn redusert på slutten av året. Det har også vore ein aukande etterspurnad frå omsorgspersonar som treng meir avlastning til barn og unge på kveldar og i helger.

På avdelingar med spesielle utfordringar er det viktig å bruke tid på ekstra god opplæring og rettleiing av tilsette og vikarar. Også dette året har det kontinuerleg vore tett kontakt med rådgjevande barnehabilitering og vaksenhabilitering, i tillegg til rettleiing frå psykologspesialist. Avdelingane har eit godt fagmiljø og er flinke til å støtte og debriefe kvarandre. Den gode trivselen gir stor stabilitet i personalgruppa på dei fleste avdelingane.

Talet på avvik som gjeld utagerande åtferd/vald/truslar har auka kraftig. Det viser at arbeidskvardagen til tider er svært krevjande. Sjå nærmare omtale av avvik i organisasjonskapitlet på side 28.

Avdelingane ved sone 2 har også vore svært aktive og langt framme på innføring av velferdsteknologi. Det er innført tre elektroniske tavler som hjelper brukarar å få kontroll og oversikt over livet. Det er også installert åtte «room mates» (digital tryggleksalarm med utvida funksjonar). Dei digitale tiltaka gjer kvardagen tryggare og betre for både brukarane og personalet. Blant dei tilsette er det høg motivasjon for å halde fram utprøvinga av ny teknologi.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Vidareutvikle innovasjonsprosjektet Holsekerdalen
- ▶ Bygge ein ny tilrettelagt bustad, ferdig våren 2017 og bygge nytt USAS i Holsekerdalen 24, ferdig årsskiftet 2016/2017.
- ▶ Fokus på å forhindre vald og truslar på arbeidsplassen
- ▶ Ivareta godt arbeidsmiljø og arbeidsglede
- ▶ Levere tenester som imøtekjem brukarane sine behov

SATSINGSMÅL		MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
<b>ØKONOMI</b>		Avvik mot budsjett	- 2,7 mill. kr	- 3,7 mill. kr	0
BRUKAR	Tenestetilbodet skal opplevast trygt og forsvarleg	Score frå brukarundersøking: heilskapsvurdering av tenestene	5,1	ikkje målt	5
		Opprette Brukarråd i omsorgsbustader for eldre, 4 møte pr. år	1	6	100 %
		Tett samarbeid med hovudtillitsvalde og verneombod, 9 møte pr. år	100 %	9	100 %
		Repr. frå organisasjoner og brukarar er med i planlegging av nybygg	100 %	100 %	100 %
ORG.	Fagkompetanse	Auke delen tilsette med fagutdanning, aktiv rekruttering	70 %	80 %	85 %
	Vi nyttiggjer oss IKT systema på ein god måte	Tal på nyttilsette som har gjennomført nødvendig opplæring i Gerica., GRS Min arbeidsplan og Risk Manager innan ein månad etter tilsettjing	95 %	95 %	100 %
	Samordne nye personalgrupper og skape eit godt miljø	Score frå medarbeidarundersøkinga: heilskapsvurdering	5	ikkje målt	-
		Ta i aktiv bruk nyinnkjøpt digitalt verktøy som stettar krav til opplæring i lovverk, medisinering og førstehjelp	30 tilsette 20 tilsette	70 %	100 %
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år.	3,9 (samla for heimetenestene)	ikkje målt	4,0 el. meir
		Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,2 (samla for heimetenestene)	ikkje målt	4,3 el. meir
		Nedgang i tal på avvik når det gjeld utagerande åtferd/vald/truslar	132	174	nedgang
		Sjukefråvær	12,41 %	10,18 %	8 %



# Omsorg – Sone 3

LEIAR: GUNN SÆTRE

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Avdeling G (korttidsavdelinga) skal ta imot alle utskrivingsklare pasientar innan fastsett frist. Auke tal på rom brukt til korttidsplassar
- ▶ Vektlegge brukarmedverkan og ha fokus på god dialog med brukar og pårørende. Alle brukarar skal ha tildelt primærkontakt.
- ▶ Godt arbeidsmiljø og redusert sjukefråvær
- ▶ Behov for kompetanseuke med faglærte i alle stillinger, spesielt ynsje om styrka sjukepleiardekning og andre høgskuleutdanna
- ▶ Vidareutvikle dagsenterstilbodet på Alvehaugen og Bygdastova med vekt på trivsel og tilbod til demente

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2015	2016	2017
32,5	58		
<b>NETTO RESULTAT</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Rekneskap	21,7	23,7	24,2
Budsjett	23	23,4	23,9
<b>Avvik</b>	<b>1,4</b>	<b>- 0,3</b>	<b>- 0,2</b>
<b>SJUKEFRÅVÆR I %</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sjukefråvær	11,28	9,77	8,09

## Aktivitet og resultat 2017

HI-fløya er to bufellesskap på Alvehaugen med til saman 21 omsorgsbustadar. Pasientane i HI-fløya har døgnkontinuerlege omsorgsbehov. G-fløya er korttids-avdelinga på sjukeheimen, som tek imot pasientar frå heim og sjukehus til rehabilitering, behandling eller avlasting. Avdelinga har 18 plassar. Eitt rom er avsett til å vere kommunal akutt døgnplass. Dagsenterstilbodet for eldre på Alvehaugen og Bygdastova (Ulshaug) gir sosial aktivisering og trening til heimebuande og aktivitetstilbod til dei som bur på Alvehaugen. Dagsenteret på Alvehaugen er ope fem dagar i veka, Bygdastova to dagar i veka.

Den ambulerande servicetenesta har ansvar for formidling og reparasjon av hjelpemiddel, middagsombering, å køyre brukarar til og frå alle dagtilbod, og service- og sjåførteneste for helse- og omsorgsetaten. Fysioterapitenesta har fast deltidsstilling til pasientar på sjukeheimen og pasientar som har rett til fysioterapi i egen heim. Stillinga til fysioterapeuten var i 2017 delt likt mellom kvardagsrehabilitering og sjukeheim.

Sjukeheimen har klart å ta imot alle utskrivingsklare pasientar frå sjukehuset innan fristen. Vi har i 2017 teke imot 65 pasientar frå sjukehus til korttidsopphald og 25 pasientar frå heim til korttidsopphald. Men vi har ikkje hatt nok ledige korttidsplassar. Vi har hatt eit gjennomsnittleg overbelegg på sjukeheimen med to plassar gjennom heile året. I periodar med ekstra stort press har vi hatt pasientar på alle mellomstover og pårøranderommet på sjukeheimen, for å kunne gje forsvarleg helsehjelp og unngå å betale bøter til sjukehuset. Dette har ført til eit stort press på personalet, som må hjelpe fleire og sjukare pasientar utan auke i bemanninga. I periodar har vi hatt sjukefråvær som klart kjem av stort arbeidspress.

Det har vore høg aktivitet på dagsentera for eldre, med mange kulturinnslag og eit breitt aktivitetstilbod. Talet på brukarar av dagsenterstilbodet gjekk ein del ned i starten av året, truleg fordi fleire fekk plass i dei nye omsorgsbustadane i Holseker-dalen. HI-fløya er eit godt butilbod til brukarane med store og ulike omsorgsbehov. Avdelinga gjer også ein flott innsats med å ta imot fleire flyktingar på språk- og arbeidspraksis. Fleire av dei har starta i ordinært arbeid i avdelinga og etter kvart teke helsefagleg utdanning.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
<b>ØKONOMI</b>	Avvik mot budsjett	- 0,3 mill. kr	- 0,2 mill. kr	0
BRUKAR Fagkompetanse	Del faglærte i faste stillinger	90 %	90 %	90 %
	Auke delen sjukepleiarar/høgskuleutdanna	auka med 50 % sjukepleiarstilling	auka med 56 % sjukepleiarstilling	auke sjukepleiedekninga med 50 % stilling
Tenestetilbodet skal opplevast trygt og godt	Score frå brukarundersøkinga: heilskapsvurdering av tenestene	5,3 (sjukeheim)	-	5 (6 er beste resultat)
	Tildelt primærkontakte til brukarane	100 %	100 %	100 %
Vere ein pålitelig aktør i samhandlingskjeda	Tal på bøter knytt til utskrivingsklare pasientar frå sjukehus som treng korttidsopphald på sjukeheimen	0 (av 60 som kom frå sjukehus til sjukeheim)	0	0
Vi er gode på IT-systema vi brukar	Tal på nyttilsette som har gjennomført nødvendig opplæring i bruk av Gerica innan ein månad etter tilsetjing	95 %	ca. 90 %	100 %
E-læringskurs	Tal på nyttilsette med løyve til å dele ut medisinar som har tatt nytt legemiddelhandteringkurs / oppdateringskurs	-	90 %	-
Internkontroll	Tal på nyttilsette som har gjennomført opplæring i Risk Manager innan ein månad etter tilsetjing	95 %	100 %	100 %
ORG. Saman skaper vi et godt arbeidsmiljø	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år.	3,8 (samla for institusjon)	-	4,0 eller meir
	Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,2 (samla for institusjon)	-	4,3 eller meir
	Sjukefråvær i %	9,77 %	8,09 %	9 %



# Omsorg – Sone 4

LEIAR: GUNN HELEN HAUGE MUREN

ÅRSVERK		TILSETTE		
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017	
Rekneskap	27,5	27,4	29,5	
Budsjett	26,1	27,5	28,4	
<b>Avvik</b>	<b>- 1,4</b>	<b>0,1</b>	<b>- 1,2</b>	
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017	
Sjukefråvær	15,95	9,24	13,99	

## Aktivitet og resultat 2017

Sone 4 omfattar dette: Avdeling E (åtte plassar for menneske med demenssjukdom, kognitiv svikt). Avdeling F (16 plassar for menneske med demenssjukdom, kognitiv svikt og somatisk sjukdom). Nattevaktsteam (team med seks personar kvar natt, med base på Alvehaugen og i Holsekerdalen 22). Vaskeriet (vask av alt personaltøy, institusjonstøy, privatøy til bebuarar på institusjon og andre som har avtale om vaskeriteneste). Storkjøkken (leverer ca. 160 middagar kvar dag, mat til alle avdelingar, driftar kantine, ca.teringverksemrd). Vikarbanken.

Avdelingane E og F har halde fram det miljøretta arbeidet og fokuset på brukarmedverknad. Avdelingane har halde fram med fokus på samtykkevurderinger, tillitsskapande arbeid og reglar om bruk av tvungen helsehjelp etter pasient- og brukarrettigheitslova kapittel 4 A.

Musikkterapistillinga er ein suksessfaktor i demensomsorga. Dagaktivitetstilbodet vert aktivt nyitta av avdelingane, og det er til ei kvar tid 3–4 bebuarar som nyttar seg av frukostgruppa. På grunn av store omsorgsbehov hos fleire bebuarar på demensavdelingane, har det vore behov for 1:1-bemanning. Det har gitt ein auke i stillingar over lengre periodar. Avdelingane har hatt stort sjukefråvær, noko som gir auka vikarutgifter.

Kjøkkenet driv godt og leverer ca. 160 middagar kvar dag, i tillegg til at dei leverer påsmurd frukost til alle avdelingane på Alvehaugen og driv kantina. Dei har også ein del ca.teringverksemrd ved kurs etc. Kvart år lagar dei til julebord for alle dei tilsette i omsorgsetaten.

Vaskeriet har hatt eit auka press på tenestene sine, men arbeider godt med små ressursar. Natt-teamet i kommunen samarbeider godt på tvers av sonene. Med samarbeidsvilje og løysningsorientering er dei med på å gi både heimebuande og pasientar i institusjon ei god og trygg natt-teneste.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Styrke demens-omsorga
- ▶ Styrke arbeidsmiljøet og redusere sjukefråværet
- ▶ Vidareføre frukostgruppe

SATINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,1 mill. kr	- 1,2 mill. kr	0
BRUKAR	Tenestetilbodet skal opplevast trygt og godt	Score frå brukarundersøking på brukaren si vurdering av tenestene	5,3	ikkje målt
		Innkomstsamtale innen ein månad etter innkomst i avdeling	-	100 %
		Tilbud om pårørandesamtale x 2 per år	-	90 %
		Opprette brukarråd for Alvehaugen 4 møter per år	-	0 %
		Redusere talet på tilsette som arbeider ufrivillig deltid	0	0 %
		Tal på inngående søknadar med sakshandsamingstid ut over tidsfristen	0	0
ORGANISASJON	Betre livskvalitet for menneske med demens sjukdom / kognitiv svikt	Tal på personar med demens/kognitiv svikt som nyttar seg av dagplassstilbod	8	7
		Registrerte avvik/småskade på utagerande åtferd per år	12/29	6/24
		Gjennomføre pårørandeskule med demensforeininga annakvart år	nei	ja
	Vi er gode på IT-systema vi brukar	Tal på nytelsette som har gjennomført nødvendig opplæring i bruk av Gerica-, Min Arbeidsplan og Kvalitets- og styringssystemet innan ein månad etter tilsettjing	90 %	90 %
		Tal på tilsette med løyve til å dele ut medisin som har tatt nytt legemiddelhandteringskurs/oppdateringskurs	-	90 %
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år.	3,8 (samla for institusjon)	ikkje målt
		Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,2 (samla for institusjon)	ikkje målt
		Sjukefråvær i %	9,24 %	13,99 %
Fagutvikling	Vidareutvikle demenskontakt i heimetenestene	Vidareutvikle demenskontakt i heimetenestene	nei	nei
		Tal på bebuarar frå E/F som nyttar frukostgruppe	4	4



# Nav

LEIAR: ANDERS HAMMER

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Å gi alle høve til å kome i arbeid
- ▶ Å gi alle barn og unge høve til å delta og utvikle seg
- ▶ Å betre levekåra for vanskelegstilte

## Aktivitet og resultat 2017

Arbeidsmarknaden er framleis prega av sysselsettingsproblem i maritim sektor. Arbeidsløysetala har vore høge gjennom heile 2017. Nav Ulstein har vært ute og gitt bistand til verksemder som ønsker det. Vi tilbyr informasjonsmøte for leiing og tilsette. Nav har også bistått med økonomiske virkemiddel i omstillingsprosessar.

Utbetaling av økonomisk sosialhjelp har auka i 2017. Dette kjem av høg arbeidsløyse, busetting av flyktningar og ein svak arbeidsmarknad. Gjennom prosjektet «Arbeidsruta» har fleire sosialhjelppotakarar kome ut i arbeid. Resultatet av prosjektet er så godt at vi ønsker utvikling og implementering til ordinær drift.

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2015	2016	2017
4,6	5		
<b>NETTO RESULTAT</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Rekneskap	9,7	11,0	12,3
Budsjett	9,4	11,0	10,8
<b>Avvik</b>	<b>- 0,3</b>	<b>0,0</b>	<b>- 1,5</b>
<b>SJUKEFRÅVÆR I %</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sjukefråvær	sjå helse- og omsorgsetaten		

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
<b>ØKONOMI</b>	Avvik mot budsjett	0,0 mill. kr	- 1,5 mill. kr	0 kr
Fleire i arbeid	Del sjukmelde som har gjennomført dialogmøte 2 innan 26 veker	67 %	73 %	Min. 80 %
	Del arbeidssökjarar som har kome i arbeid innan 6 månader etter avgang Nav	64 %	65 %	Min. 60 %
	Del personar med nedsett arbeidsevne som har kome i arbeid innan 6 månader etter avgang Nav	36 %	46 %	Min. 45 %
	Del arbeidssökjarar og personar med nedsett arbeidsevne som har fått oppfølging frå Nav siste 6 månader	72 %	79 %	Min. 70 %
	Del verksemder som har fått arbeidsmarknadsbistand frå Nav	17,9 %	17 %	Min. 20 %
NY 2017	Tal på sosialhjelppotakarar i «arbeid for sosialhjelp» – snitt	-	14	5
Service	Del «kontakt brukar» innan 48 timer	83 %	82 %	min. 85 %
Betre levevilkår for vanskelegstilte og auka kunnskap om levekår og sosiale utfordringar i kommunen	Tal på personar i målgruppa som får tilbod om Kvalifiseringsprogrammet	1	4	min. 4
	Tal på møte med UEKF pr. år, for å sikre gode bustader til vanskelegstilte	12	12	12
Arbeid først	Arbeidsløyse i % Ulstein kommune	4,5	5,0 %	Under 4,5 %
	Sjukefråvær i % Ulstein kommune	4,7	5,2 %	Under 5 %
Løysingsdyktig organisasjon	Resultat HKI (energiindeks) tilsette Nav Ulstein - kommunale og statleg tilsette	21,1	24,7	24

## Legeteneste

Hovudfokuset har vore utvikling av legevakta. Det har kome ny akuttmedisinforskrift som skjerpar krava til legevakta. Det har blitt jobba med kompetanseheving innanfor legeaktmodellen vi no har. I tillegg har eit interkommunalt utgreiingsprosjekt sett på kva som er den beste organiseringa av legevakta på Søre Sunnmøre framover.

Måla som vart sette i økonomiplanarbeidet er nådde for alt utanom økonomi. Avviket her er forventa og har to hovudforklararar: Ulstein kommune vart pålagt å ta imot ein ekstra turnuslege i eit halvt år, noko som ikkje var budsjettert og som gav ein ekstrakostnad på ca. 300 000 kroner. I tillegg var utgiftene til tilskot til legesenteret budsjetterte for lavt i forhold til gjeldande avtale.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
<b>ØKONOMI</b>	Avvik mot budsjett	- 0,5 mill. kr	- 0,2 mill. kr	0
BRUKAR	Kapasitet i fastlegeordninga	Tal på opne lister med ledig kapasitet pr. år	2–3	3
	Fysioterapitenesta	Redusere ventetid, gjennomsnittleg ventetid i veker	3 månader	maks. 1 mnd.
ORG.	Vere ein attraktiv arbeidsstad	Ledige fastlege- eller fysioterapiheimlar	0/16	0/16
	Kompetanseutvikling	Prosent spesialistar i allmennmedisin av fastlegane	80 %	80 %
	Satsing på tenesteinnovasjon	Bidra i søknadsprosess og oppfølginga av nye prosjekt, tal på prosjekt	5	4



# Helsestasjonenesta

**LEIAR: KRISTIN MELI**

## Aktivitet og resultat 2017

Helsestasjonen er lokalisert på Reiten. Her er sekretær, jordmor, ti helsesøstrer, to helsestasjonslegar, kommuneoverlege, foreldrerettleiar og ernæringsfysiolog. Det interkommunale barnevernet og Ålesund familievernkontor har avdelingskontor her. Ulstein er vertskommune for jordmortenesta i Ulstein, Hareid og Sande. Føremålet med helsestasjons- og skulehelsetenesta å fremje psykisk og fysisk helse, fremje gode sosiale og miljømessige forhold og førebygge sjukdom og skader.

Ulstein fekk i 2017 3,2 mill. kroner frå

Helsedirektoratet fordelt på tre ulike satsingar:

- ▶ Utvikle «Tverrfagleg helsestasjon», eit tverrfagleg tilbod til gravide og familar med barn under to år
- ▶ Vidareføre satsinga på vidaregåande skule (skuleåret 2017/18 er det 1,2 stillinger ved Ulstein vidaregåande skule)
- ▶ Generell styrking av tenesta – spesielt skulehelsestenesta og med ekstra fokus på psykisk helse

Ved hjelp av prosjektmidlar er Ulstein i 2017 på nasjonale normalt for skulehelsetenesta. Det er i 2017 tilsett ernæringsfysiolog i prosjekt. Dei nasjonale midlane gjer også at helsestasjonen har høve til kompetanseheving.

Ulstein er ein internasjonal kommune, og 40 % av dei som vart fødde i 2017 har ein eller to foreldre med opphav i eit anna land enn Noreg. Born og gravide har vorte prioriterte saman med informasjonsarbeid og oppfølging av psykisk helse. To av legane våre har vore med på å starte Barneblikk i Møre og Romsdal. Denne satsinga dreier seg om familieteam for tettare oppfølging av gravide og av familar med born i førskulealder der ein av dei vaksne har rusproblem eller psykiske vanskar.

*Foto: Ulstein kommune*

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2015	2016	2017
9,58	14		
<b>NETTO RESULTAT</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Rekneskap	6,2	6,5	7,6
Budsjett	6,2	6,7	7,8
<b>Avvik</b>	<b>0</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>
<b>SJUKEFRÅVÆR I %</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sjukefråvær	2,93	2,62	3,24

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ 100 % oppslutning om helsestasjonen av aktuelle brukargrupper
- ▶ Likeverdig helsestasjons-/skulehelse-tilbod til alle born i kommunen
- ▶ Fokus på psykisk helsearbeid blant born og ungdom
- ▶ Fokus på avdekke/førebygge vald, psykisk sjukdom og rus hos gravide og småbarnsforeldre
- ▶ Kome tidleg inn og tilby foreldrestøttande tiltak til dei som har behov for å styrke foreldrefunksjonen



SATSINGSMÅL		MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKO.	God økonomisk styring	Avvik mot budsjett	0,2 mill. kr	0,2 mill. kr	0
	Søke prosjektmidlar til å utvide drifta	Helsesøsterstilling til stades på Ulstein vidaregåande skule	100 %	1,2 stilling	100 %
BRUKAR	Optimal oppslutning om helsestasjonen	Prosentvis del av nyfødde med heimebesøk innan to veker etter heimkomst	89 %	100 %	100 %
		Prosentvis del av gjennomførte seks-vekers kontrollar innan 8. leveveke	89 %	100 %	100 %
		Prosentvis del av gjennomførte to-årskontrollar	89 %	100 %	100 %
	Vaksinasjonsdekning	Prosentvis vaksinasjonsdekning av barn, jf. nasjonalt vaksinasjonsprogram	93 %	95 %	95 %
ORG.	Alle barn får individuelt tilpassa skulehelseteneste	Ressursar til skulehelseteneste i Ulstein, jf. nasjonal norm	50 %	90 %	75 %
	Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år.	4,1	-	4,0 el. meir
		Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,3	-	4,3 el. meir
		Sjukefråvær	2,62 %	3,24 %	2,4 %



# Sundgotmarka barnehage

LEIAR: NORA WINGSTERNES

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Barnehagen skal gi borna ei trygg ramme for utvikling, vekst og modning.
- ▶ Godt arbeidsmiljø gjennom fokus på tydeleg og nærliggende og ansvarlege medarbeidrarar med konstruktiv tilbakemeldingskultur
- ▶ Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon og arbeide systematisk med kvalitetsutvikling.

ÅRSVERK		TILSETTE	
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017
Rekneskap	8,4	8,9	8,3
Budsjett	8,2	8,4	8,5
<b>Avvik</b>	<b>- 0,2</b>	<b>- 0,5</b>	<b>0,2</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017
Sjukefråvær	13,79	8,53	11,99

## Aktivitet og resultat 2017

Barnehagen har hatt 68 born fordelt på tre avdelingar og to bygg. Barnehagen ligg i tilknyting til bustadfelt og nyttar dei gode turmoglegheitene i nærområdet. Uteområdet har både naturtomt og opparbeidd leikeareal. Det som særpregar oss er fokuset på uteliv, nærmiljø og helse, og Reggio Emilia-filosofien. Barnehagen skal, i samarbeid med heimane, ivareta borna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning. Det har vore 20 tilsette i vårhavlaåret og 17 tilsette i hausthalvåret. Barnehagen har hatt for mange årsverk i forhold til krava til grunnbemanning, men er no nede på det talet på årsverk vi skal ha.

Satsinga «Leiing og kvalitet» er vidareført i samarbeid med dei private barnehagane. Eit viktig mål for prosjektet har vore å myndiggjere dei enkelte medarbeidarane. Her har vi spesiell vekt på rolla dei pedagogiske leiarane har som teamansvarlege. Evalueringa viser at dette har vore eit nødvendig og nyttig tema å jobbe med. Med prosjektet har vi ønskt å skape ei vi-kjensle blant barnehagane i Ulstein – og å auke medvitet om vårt felles ansvar for alle barn i kommunen. Vi har elles teke del i mentorutdanning.

Foreldrevalueringa gav gode tilbakemeldingar og høgare svarprosent enn tidlegare. Barnehagen ligg på landssnittet i foreldreundersøkinga – og på nokre område over snittet. Vi har arbeidd bevisst med temaet sjukefråvær, m.a. gjennom leiar- og personalmøta. Vi har samarbeidd med Arbeidslivssenteret om eit prosjekt vi kallar «Helsefremjande arbeidsplassar». Vi tok føre oss kva som kan gjerast betre på individ-, gruppe- og organisasjonsnivået. Sjukefråværet vårt har likevel gått opp, men det kjem i hovudsak ikkje av arbeidsrelaterte skader/plager.

Økonomi og budsjettstyring har også vore sterkt vektlagt. Det er lønnskostnadane som gir dei store utsлага på budsjettet vårt. Det har vore nøyne vurdert om vi set inn vikar ved sjukdom. Det er innført nye morgenrutinar med rapportering av barnetalet i forhold til talet på tilsette. Dette har dei pedagogiske leiarane og styraren ansvar for.

SATSINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	- 0,5 mill. kr	0,1 mill. kr	0
BRUKAR	Tal på foreldresamtalar pr. år	2	2	2
	Tal på evalueringar på nærliggende og ansvarsgrupper (enkeltbarn) pr. år	2	0	2
Førebygging	Tal på dagar bruk til fokusområdet autoritativt perspektiv	0	4	4
Arbeidsmiljø	Tal på planleggingsdagar bruk til utviklingsarbeid pr. år	5	5	5
	Tal på ped.leiarmøte i arbeidstida	8	8	10
	Tal på ped.leiarmøte med nærværarbeid mtp. sjukefråvær	6	7	10
Godt samarbeid	Tal på foreldremøte pr. år	1	1	1
	Tal på møte i foreldreutvalet pr. år	2	2	2
ORGANISASJON	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	4,1	4,1	4,0 eller meir
	Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,4	4,4	4,3 eller meir
	Sjukefråvær i %	8,53 %	11,99 %	6 %
Barnehagen som lærande organisasjon	Barnehagen har indikatorar til sine fokusområde for å sikre fagleg kvalitet	5	4	5



# Haddal skule

LEIAR: VIBEKE VIGESTAD BERGE

ÅRSVERK		TILSETTE	
	2015	2016	2017
Rekneskap	8,8	8,8	9,3
Budsjett	7,9	8,3	8,4
<b>Avvik</b>	<b>- 0,9</b>	<b>- 0,5</b>	<b>- 0,9</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017
Sjukefråvær	9,06	8,67	8,44

## Aktivitet og resultat 2017

Haddal skule er den minste av dei fire barneskulane i Ulstein, med for tida 67 elevar organisert i 5 grupper. SFO hadde hausten 2017 20 barn, halvparten med full plass. Elevane på Haddal skule kjem frå Eiksund, Garnes og Haddal, og om lag halvparten av elevane har rett til skuleskyss.

Haddal skule har hausten 2017 arbeidd målretta med dei tre teneste- og utviklingsmåla, og vi har spesielt gjort ein stor jobb i høve det første målet. Vi held fram med å jobbe med desse måla i 2018. Det har vorte gjennomført ei omfattande kompetanseheving der lærarane har fått formell kompetanse i digital læring, noko vi ser tydeleg igjen i klasseromma.

Skulen har gjennomført nasjonale prøver og elevundersøkinga. Resultata tyder på godt læringsutbytte og god trivsel for elevane ved skulen. I arbeidet med klasseleiing og læringsmiljø har vi hatt fokus på felles forventningar til ønskt åferd, noko vi ser frå elevundersøkinga at vi treng å jobbe med. Vi håper på betre resultat her komande skuleår.

Skulefritidsordninga har hatt om lag 20 påmelde born dette året. Vi er opptekne av at SFO skal vere ein stad der alle trivst og har gode mulegheiter til både leik og meistring.

Haddal skule hadde bytte av rektor halvveis i 2017. Arbeidsmiljøet ved skulen er godt, sjølv om vi har utfordringar med slitasje på grunn av elevgrupper med ulike vanskar. Vi har tatt tak i dette og jobbar målretta for å betre situasjonen.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Fokus på tydeleg klasseleiing og relasjonsbygging som gir trygt skolemiljø og god læring
- ▶ Utvikle ein vurderingspraksis som aukar trivsel, motivasjon og læring
- ▶ Nutte teknologi som verktøy i undervisninga for å auke motivasjon og læring

SATINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	- 0,5 mill. kr	- 0,9 mill. kr	0
BRUKAR	Skape gode resultat i basisfaga	Meistringsnivå i lesing 5. steg, nasjonale prøver	47	52
		Meistringsnivå i engelsk 5. steg, nasjonale prøver	46	49
		Meistringsnivå i rekning 5. steg, nasjonale prøver	50	54
	Vere gode på klasseleiing	Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga	4,6	3,9
		Arbeidsro i timane, elevundersøkinga	5,0	3,3
	Skape eit positivt skolemiljø	Trivsel på skulen, elevundersøkinga	4,6	4,5 av 5,0
ORG.		Mobbing, elevundersøkinga	1,0	unnateke offentleggjering
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år.	Ikkje nok respondentar	-
		Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	Ikkje nok respondentar	-
		Sjukefråvær i %	8,67 %	8,44 %
				5 %



# Hasund skule

LEIAR: MARIANNE ULSTEIN JOHNSTON

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Fokus på fagleg utvikling. Skulen legg vekt på den faglege utviklinga til elevane.
- ▶ Positivt skolemiljø. Det vert arbeidd målmedvite for å førebygge og forbetra elevmiljøet. Skulen har gode resultat på elevundersøkinga med omsyn til mobbing og trivsel.
- ▶ Godt arbeidsmiljø. Hasund skule arbeider systematisk med helse, miljø og sikkerheit og har plan for HMS med tilhøyrande årshjul for dette arbeidet.
- ▶ Vurdering for læring. Utvikle vurderingskultur og vurderingspraksis som har auka læringsutbyte som mål.
- ▶ Teknologi som verktøy i undervisninga, vidareutdanning for lærarar og leiing innan digital kompetanse og leiing av digital kompetanseheving. Satsing framover på den gode praksis innan digital læring

ÅRSVERK		TILSETTE	
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017
Rekneskap	18,3	19,3	19,3
Budsjett	18,3	18,0	19,1
<b>Avvik</b>	<b>0,1</b>	<b>- 1,3</b>	<b>- 0,2</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017
Sjukefråvær	5,93	5,62	5,98

## Aktivitet og resultat 2017

Hasund skule er ein av fem grunnskular i Ulstein kommune. Skulen ligg i Hasund krins. Skulen har 185 elevar på årsstega 1.–7. klasse. Dese er i skuleåret 2017/2018 organisert i 10 klasser. Skulen har SFO-tilbod med om lag 40 born. Skulen gir tilbod om grunnskuleundervisning i samsvar med opplæringslova for elevar i alderen 6–12 år.

Hasund skule har hatt fokus på å sikre elevane eit godt læringsmiljø, både fagleg og sosialt. Vi har eit årshjul for elevvurdering i form av testar og kartleggingsprøver, og eit for det psykososiale læringsmiljøet. Klassemiljø har vore på timeplanen minimum ein time pr. veke i alle klassar, og dette vil vi halde fram med. Leikepatruljen har vore eit vellukka tiltak for å styrke trivselen i elevane i friminutta.

Vi har innført ein plan for programmering for alle elevar i skuleåret 2017/2018, og slik har elevar fått vere kreative og utforskande på ein ny måte. Lærarane har også delteke på vidareutdanning i eit samarbeid med Høgskulen i Volda for å styrke digital kompetanse i læring.

Vi har gode resultat frå elevundersøkinga og nasjonale prøver, og vi vil arbeide vidare for å strekke oss enno meir. Vi har nulltoleranse for mobbing. Hasund skule hadde eit negativt økonomisk avvik for 2017, og dette skuldast at det er sett inn ekstraressursar i SFO.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	- 1,3 mill. kr	- 0,2 mill. kr	0
BRUKAR	Skape gode resultat i basisfaga	Meistringsnivå i lesing 5. steg, nasjonale prøver	50 poeng	58 poeng
		Meistringsnivå i engelsk 5. steg, nasjonale prøver	50 poeng	55 poeng
		Meistringsnivå i rekning 5. steg, nasjonale prøver	48 poeng	54 poeng
Vere gode på klasseleiing	Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga	4,1 av 5,0	4,1 av 5,0	4,6 av 5,0
	Arbeidsro i timane, elevundersøkinga	3,4 av 5,0	3,7 av 5,0	4,6 av 5,0
Skape eit positivt skolemiljø	Trivsel på skulen, elevundersøkinga	4,5 av 5,0	4,4 av 5,0	4,8 av 5,0
	Mobbing, elevundersøkinga	-	4,9 av 5,0	5,0 av 5,0
SFO	Score frå brukarundersøking på «trivsel til barnet» i SFO	-	-	5,0 av 6,0
	Score frå brukarundersøking på samarbeid mellom SFO og heimen	-	-	5,0 av 6,0
ORG.	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år.	3,5	4,0 eller meir
		Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,0	4,3 eller meir
		Sjukefråvær i %	5,62 %	5,98 %



# Ulstein skule

LEIAR: KAREN STRAND

## Aktivitet og resultat 2017

Ulstein skule har elevar frå krinsane Skeide, Ulstein og Flø. Skulen har skuleåret 2017/18 100 elevar fordelt på 1–7. trinn. Skulen har tilbod om SFO, med eit samla barnetal på 28 elevar. Vår teneste skal gi eit godt og inkluderande læringsmiljø som bidreg til positiv læring og utvikling for den enkelte elev i tråd med opplæringslova.

Personalet ved Ulstein skule har gjennom skuleåret arbeidd godt med både oppgåver og utfordringar for å nå teneste- og utviklingsmåla som var sett for skulen. Fokus dette skuleåret har vore å arbeide for at skulen skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø.

Frå administrasjonen si side har det vore prioritert å bruke mykje av felles-/samarbeidstida til å ruste lærarane for god pedagogisk bruk av ny teknologi i undervisninga, noko som er eit felles kommunalt satsingsområde.

Utviklingsarbeidet som det pedagogisk personalet har gjort for å skape god vurderingspraksis ved skulen, har vore både lærerikt og nyttig for alle partane i skulesamfunnet, og skulen trur dette vil få ein positiv innverknad på læringsutbytet til elevane framover.

Økonomisk sett var 2017 eit godt driftsår for Ulstein skule. Dette kan tilskrivast ein nøktern, godt innarbeidd og ansvarleg forbrukskultur, men er også eit resultat av arbeidet som har vore gjort for å skape eit godt arbeidsmiljø. Eit positivt og godt arbeidsmiljø skaper trivsel og fremjar samarbeids- og ansvarsjkjensle. Det fører igjen til større fleksibilitet blant tilsette for å løyse arbeidsoppgåvene skulen har og gir gjerne lågare sjukefråvær som gevinst.

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2015	2016	2017
16,3		18	
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017
Rekneskap	9,7	10,1	10,6
Budsjett	10,3	10,3	10,6
<b>Avvik</b>	<b>0,6</b>	<b>0,2</b>	<b>0,0</b>
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017
Sjukefråvær	11,40	9,36	7,98

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Fagleg utvikling og betre læringsresultat. Ulstein skule jobbar målretta for å auke elevane sitt læringsutbytte med god tilpassa opplæring for alle elevar og med fokus på å auke alle elevane sin motivasjon og innsats.
- ▶ Positivt skolemiljø. Ulstein skule skal vere ein inkluderande skule som arbeider for å gi alle elevane høg livskvalitet. Vi skal gi elevane ei trygg ramme for sosial vekst og modning.
- ▶ Godt, trygt og inkluderande arbeidsmiljø. Vi skal fremme arbeidslust og trivsel på Ulstein skule gjennom mellom anna å ha fokus på open og god dialog. Alle bidreg til ein god tilbakemeldingskultur og deler kunnskap og erfaring.
- ▶ Vurdering for læring, - utvikle vurderingskultur og vurderingspraksis som har auka læringsutbytte som mål.
- ▶ Teknologi som verktøy i undervisninga.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017	
<b>ØKONOMI</b>	Avvik mot budsjett	0,2 mill. kr	0,0 mill. kr	0	
<b>BRUKAR</b>	Skape gode resultat i basisfaga	Meistringsnivå i lesing 5. steg, nasjonale prøver Meistringsnivå i engelsk 5. steg, nasjonale prøver Meistringsnivå i rekning 5. steg, nasjonale prøver	51 poeng 52 poeng 61 poeng	50 poeng 50 poeng 56 poeng	50 p el. betre 50 p el. betre 50 p el. betre
	Vere gode på klasseleiing	Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga Arbeidsro i timane, elevundersøkinga	4,1 av 5,0 4,1 av 5,0	- -	4,8 av 5,0 4,7 av 5,0
	Skape eit positivt skolemiljø	Trivsel på skulen, elevundersøkinga Mobbing, elevundersøkinga	4,9 av 5,0 1,0 av 1,0	- -	5,0 av 5,0 1,0 av 1,0
	SFO	Score frå brukarundersøking på «trivsel til barnet» i SFO Score frå brukarundersøking på samarbeid mellom SFO og heimen	ny måling 2017 ny måling 2017	ny måling 2018 ny måling 2018	5,0 av 6,0 5,0 av 6,0
<b>ORG.</b>	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 el. meir innan 3 år Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år Sjukefråvær i %	3,8 3,6 9,36 %	ny måling 2018 ny måling 2018 4,0 el. meir 4,3 el. meir 5 %	4,0 el. meir 4,3 el. meir 5 %



# Ulsteinvik barneskule

LEIAR: VEGARD GURSKEVIK

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Ulsteinvik barneskule arbeider målretta for å auka elevane sitt læringsutbytte. Dette inneber god tilpassa opplæring for alle elevar. I skuleåra 16/17 og 17/18 vil «Vurdering for læring» få mykje merksemd i skulen sitt utviklingsarbeid.
- ▶ «Vurdering for læring»: utvikle vurderingskultur og vurderingspraksis som har auka læringsutbytte som mål.
- ▶ Ulsteinvik barneskule prøvar å legge eit godt grunnlag gjennom grundig systemarbeid med tidleg og tidleg innsats og kartlegging av elevane sitt læringsarbeid dei første skuleåra. Skulen vil vere ein dysleksivenleg skule, og utvikle betre tilpassa opplæring og teknologistøtte til elevar med lese- og skrivevanskår.
- ▶ God relasjonell klasseleiing sikrar elevane eit godt og trygt skulemiljø. Skulen har, og vil framleis, arbeide hardt for at dei tilsette får auka kompetanse på dette feltet. Elevane skal oppleve dei vaksne på skulen som gode støttespelarar i sitt læringsarbeid, fagleg og sosialt.
- ▶ Ulsteinvik barneskule skal vere ein god og trygg arbeidsplass. Arbeidsmiljøet skal fremme helse, miljø og trivsel.
- ▶ Teknologi som verktøy i undervisninga. Stor kommunal satsing på kompetanseheving og gode arbeidsverktøy for elevar og lærarar.

ÅRSVERK		TILSETTE		
57,4		68		
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017	
Rekneskap	34	34,6	36,2	
Budsjett	33,8	34,7	34,8	
<b>Avvik</b>	<b>- 0,1</b>	<b>0,1</b>	<b>- 1,4</b>	
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017	
Sjukefråvær	5,41	5,38	5,32	

## Aktivitet og resultat 2017

Ulsteinvik barneskule ligg sentralt i Ulsteinvik sentrum. Skulen har skuleåret 2017/2018 om lag 445 elevar fordelt på 21 klasser. Det vert gitt SFO-tilbod til om lag 120 born. Skulen har nærmere 70 tilsette. Skulen har tilhald i hovudbygget samt i tre klasserom i brakkerigg. Det er eiga klasse for fleirspråklege elevar utan tilstrekkelege norskkunnskapar. Skulen gir tilbod om grunnskuleundervisning i samsvar med opplæringslova for elevar i alderen 6–12 år. Skulen sine satsingsområder er teknologiskulesatsinga og «Vurdering for læring». Skulen deltek i tillegg i Læringsmiljøsenteret sitt læringsmiljøprosjekt «Skolens innsatsteam mot mobbing».

Ulsteinvik barneskule har i 2017 arbeidd målretta med dei to satsingane. Det har vorte gjennomført ei omfattande kompetanseheving der lærarane har fått formell kompetanse i digital læring. Prinsippa for god undervegsverdning har gjennom året sett eit sterkare og sterkare preg på lærings- og vurderingsarbeidet ved skulen. Skulen har gjennomført nasjonale prøver og elevundersøkinga. Resultata tyder på godt læringsutbytte og god trivsel for elevane ved skulen. Skulen vil i vidare arbeid fokusere spesielt på å skape godt læringsmiljø for elevane ved skulen. Skulefritidsordninga har hatt om lag 120 påmeldte born dette året. Tilboden har vore prega av leik, aktivitet og meistring.

Det var bytte av rektor halvveis i 2017 og det har også vore bytte av leiar for skulefritidsordninga dette året. Arbeidsmiljøet er godt og lågt sjukefråvær er ein god indikator på dette. Skulen har hatt ein krevjande økonomisk situasjon dette året. Auke i elevtal og tilrettelegging for særskilde behov har kravd auka ressursbruk. Leiinga har sett inn tiltak for å betre tilhøva for 2018.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,1 mill. kr	- 1,4 mill. kr	0
BRUKAR	Skape gode resultat i basisfaga	Meistringsnivå i lesing 5. steg, nasjonale prøver	50 poeng	50 poeng eller betre
	Meistringsnivå i engelsk 5. steg, nasjonale prøver	51 poeng	53	50 poeng eller betre
	Meistringsnivå i rekning 5. steg, nasjonale prøver	50 poeng	52	50 poeng eller betre
Vere gode på klasseleiing	Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga	4,6 av 5,0	4,6 av 5,0	4,5 av 5,0
	Arbeidsro i timane, elevundersøkinga	3,4 av 5,0	3,8 av 5,0	4,5 av 5,0
Skape eit positivt skulemiljø	Trivsel på skulen, elevundersøkinga	4,5 av 5,0	4,6 av 5,0	4,5 av 5,0
	Mobbing, elevundersøkinga	1,4 av 5,0	4,7 av 5,0	5,0 av 5,0
SFO	Score frå brukarundersøking på «trivsel til barnet» i SFO	-	-	5,0 av 6,0
	Score frå brukarundersøking på samarbeid mellom SFO og heimen	-	-	5,0 av 6,0
ORG.	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	3,3	-	4,0 eller meir
	Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	3,8	-	4,3 eller meir
	Sjukefråvær i %	5,38 %	5,32 %	5 %



# Ulstein ungdomsskule

LEIAR: LEON ROMESTRAND

## Aktivitet og resultat 2017

Ulstein ungdomsskule ligg i sentrum av Ulsteinvik og har om lag 370 flotte elevar i alderen 13–16 år fordelt på 14 klasser. Skulen har også om lag 55 motiverte tilsette. Ulstein ungdomsskule skal vere ein skule der eleven si sosiale og faglege læring alltid er i fokus. Alle elevar får tilbod om gratis frukost ved skulestart og varm lunsj til ein kostpris kvar dag.

Skulen jobbar systematisk med vurdering for læring og kan allereie vise til betre resultat på elevundersøkinga og ved nasjonale prøver. Satsinga «Teknologiskulen» er svært synleg ved Ulstein ungdomsskule. Med vidareutdanningsmodular frå Høgskulen i Volda er det pedagogiske personalet enda betre rusta til å kunne gi elevane betre tilpassa opplæring i klasseromet. Utgangspunkt er SAMR-modellen, der ein nytta teknologi for å gi endå betre læring.

Elevundersøkinga som er gjennomført av alle elevane ved ungdomsskulen viser god trivsel og at dei vaksne støtter elevane fagleg og emosjonelt.

Skulen har god og sunn økonomisk styring. Den nye lova om lærartettleik gjer at skulen må auke stillingsprosenten ved skuleåret 2018–19.

	ÅRSVERK	TILSETTE		
	44,9	53		
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017	
Rekneskap	40,3	39,9	39,4	
Budsjett	41	40,6	40,2	
<b>Avvik</b>	<b>0,7</b>	<b>0,7</b>	<b>0,8</b>	
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017	
Sjukefråvær	6,46	4,20	5,48	

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ «Saman om meistring og mangfold». Ulstein ungdomsskule arbeider for at alle elevar skal meistre i eit skolemiljø der mangfold vert verdsett.
- ▶ Elevar og foreldre møter profesjonelle vaksne med eit godt elev- og menneskesyn.
- ▶ Positivt skolemiljø. Skulen har ein plan for dette, og som inneheld mange tiltak som skulen forpliktar seg på å bruke i arbeidet med eit godt skolemiljø. Skulen deltek i programmet «skulen som samfunnsbyggjar» i regi av MOT sentralt.
- ▶ Faglege og sosiale resultat. UUS har allereie markert seg med gode resultat på nasjonale prøver og elevundersøkinga.
- ▶ Teknologi som verktøy i undervisninga. Alle elevar har kvar sin Chromebook med Google Classroom som verktøy.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,7 mill. kr	0,8 mill. kr	0
BRUKAR	Skape gode resultat i basisfaga	Meistringsnivå i lesing 8. steg, nasjonale prøver	49 poeng	50 p el. betre
		Meistringsnivå i lesing 9. steg, nasjonale prøver	53 poeng	53 p el. betre
		Meistringsnivå i engelsk 8. steg, nasjonale prøver	52 poeng	51 p el. betre
		Meistringsnivå i rekning 8. steg, nasjonale prøver	53 poeng	53 p el. betre
		Meistringsnivå i rekning 9. steg, nasjonale prøver	54 poeng	55 p el. betre
		Resultat grunnskulepoeng (10-60, 60 er best)	41,1 poeng	40,1 p el. betre
Vere gode på klasseleiring	Reaksjon frå dei vaksne i høve reglar, elevundersøkinga	3,7 av 5,0	3,5 av 5,0	4,5 av 5,0
	Arbeidsro i timane, elevundersøkinga	3,7 av 5,0	3,7 av 5,0	4,5 av 5,0
Skape eit positivt skolemiljø	Trivsel på skulen, elevundersøkinga	4,4 av 5,0	4,4 av 5,0	4,5 av 5,0
	Mobbing, elevundersøkinga	1,2	1,3	1,0 av 1,0
Godt samarbeid med lokale bedrifter	Tal på gjennomførte arrangement som styrker samarbeid mellom elev og lokale bedrifter	5	6	5
ORG.	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	3,8	-
		Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	3,7	-
		Sjukefråvær i %	4,20 %	5,48 %
				5 %



# PPT

LEIAR: INGRID EVEBØ HAUG

ÅRSVERK		TILSETTE		
18,55		22		
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017	
Rekneskap	3,3	3,6	3,5	
Budsjett	3,6	3,3	3,4	
<b>Avvik</b>	<b>0,3</b>	<b>- 0,3</b>	<b>- 0,1</b>	
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017	
Sjukefråvær	10,28	5,84	5,99	

## Teneste- og utviklingsmål

### PPT skal:

- ▶ Vere tilgjengeleg i barnehage og skule, og bidra til heilskap og samanheng i pedagogisk arbeid
- ▶ Arbeide førebyggande og bidra til tidleg innsats med stort fokus på systemarbeid, kompetanseheving og organisasjonsutvikling
- ▶ Ha god fagleg kompetanse på organisasjonsutvikling, endringsleiring og inkludering
- ▶ Delta aktivt i kommunen sine satsingsområde, som til dømes utviklingsprosjekt
- ▶ Utarbeide gode sakkunnige vurderinger der lova krev det.

## Aktivitet og resultat 2017

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) skal arbeide førebyggande, vere tidleg inne, syte for heilskap og samanheng, samstundes som tenesta skal vere tydeleg, tilgjengeleg og kompetent. Skal vi nå desse måla, må PPT vere på organisasjonsnivå og delta i felles overordna satsingar. Vi må saman utarbeide felles forpliktande strategiar, slik at tenesta kan nå intensjonane om å redusere arbeid med enkeltindivid og såleis bistå skule og barnehage med kompetanseheving og organisasjonsutvikling på systemnivå.

I august 2017 starta Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda eit nytt samarbeid om felles PPT. Ulstein kommune er vertskommune. I tillegg kjøper fylkeskommunen tenester frå PPT til dei vidaregåande skulane i Ulstein, Ørsta og Volda. Sidan det er få månadar sidan det nye interkommunale PPT-samarbeidet starta, er det vanskelig å måle resultat for 2017. Mål som er sett for tenesta er realistiske å nå i 2018. Kontoret har ei heilt klar målsetting om å arbeide endå meir med kompetanseheving og organisasjonsutvikling saman med overordna nivå, barnehagar og skular i alle kommunane.

Satsingane våre framover vert mellom anna dette: Kompetanseløftet/organisasjonsutvikling – eit langsigkt endringsarbeid som mellom anna handlar om kompetanseheving i einingane til å drive endringsarbeid, utvikle autoritative vaksne, førebygge og handtere mobbeåtferd og utviike leikekompetanse i eit inkluderande læringsmiljø. Når det gjeld mobbing, tilbyr PPT alle skulane m.a. kompetanseheving om førebygging, avdekking, handtering og ettervern. Vi tilbyr kompetanseheving i bruk av ulike verktøy for til dømes sosial, emosjonell og fagleg kompetanse. PPT har generelt stort fokus på psykisk helse og det å samhandle tverrfagleg. PPT ser på barnet/elevnen som ressurs, og målet er at alle elevar og barn skal inkluderast i autoritative miljø.

Oversikta over måloppnåing er ikkje med. Grunnen er at det ikkje ligg føre relevante 2017-tal frå den gamle PPT-organisasjonen, fordi han vart lagd ned midtvegs i året. PPT i Ulstein gjekk då inn i ei utvida interkommunal PPT-teneste.





# Inkludering og mangfold

LEIAR: LARS ERLING BJÅSTAD HOVLID

	ÅRSVERK			TILSETTE
	5	6		
	NETTO RESULTAT	2015	2016	2017
Rekneskap	- 12,6	- 16,2	- 21,2	
Budsjett	- 10,7	- 12,7	- 12,6	
Avvik	1,9	3,5	8,7	
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017	
Sjukefråvær	sjå oppvekst- og kulturetaten			

## Aktivitet og resultat 2017

Ulstein kommune har dei siste åra busett eit forholdsvis høgt tal på flyktingar. På det meste var det i 2017 om lag 60 deltarar i introduksjonsprogrammet. Eit viktig fokus har i 2017 vore målretting av kvalifiseringsarbeidet for å betre overgangen til arbeid. Vi har jobba aktivt med å spisse den individuelle rettleiinga gjennom programrådgjevarane i flyktingtenesta. Ulstein kompetansesenter og flyktingtenesta har jobba tett saman.

Eit viktig nytt tiltak i 2017 har vore «Prosjekt praksis». Målet med prosjektet har vore å få fleire deltarar ut i gode praksisplassar, styrke læringsutbytter fra praksisen og betre relasjonen til fleire arbeidsgjevarar. Resultata frå prosjektet har vore svært positive. Målet er at 70 % av dei som avsluttar introduksjonsprogrammet skal gå over til arbeid. I 2017 var talet 45,8 %. Kartlegging syner at ein svært stor del av deltarane i introduksjonsprogrammet står svært langt frå arbeidslivet når dei startar i programmet, både med tanke på formal- og realkompetanse. Det gjer at ein vil ha problem med å nå måltalet.

2017 gav eit overskot på kr 8,7 mill. Dette kjem mellom anna av etterbetaling av tilskot frå tidlegare år og busettingsar seint på året. Ved busetting seint på året får ein heile tilskotet busettingsåret, medan kostnadane knytt til busettinga kjem seinare år.

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Arbeide aktivt med busetting/integrering
- ▶ 70 % av alle flyktingar ut i jobb eller utdanning etter fullført introduksjonsprogram
- ▶ Fleire busette flyktingar skal bli varig økonomisk sjølvhjelpte.
- ▶ Heve kompetansenivået og styrke samhandlinga kring flyktingarbeidet i Ulstein kommune i alle etatar
- ▶ Styrke tilbodet om praksis som ein del av introduksjonsprogrammet og styrke tilbodet til dei som har skuleretta løp
- ▶ Etablere og vidareutvikle samarbeid med aktørar i arbeidslivet og frivillig sektor
- ▶ Utvikle nye arena for inkludering og integrering
- ▶ Kompetanseheving og spesialisering hjå tilsette i flyktingtenesta
- ▶ Utvikle nye arena for inkludering og integrering.
- ▶ Kompetanseheving og spesialisering av tilsette i flyktingtenesta.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	3,5 mill. kr	8,7 mill. kr	0 kr
BRUKAR	Busetting	Tal på busette flyktingar	32 + 15 familiesameinte	23 + familiesameinte
		Tal på oppfølgningar av språkpraksis/arbeidspraksis pr. år	8	22
		Tal på veker med norskopplæring pr. år	45	45
		Tal på veker med yrkesretta undervisning pr. år	45	45
		Tal på undervisningsveker i grunnskulefag pr. år	38	45
		Andel av deltarane i introduksjonsprogrammet som har tilbod om relevant praksis	-	22
		Antal deltarar i «prosjekt praksis»	-	17
ORG.	Integrering	Prosantandel av deltarar som kjem i jobb/skule etter endt introduksjonsprogram.	21,4 %	45,8 %
	Kompetanseheving	Alle tilsette på Flyktingavdelinga skal ha høve til å delta på kompetansehevende tiltak.	Alle har fått tilbod om eitt eller fleire kurs.	Alle har fått tilbod om eitt eller fleire kurs.



# Ulstein kompetansesenter

LEIAR: LARS OVE MOLDSKRED

## Teneste- og utviklingsmål

Ulstein kompetansesenter er eit vaksenopplærings-senter som utviklar tenestene sine til beste for brukarane gjennom:

- ▶ Å arbeide målretta for at elevar og brukarar skal ha høgt læringsutbytte, inkludert gode eksamensresultat.
- ▶ Systematisk skuleutvikling gjennom intern kompetanseutvikling, kompetanseutvikling i fylkesnettverket for vaksenopplæring, og deltaking i prosjektet Vurdering For Læring.
- ▶ Fokus på arbeidsmiljø, med tett oppfølging av alle medarbeidarar, og nært samarbeid med arbeidsplassstillsvald og verneombod.
- ▶ Å vere ein tydeleg aktør i arbeidet med integrering og inkludering av innvandrarar gjennom kvalifisering i norsk og samfunnsfag, og samarbeid med Nav og flyktningtenesta om introduksjonsordninga.

ÅRSVERK		TILSETTE		
16,8		21		
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017	
Rekneskap	4	5,1	9,6	
Budsjett	4,8	5,0	5,5	
Avvik	0,7	- 0,1	- 4,0	
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017	
Sjukefråvær	8,91	4,15	10,62	

## Aktivitet og resultat 2017

Ulstein kompetansesenter skal vere ein synleg og aktiv leverandør av tenester på desse områda: Norsk og samfunnsfag for innvandrarar. Grunnskule for vaksne/spesialpedagogikk. Kommunelogoped. Kontrollert multisensorisk miljø. Opplæring i grunnleggande ferdigheter. Norskopplæring og grunnskuleopplæring av einslege mindreårige asylsøkjarar (16–18 år).

I løpet av 2017 merka vi ein markant nedgang i norskdeltakarar og statlege overføringer. Mottaket for einslege mindreårige asylsøkjarar i Ulsteinvik vart nedlagt og færre arbeidsinnvandrarar har ønska eller sett seg råd til å gå på norskkurs. Vi hadde mange vaksne asylsøkjarar på kurs, men fleire av desse kom frå andre mottak, og vart raskt busette i ein ny kommune då dei fekk opphold. Dette førte til ei kraftig redusering i tilskota per asylsøkjar. I 2017 hadde vi eit høgt tal på tilsette, og prosenten sjukmelde vart meir enn dobla frå året før. Vi hadde tett oppfølging av dei sjukmelde, og vi såg på alle moglegehiter for å avgrense vikarbruk.

I september vart det klart at Ulstein kompetansesenter fekk prosjektmidlar fra Kompetanse Noreg for å vere eit kompetansesenter for nynorsk i vaksenopplæringa skuleåret 2017–2018. Vi fekk tildelinga på bakgrunn av solid erfaring og engasjement på området.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	- 0,1 mill.kr	- 4,0 mill.kr	0
BRUKAR	Tal på betalingselevar	80	38	50
	Tal på Kompetanse + kurs	0	2	0
	Kjernetid norskopplæring i samsvar med intensjonane i introduksjonslova	Norsk år 1: 16-20 t/v Norsk år 2: 9-13 t/v	Norsk år 1: 24 t/v Norsk år 2: 16 t/v	Norsk år 1: 24 t/v Norsk år 2: 16 t/v
	Antal kandidatar som får resultat A2 eller betre på munnekleg norskprøve	32 av 34	43 av 53	80 %
	Tal på deltakarar som består samfunnsfagprøve på morsmålet eller norsk/ statsborgarprøven	Morsmål: 17/18 Norsk: 3/4	Morsmål: 30/40 Norsk: 20/29	80 %
Døropnar for vidareutvikling	Logoped, ventetid i prioriterte saker	2 veker	3 veker	2 veker
	Snoezelen, tal på betalande elevar	12	11	14
	Grunnskule vaksne, spesialpedagogikk, reduksjon av enkelttimar, opprettning av grupper, tal på grupper	4	6	6
ORG.	Faktoren Meistringsorientert leiing i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	3,7	ikkje målt	4,0 eller meir
	Faktoren Bruk av kompetanse skal ha score på 4,3 eller meir innan 3 år	4,0	ikkje målt	4,3 eller meir
	Sjukefråvær i %	4,15 %	10,62 %	<4 %



# Kulturavdelinga

LEIAR: LEIF RINGSTAD

## Aktivitet og resultat 2017

Kulturavdelinga vart oppretta i august 2014 som sjølvstendig eining, men vart frå 1.1.2018 ført tilbake som ei eining under oppvekstetaten. Fram til 31.12.2017 omfatta kulturavdelinga kulturadministrasjonen, Ulstein kulturskule, Ulstein bibliotek, Sjøborg kulturhus, Sjøborg kino, drift av idrettsanlegg, ungdomsklubben Bell og Ulstein frivilligsentral. Avdelinga er også koordinator for ungdomsrådet og arrangør av kulturdagane Smak av Ulstein. Frå 1.12.2017 opna Ulstein Arena med elleve tilsette servicevertar og badevakter, som vert drifta og leia av kulturkontoret.

Kulturkontoret si hovudoppgåve er drift av dei store kulturinstitusjonane Ulstein Arena, Sjøborg kulturhus, Sjøborg kino, Ulsteinhallen, etablering av turstiar, tilrettelegging for det lokale kulturlivet med vekt på barne- og ungdomsaktivitet, handsaming av søknadar om kulturminalar, utleige av hallar og andre bygningar, tildeling av treningsstider, konsertar og teaterarrangement, ungdomsarrangement, kulturminnevern, stimulering av frivillig arbeid m.m. Kulturkontoret er også ein aktiv pådrivar, rådgjevar og tilretteleggar for idretts- og friluftsliv, inkludert rådgiving og handsaming av søknader om spelemidlar.

Øvingslokale for band, ungdomsklubben og ungdomsrådet er viktige ungdomstiltak som administrativt er lagt til kulturavdelinga. Ei anna viktig oppgåve er å legge til rette for idrett og fysisk aktivitet, der kommunedelplan for Idrett og friluftsliv (KIF-planen) er eit viktig verktøy. Planen inneheld handlingssprogram med prioriterte tiltak innan idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Det vert stilt krav om prioritert i KIF-planen for å få tilskot frå spelemidlane.

Det kulturadministrative arbeidet har gått som vanleg, medan arbeidet med kulturminneplan for Ulstein har vorte sett på vent. Økonomisk sett har året vore på det jamne, med eit årsresultat om lag i balanse for drifta. Ser vi på tala i rekneskapen viser dei eit negativt resultat på 600 000 kroner, som i hovudsak kjem av eit ikkje-spesifisert innsparingstiltak på 500 000 kroner kulturområdet vart tildelt våren 2015.

ÅRSVERK		TILSETTE		
18,1	34			
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017	
Rekneskap	9,0	9,6	10,2	
Budsjett	9,3	9,1	9,6	
<b>Avvik</b>	<b>0,3</b>	<b>- 0,5</b>	<b>- 0,7</b>	
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017	
Sjukefråvær	3,42	7,94	6,74	

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Kulturkontoret skal vere ein aktiv samarbeidspartner og pådrivar for det lokale kulturlivet.
- ▶ Kulturkontoret skal legge til rette for og drifte gode anlegg for idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet, inkludert friluftsliv, samt sikre gode rammevilkår for barne- og ungdomsidretten/-aktivitetene.
- ▶ Kulturkontoret skal drifte Ulsteinbadet og gjere anlegget til ein attraksjon både for brukarar frå Ulstein og tilreisande.
- ▶ Kulturkontoret har fokus på ungdomsarbeidet i kommunen gjennom Bell ungdomsklubb, Ungdoms-rådet, MOT i lokal-samfunnet og Ungdommens Kulturmønstring.
- ▶ Ulstein bibliotek skal utviklast til eit moderne, attraktivt og utadretta folkebibliotek, med mål om auka utlån og besök.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	- 0,5 mill. kr	- 0,7 mill. kr	0
BRUKAR	Brukartfredsheit	Score på innbyggerundersøking	-	5
	Ulstein bibliotek	Utlånstal	21400	16900 (stengt i tre mnd.)
		Arrangement/skulebesøk/forfattarbesøk	-	-
	Treningsstider til lag og organisasjoner	Tal på søkerar som ikkje får tildelt trenings- og øvingstid til organisert idrett, korps og kor.	ingen	ingen
	Tilrettelegging for idrett og friluftsliv	Alle søkerar om spelemidlar vert godkjende av fylke/departement	alle	19 søkerar (nye og gjentekne), 4 nye søkerar, 3 godkjende
		Bygging av 1 km turveg årleg	2,5 km	2,5 km
	Bell Ungdomsklubb/Ungdomsarbeid	Tal på besökande på Bell pr. veke, fordelt på to kveldar (tysdag/fredag)	130	130
		Tal på gjennomførte ungdomsarrangement pr. år (turar, konsertar, prosjekt, kurs m.m.)	10	20
		Handsama saker i Ungdomsrådet pr. år	15	18
		Deltakarar på UKM kvart år	44	50
	Smak av Ulstein	Tal på gjennomførte arrangement på Sjøborg eller andre lokale	8	10
		Fast samarbeid med næringsliv/butikkgruppa	ja	ja

# Sjøborg kulturhus og kino

Sjøborg kulturhus hadde i 2017 eit noko lågare aktivitetsnivå enn tidlegare. Hovudgrunnane til dette var nok både avgrensa kapasitet pga. fokus på bygginga og opninga av Ulstein Arena, og to store konserter i Ulsteinhallen og Ulstein Arena. Talet på besökande var på nær 11 000, og vi har eit økonomisk resultat tilnærma i balanse.

Sjøborg er framleis eit attraktivt kulturhus både mellom nasjonale og lokale aktørar, og tilbakemeldingane frå dei besökande er i all hovudsak svært gode.

Sjøborg kino hadde i 2017 eit av sine beste år med over 30 000 besökande. Resultatet for fjoråret viser ei drift om lag i balanse. Kinoen har ein omsetnad på om lag fire millionar kroner årleg. Når driftsresultatet likevel viser eit negativt resultat, kjem dette i hovudsak av ei underbudsjettering på lønn, tilsvarende det negative avviket. I tillegg til lønnskostnader, er filmleige ein stor utgiftspost med 30 prosent av billettinntektena.

SATINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	- 0,2 mill. kr.	- 0,2 mill. kr.	0,-
Sjøborg kino	Nytt moderne lydanlegg i kinoen (Dolby Atmos)	ikkje prioritert	ikkje prioritert	realisering
	Tal på visningar av «kvalitetsfilmar» pr. år	-	8–10	8
	Nye kinostolar	nei (utsett til 2018, vedtak i UKK)	nei (utsett til 2018, vedtak i UKK)	tiltak i regi av UKK AS
	Tal på skulevisningar pr. år	5	2	5
Sjøborg kino – attraktivitet	Årleg besøkstal	33 200	30 193	30 000
	Gjennomsnittleg besøkstal pr. framsyning	38	35	35
	Tal på framsyningar på laurdagskveld pr. år	meir enn 40	meir enn 40	40
God marknadsføring/godt omdømme	Tal på filmomtalar i Vikebladet pr. månad	0,5 (+ fleire red. artiklar)	6 gongar i året, i tillegg red. artiklar	1
	Tal på framsyningar/besøkstal på den store kinodagen	7 frams., 580 besökande	660 (rekord)	7–8 f., 500 b.
Sjøborg kulturhus - utleige og attraktivitet	Statusoppdateringar på Sjøborg kulturhus og kino si Facebook-side (info om komande filmar m.m.)	meir enn 4 pr. veke	meir enn 4 pr. veke. Også aktiv på Instagram	2–4 pr. veke
	Utleige til lokale kulturarrangement	10	11	10
	Tal på større konserter i eigen regi pr. år	7	6	5
	Tal på utleige til kommersielle aktørar	11	11	10
	Club Sjøborg, tal på arrangement pr. år	6	2	5–6
ORG.	Besøkstal pr. år	12 128	10 837	12 000
	Medarbeitarundersøking	Resultat medarbeitarundersøking for tilsette på Sjøborg kino	ikkje målt	ikkje målt

Bror Magnus Tødenes fekk i 2017 Statoils talentstipend på 1 million kroner.  
Foto: Ole Jørgen Bratland / Statoil



# Ulstein kulturskule

Måloppnåinga for 2017 er vi nøgde med. Vi har ein stabil elevmasse og entusiastiske lærarar. Det har vore stor aktivitet i kulturskulen med eigne arrangement, og vi er mykje brukte til speleoppdrag til lag og organisasjonar i kommunen elles.

Det var høgt sjukefravær også dette året p.g.a. langtidssjukemelding, men dette kan ikkje knytast opp mot forhold på arbeidsplassen.

I 2017 vart «Fjøresteinane» ein del av kultuskulen sitt undervisningstilbod. Vi er godt i gang med implementering av rammeplanen «Mangfald og fordjupning», og saman med kulturskulane i dei andre kommunane på Søre Sunnmøre innfører vi «Vurdering for læring.»

Vi har høgt kvalifiserte lærarar, og det er med på å gjere at arrangementa ved skulen held eit høgt nivå.

SATINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,1 mill. kr	- 0,2 mill. kr	0
BRUKAR	Utvikle eleven sine evner	Tal på arrangerte elevkonsertar pr. år	30	19 eigne arrangement, 36 medverknadar i andre arr.
		Alle tilsette må vere faglærte eller ha tilfredsstillande realkompetanse	tilfredsstillande	tilfredsstillande
	Kulturskuletilbod til alle	Tal på elevplassar som vert nytta i kulturskulen sitt tilbod pr. år	506 elevplassar (361 born)	545 (404 born)
		Tal på elevar på venteliste	56	30
ORG.	Rekruttering til skulekorpsa	Tal på aspirantar pr. skulekorps	16 til saman	31 til saman
		Tal på gjennomførte medarbeidarsamtalar	100 %	100 %
	Saman skaper vi eit godt arbeidsmiljø	Faktoren «Meistringsorientert leiing» i 10-faktor skal ha score på 4 eller meir innan 3 år	3,5	ikkje målt
		Faktoren «Bruk av kompetanse» skal ha score på 4,3 el. meir innan 3 år	4,5	ikkje målt
		Sjukefravær i %	8,40 %	6,85 %
				1,5 %

# Ulstein bibliotek

Overgangen til nye lokale i Ulstein Arena, gjorde 2017 til eit år med unntakstilstand for Ulstein bibliotek. Sjølv om dette var eit spesielt år, har vi halde oppe normal drift fram til hausten. Vi har hatt ei utstilling om søppelplasten i havet i lag med Fylkesbiblioteket og Søre Sunnmøre Reinhaldsverk. Vi har hatt «Sommarles» som dei føregåande åra, og i år la vi avslutninga til Trebåtfestivalen. Vi hadde eitt litterært arrangement for barnehagane under Smak av Ulstein. Vi heldt stengt frå 1. september til og med 1. desember for å merke, pakke og sanvere i samlinga.

Innan 2. desember hadde vi pakka ut og kome på plass i nytt bibliotek med 20 000 einingar.

Det var ikkje tatt høgde for den store omstillinga i måla som var satt i økonomiplanen. Resultata for 2017 må difor sjåast i samanheng med dette arbeidet og prosessen ein har vore gjennom. Det økonomiske avviket er i hovudsak knytt til ekstrakostnadene i samband med flytteprosessen og etableringa i det nye biblioteket.

SATINGSOMRÅDE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKO.	God økonomisk styring	Avvik mot budsjett	0,0 mill.kr	- 0,2 mill.kr
	Skaffe prosjektmidlar	Tal på nye prosjekt finansiert med tilskot pr. år	1 prosjekt	-
BRUKAR	Auke aktiviteten i biblioteket	Tal på besökande pr. år	16 000	14 000
		Tal på tradisjonelt utlån	21 359	16 900
		Tal på e-utlån	1427	-
ORG.	Utvikle biblioteket som sosial og kulturell møteplass	Tal på skuleklasser på besøk i biblioteket	-	12
		Tal på barnehagebesøk i biblioteket	-	14
		Tal på innvandrargrupper på besøk i biblioteket	-	9
		Tal på leseombod etablert gjennom prosjektet «Bok for alle»	5	5
ORG.	Informere lokalsamfunnet om biblioteket sine tenester	Tal på nyhetsartiklar i media som omhandlar biblioteket	ikkje målt	22
		Tal på nyheter publisert på nettsida til biblioteket/kommunen	ikkje målt	10
				15



# Ulstein brannvesen

LEIAR: ARNE RUNAR VIK

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Beredskapen skal takle utfordringar ut frå dei til ei kvar tid gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer, brannordning og vedtak elles.
- ▶ Det førebyggande arbeidet skal redusere brannrisiko og redusere konsekvensar av brann. Fokuset skal retta mot såkalla utsette grupper med tanke på brann.
- ▶ Feie- og tilsynstenesta i bustadane skal utførast i tråd med framdriftsplan basert på lov, forskrifter og retningslinjer. Sal av feienester til Herøy skal vidareførast. Det er inngått avtale om sal av feienester til Vanylven kommune, i første omgang gjeldande til 1.7.2018 med opsjon for to år til.

ÅRSVERK		TILSETTE		
3,33	22			
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017	
Rekneskap	5,8	6,3	6,8	
Budsjett	6,1	6,7	6,4	
Avvik	0,3	0,4	- 0,4	
SJUKEFRÅVÆR I %	2015	2016	2017	
Sjukefråvær	sjå teknisk etat			

## Aktivitet og resultat 2017

Brannvesenet omfattar brannberedskap, redning, brannførebygging, feiing og tilsyn i bustadane, sivilforsvar og vern mot akutt forureining. I beredskapsstyrken er der 20 personar. Vaktstyrken har kontinuerleg dreiande firedele vakt á fem personar inkludert brannbefalvakt.

Det var ingen omkomne i brannar eller trafikkulukker i vår kommune dette året. Møre og Romsdal 110-sentral registrerte 115 hendingar relatert til brann og redning for Ulstein kommune i 2017. Av aksjonar kan nemnast to bustadbrannar og bistand til både Herøy og Hareid kommune ved bygningsbrannar.

Øvingsplanen vart gjennomført i grove trekk som planlagt. Det var samøving med Ulstein Verft med røykdykking i brakkerigg som hovudtema. Varm øving vart gjennomført hos Ålesund brannvesen.

Etter tilsyn frå Arbeidstilsynet sommaren 2016, vart arbeid med planlegging av ny brannstasjon intensivert frå administrasjonen si side. Pga. at kommunestyret i økonomiplan-/ budsjetthandsaminga i desember 2017 løyvde midlar til ny stasjon først i 2020, vart det søkt om utsett frist for retting av nokre av avvika frå tilsynet. Det er ikkje teke endeleg avgjerd i spørsmålet om tomteval for ny stasjon.

Det førebyggande arbeidet vart gjennomført stort sett i samsvar med årsplanen. I samband med Aksjon bustadbrann i desember, vart det gjennomført 80 husbesøk med fokus på branngrygleik hjá personar i såkalla utsette grupper. Det vart utført langt færre tilsyn i bustadane enn planlagt m.a. pga. permisjon. Feiing vart utført i stor grad i samsvar med målsetjinga.

Meirforbruket hjá brannvesenet for 2017 er på om lag 400 000 kroner trass i svært stram budsjettidisplin, innkjøpsstopp på slutten av året og minimal vikarbruk i høve behovet. Hovudårsaka er at postane for fast lønn og vaktgodtgjersle er for lave i forhold til realitetane utifrå stillingsstørleikar og vaktordning basert på gjeldande brannordning og lover/forskrifter.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	0,4 mill. kr	- 0,4 mill.kr.	0
BRUKAR	Tal på gjennomførte tilsyn av særskilde brannobjekt	37	34 av 45	40 av 48 objekt
	Tal på tilsyn i omsorgsbustader og utleigehusvære - oppfølging av lokal forskrift om tilsyn i denne typen bygg	100	80	60
	Del av husvære med fyringsanlegg som har fått tilsyn	241 (8 %)	96 (4 %)	25 %
	Andel piper der huseigar av fått tilbod om feiing	1002 (34 %)	1014 (43,1%)	50 %
TRYGGLIKAFT	Tal på avvik ved tilsyn frå DSB	2 avvik	ikke tilsyn	0
	Uttrykkingstider i samsvar med brannordninga frå alarmen går: Utrykking frå stasjonen innan 4 minutt på dagtid og innan 6 minutt om natta	dagtid: 10 av 43 natt: 3 av 6	dagtid: 8 av 53 natt: 1 av 8	auke delen ≤ 4 min auke delen ≤ 6 min
	Tal på deltagning i nasjonale kampanjar	3	5	minimum 2
FAGLEG UTVIKLING	Brannmannskap som har gjennomført grunnkurs deltid	13 av 16	14 av 16	13 av 16
	Tal på samarbeidsmøte innan brannførebygging Søre Sunnmøre med deltagning	1 av 1	1 av 1	2 av 2
	Tal på brannsjefsmøte for Søre Sunnmøre med deltagning	2 av 2	2 av 2	2 av 2
ØVINGSAKTIVITET	Gjennomførte øvingar pr. år, derav 1 varmøving for røykdykkarar	10 øvingar – 2 varme	9 øvingar – 1 varm	10 øvingar – 1 varm
	Tal på samøving med industrien pr. år	1	1	1
SAL AV FEIENESTE	Tal på gjennomførte feiingar/tilsyn i Herøy kommune	feiing: 920 av 1800 (51%) tilsyn: 200 av 3300 (6 %)		50 % 25 %
	Tal på gjennomførte feiingar/tilsyn i Vanylven kommune	feiing: 788 av 1400 (56 %) tilsyn: 2016 ikkje med i avtalen	feiing: 638 tilsyn: 187	feiing 50 % tilsyn 25 %



# Plan- og bygningsavdelinga

LEIAR: ANITA SUNDNES

## Aktivitet og resultat 2017

Avdelinga har ansvar for utarbeiding av kommuneplanar, handsaming av reguleringsplanar og rettleiing innanfor lovverket som avdelinga forvaltar. Søknader om bygg, anlegg og deling av grunneigedom, samt registrere tiltak i matrikkelen er løpende oppgåver. Kart- og delingsforretningar, seksjoneringssaker og forvaltninga av det digitale kartverket for grunn- og egedomsdata er også eit betydeleg fagfelt. I tillegg forvaltar avdelinga kommunale låne- og tilskotsordningar (Husbanken) og sal og tilrettelegging av kommunale bustad- og næringstomter. Avdelinga førebur saker for avgjerd i teknisk utval, formannskap og kommunestyre.

Fordi byggeaktiviteten i kommunen er lav og at det er få kommunale tomter for sal, har avdelinga også dette året hatt sviktande inntekter innan byggesak og oppmåling. Men på grunn av vakanse i stilling på både plan og oppmåling, og at avdelingsleiaren vart konstituert som kommunalsjef, vart sluttresultatet likevel positivt. Det vart tilsett ny oppmålingsingeniør i august og vikar for planleggar i midten av oktober.

Sunnmørskart.no vart lansert på ny plattform – Kommunekart – ei plattform som vert nytta til å lage ulike temakartklientar for både intern og ekstern bruk. Dei sju kommunane på Søre Sunnmøre gjekk som nokre av dei første kommunane i landet over til å lagre og ajourføre kartdata via SFKB – ein nasjonal felles kartserver der originaldataa ligg lagra hos Statens kartverk. Det gjer at kartdata frå vår region alltid er a jour ut mot andre brukarar i landet.

Vi har i perioden arbeidd med arealdelen av kommuneplanen, den låg ute til 1. gongs offentleg høyring. Det er godkjent éin detaljreguléringsplan – Vollane. Det vart gjort eit omfattande arbeid med å få registrert dispensasjonar inn i planregister og gjere dei tilgjengelege på nett. Det er utarbeidd ein interkommunal marin næringsanalyse for ytre Søre Sunnmøre. Det er eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet med den interkommunale kystsoneplanen.

ÅRSVERK	TILSETTE		
	2015	2016	2017
5,8	6		
<b>NETTO RESULTAT</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Rekneskap	2,1	3,3	2,5
Budsjett	2,2	2,7	3,0
<b>Avvik</b>	<b>0,1</b>	<b>- 0,6</b>	<b>0,5</b>
<b>SJUKEFRÅVÆR I %</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Sjukefravær		sjå teknisk etat	

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Utarbeide planstrategi og kommunale reguleringsplanar i samsvar med kommuneplan, overordna styringssignal og politiske vedtak med sikte på god og langsigkt arealforvaltning.
- ▶ Å oppfylle krava for planlegging og forvaltning som er nedfelte i plan- og bygningslova på ein fagleg god og ressurseffektiv måte.
- ▶ Å kunne rettleie, gi fagleg gode råd knytt til privat reguleringsarbeid og søknadsprosessar i bygge- og frådelingssaker og oppmålings-tenester. Brukarane skal oppfatte informasjon og sakshandsaming som føresieleg, korrekt, objektiv og at avdelinga opptrer profesjonelt.
- ▶ Ha eit à jour digitalt kartverk som grunnlag for tenestene vi utfører.
- ▶ Halde lovfastlagde sakshandsamingsfristar og fristar for utføring av oppmålingstenester.
- ▶ Få tilrettelagt nye bustad- og næringss-areal slik at målsetjingane i overordna planverk om tomtetilgang kan oppnåast.

SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKONOMI	Avvik mot budsjett	- 0,6 mill. kr	0,5 mill. kr	0 kr
BRUKAR	Digitalt kartverk	Prosentvis del av bustadhus med bruksløyve i nye byggefelt som er innmålt og lagt inn i kartet	100 %	95 %
	Sikre barn og unge sin medverknad i plansaker	Involvere ungdomsrådet i alle plansaker som er relevante	50 %	100 %
	Sakshandsaming byggesak	Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for søknader med tre vekers svarfrist	13,5 dagar	17,5 dagar
	Tilsyn byggesak	Prosentvis del av utførte tilsyn i nye bueiningar	100 %	100 %
	Oppmålingsarbeid	Tal på utført oppmålingsarbeid innanfor lovfastlagd frist	41/46 (89 %)	24/26 (93 %)
	Brukarundersøking byggesak	Score frå brukarundersøkinga: informasjon	4,7	-
	Fagleg utvikling for alle	Score frå brukarundersøkinga: respektfull handsaming	5,3	-
ORG.		Totalt snitt på brukarundersøkinga	5,0	-
		Tal på medarbeidarar som har delteke på nasjonalt, regionalt eller lokalt kurs/samling pr. år	7/7	7/7
		Snitt tal på kurs/samling pr. medarbeidar pr. år	3	3



# Anlegg og drift

LEIAR: ODD KÅRE WIIK

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Ha god standard på grøntanlegg i sentrum
- ▶ Utvikle spesialkompetanse ytterlegare for å spisse hovudansvarsområde for medarbeidarar på uteseksjonen
- ▶ Effektivt og moderne materiell og utstyr

## Aktivitet og resultat 2017

Under anlegg og drift ligg grøntanlegg og uteseksjonen. Grøntanlegg har gartnerar, fagarbeidarar og sommarhjelper (skuleelevar) og eventuelt flyktingar som tek seg av kommunale plenar, bed, parkanlegg, tre m.m. Uteseksjonen utfører tenester innan vatn, avløp, veg, hamn, grøntanlegg og utbyggingsområde.

Det var god aktivitet på grøntanlegga og flinke sommarvikarar i 2017. Resultatet er tilfredstillande, men tidleg slått før 17. mai er ei utfordring på grunn av manglande ekstrahjelp så tidleg. Gatereinhaldet vart ikkje tilfredstillande etter at kostemaskina havarerte. Ein ny maskin er på budsjettet for 2018.

	SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
BRUKAR	ØKONOMI	Avvik mot budsjett	- 0,2 mill.kr.	- 0,2 mill.kr.	0 kr
	Vi skal skape trivsel ikommunale grøntområde	Talet på plenslått av kommunale plenar pr. veke	1	1	1
	Integrering i lokalsamfunnet	Tal på gjennomført vedlikehald av ti grøntområde utanfor sentrum	20	15	20
ORGANISASJON		Fungerande samarbeid med flyktingmottak for tilrettelagd arbeidstrening	ja	ja	ja
	Saman skapar vi eit godt arbeidsmiljø	Del av tilsette som har gjennomført medarbeidarsamtale	7 av 8	4 av 8	8 av 8
		Svarprosent i medarbeidarundersøking blant eigne tilsette	-	-	-
		Score på medarbeidartilfredsheit	-	-	-
		Score på stoltheit over eigen arbeidsplass	-	-	-
		Sjukefråvær	2,71 %	0,68 %	nærvær > 98 %

## Veg og hamn

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Drifte vegar, kaier og hamner på ein trygg og tilfredstilande måte. Vegar skal vere opne og godt framkomelege for allmenn ferdsel heile året. Vegstandard skal vere av ein slik kvalitet et det sikrar trafikktryggleiken for alle trafikantar.
- ▶ Bygge ut gang- og sykkelvegar og andre tiltak i samsvar med gjeldande trafikktryggingsplan. Ruste opp kommunekaia i sentrum (større investering)
- ▶ Gjere punktutbetingar av vegnettet med fokus på trafikktrygging

	ÅRSVERK	TILSETTE		
	NETTO RESULTAT	2015	2016	2017
BRUKAR	ØKONOMI	0,5	2	
		Rekneskap	14,7	14,2
		Budsjett	13,8	13,6
		Avvik	- 0,8	- 0,6
				- 0,4

I tillegg til det tradisjonelle vegvedlikehaldet gjorde vi dette året følgjande vegtiltak:

- ▶ Vedlikehald av kommunale vegar med ekstramidlar på 2,6 mill. kroner
- ▶ Ombygging av vegkryss i Vikemyra (ikkje ferdig) inkludert nye veglys
- ▶ Bygging av gangveg på Sundgot mot Kleven (ikkje ferdig)
- ▶ Stor aktivitet med sandstrøing på slutten av året
- ▶ Starta arbeid med bygging av ny kai på Geileneset

	SATSINGSMÅL	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
BRUKAR	ØKONOMI	Avvik mot budsjett	- 0,6 mill. kr.	- 0,4 mill. kr.	0
	Sikre god framkomst på kommunale vegar ved snøfall	Tal på innmelde avvik som gjeld kommunale vegar som i løpet av natta har blitt dekt med meir enn 10 cm tørr snø og ikkje er brøya innan kl. 7 på alle kvardagar	0	4	0
	Halde brukarane orientert	Tal på publiserte innlegg/informasjon på nettsidene til kommunen pr. år	11	meir enn 10	8
ORG.	Vedlikehald	Kantslått: ein gong kvart år slå vegetasjon langs kommunale vegar og halde siktsoner fri for skjermande vegetasjon	4,5	1	4
	Oppmerking	Alle fartsdemparar skal til ei kvar tid vere forsvarleg merka med sjakkmonster.	4	8	alle merka

# Vatn og avløp

ÅRSVERK	TILSETTE		
3	4		
NETTO RESULTAT	2015	2016	2017
Rekneskap	0	0,7	1,2
Budsjett	0,2	0,7	1,5
<b>Avvik</b>	<b>0,2</b>	<b>0</b>	<b>0,3</b>

## VASSFORSYNING

- ▶ Ny hovudvassleidning frå Garsholhaugen til Hasund (etappe 1 mot Ulsteinvik frå Garnesvatnet)
- ▶ Nytt membrananlegg (reinseanlegg) Flø + etablering av endå ein barriere ved å få inn UV-anlegg også
- ▶ Nytt leidningsnett i kryss i Vikemyra (i samband med Ulsten Arena-utbygginga)
- ▶ Ein del utskiftingar av mindre etappar på gamle anlegg
- ▶ Ferdigstilling av ventilhus/arbeidsbrakke ved Mosvatnet (etter skade)

## AVLØP

- ▶ Sanering av fleire gamle avløp i sentrum
- ▶ Nye anlegg i Vikemyra i samband med Ulstein Arena-utbygginga
- ▶ Utbygging av overvakingsanlegg for nokre kloakkpumpestasjonar

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ God og trygg vassforsyning til alle abonnementane (heile kommunen)
- ▶ Utbyggingar i samsvar med hovudplan for vassforsyning og for avløp
- ▶ Sjå til at utbygde avløpsanlegg fungerer og vert drifta i samsvar med alle relevante krav i forhold til standard og miljø
- ▶ Dersom det er tenleg skal vi vurdere å etablere turveg på trasé for nye vassleidningar i utmark

	SATSINGSMÅLE	MÅLEINDIKATOR	RESULTAT 2016	RESULTAT 2017	MÅL 2017
ØKO.	God økonomisk styring	Avvik mot budsjett	0,0 mill. kr	0,3 mill. kr	0,0 mill. kr
	Gjennomføre alle tiltak etter hovudplanane for vatn og avløp	Avvik mot planlagde prosjekt målt i kr.	0	0 – justert	0
BRUKAR	Du får god service frå teknisk etat	Score på brukarundersøkinga: gjennomsnittleg brukartilfredsheit	5	-	-
		Score på brukarundersøkinga: tillit, respekt og service	4,7	-	-
		Score på brukarundersøkinga: informasjon	4,5	-	-
	Sikre tilgang til godt og nok vatn av godkjend kvalitet	Tal på driftsavbrot i vassforsyninga pr. år	11	7	6
ORG.	Nulltoleranse til forureining	Tal på avvik på bakteriologiske prøver av drikkevatn	0	0	0
		Tal på driftsavbrot som medfører forureining ved at kloakken går i overløp	0	0	0
ORG.	Sjå anlegg og drift				





# Interkommunalt barnevern

LEIAR: BRYNHILD SOLVANG

ÅRSVERK	TILSETTE
63	77

## Teneste- og utviklingsmål

- ▶ Vere lett tilgjengelege – for barn, for alle som har med barn og unge å gjøre, og for ålmenta
- ▶ Bidra til tidleg innsats i samarbeid med andre tenester for barn og unge
- ▶ Arbeide førebyggande
- ▶ Gi likt tilbod til alle barn i Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta med behov for barnevernstenester
- ▶ Vere ei fagleg oppdatert og kompetent teneste – som har barnet i fokus
- ▶ Prioritere trivsel og eit godt arbeidsmiljø blant dei tilsette
- ▶ Utvikle ein lærande organisasjon

## Aktivitet og resultat 2017

Sidan 2014 har Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta stått saman om ei interkommunal barnevernsteneste, med Volda kommune som vertskommune. I mars 2017 vart Hornindal også ein del av vår teneste.

Personalet er organisert og oppdelt i fagteam, der ein arbeider etter fasane i ei barnevernssak. Kvart team har sin leiar. I tillegg har vi hatt øyremerka 100 % stilling (fordelt på to personar), som har eit særleg fokus på førebyggande, tverrfagleg og tverretatleg arbeid i samarbeidskommunane.

Vi har sett inn tiltak for å sikre at tenesta er *ei* teneste, der personalet for eksempel ikkje er tilsett på teamet, men i tenesta. Vi har faglege rettleiingsgrupper på tvers av teama, teamet følgjer sakene så lenge barna treng det i overgangen til ny fase, vi bidreg inn i kvarandre sine problemstillingar, og teamleiarane har felles overføringsmøte kvar veke.

Fullstendig årsmelding for barnevernet vert lagt fram for folkevalde organ som eiga sak.

## MELDINGAR OG FRISTBROT 2017

	2014	2015	2016	2017	FRISTBROT	FRISTBROT
					UNDERSØKINGAR 1.7.2017	UNDERSØKINGAR 31.12. 2017
Hareid	61	72	63	62	20 %	7 %
Ulstein	55	44	66	74	7,5 %	6 %
Volda	90	61	64	75	16,2 %	11 %
Ørsta	75	78	102	118	17,3	14 %
Hornindal				2	0 %	0 %
<b>Samla</b>	<b>281</b>	<b>255</b>	<b>295</b>	<b>331</b>		

Talet på meldingar har anka, og dei fleste meldingane vert undersøkte.

Vi har færre fristbrot enn tidlegare ved rapporteringa til Fylkesmannen for 2017, samla fristbrot for den interkommunale tenesta i 2016 var 11,6 %. Nokre saker er kompliserte og treng meir tid.

## TAL PÅ BARN SOM TOK I MOT HJELPETILTAK

### I HEIMEN VED UTGANGEN AV ÅRET


	2014	2015	2016	2017
Hareid	32	26	38	35
Hornindal	-	-	-	6
Ulstein	41	34	51	50
Volda	57	57	56	58
Ørsta	47	52	74	72
<b>Samla</b>	<b>177</b>	<b>169</b>	<b>219</b>	<b>221</b>



*Den årrisse båtfestivalen gjekk av stabelen  
i september. Foto: Svein Arne Orvik*

# Innbyggarundersøkinga 2017

Kjelde: Betre kommune



## Kva bør forbetraast i Ulstein?

Nokre av kommentarane i undersøkinga:

Ulstein er ein flott kommune å bu i. Men kjemp vidare for ein større kommune, det er nødvendig for framtidig berekraft og effektivitet.

Bør bli betre på sykkelvegar og utvikle eit godt fritidstilbod utanom idrett. Mange ungdommar sluttar med idrett før fylte 14 år. Treng fleire nye arbeidsplassar som ikkje er knytte berre til maritim verksemd. Treng å jobbe med kva for verdiar vi vil at samfunnet skal bygge på. Veldig mykje er fokus på kor dyre bilar og hus vi har.

Eg saknar fleire møteplassar som t.d. offentlege leikeplassar ute i krinsane.

Ta på alvor mobbing og narkotikaproblematikken og sørge for god integrering av våre nye landsmenn, uansett om dei har kome som flyktningar eller er arbeidsinnvandrarar. Gjer kulturskolen billigare og samarbeid med idrett og kultur slik at det blir billigare for barn å delta på aktivitetar.

Viktig at kommunen tenkjer strategisk for å fortsette den gode utviklinga som har vore dei siste 50 åra når det gjeld næringsutvikling, vekst i sysselsetting og bustadbygging. Kommunen vil kunne tene på å legge til rette for entreprenørar og nye næringar som kan vere med på å skape arbeidsplassar i framtida.

I sentrum har det skjedd mykje bra, men kva med utkantane?

Informere betre og kall inn til flere folkemøte om kontroversielle prosjekt før dei er komne for langt i prosessen.



Foto: Per Eide

## *Ulsteinvik – i sentrum av regionen*

### Raskaste reisetid til nokre viktige treffpunkt:

- ▶ Ålesund lufthavn – 40 min
- ▶ Ørsta-Volda lufthamn – 28 min
- ▶ Høgskulen i Volda – 29 min
- ▶ Volda sjukehus – 30 min
- ▶ NTNU i Ålesund – 45 min
- ▶ Ålesund sjukehus – 50 min
- ▶ Høgskulen i Molde – 2 t 50 min
- ▶ Fuglefjellet Runde – 36 min
- ▶ Ishavsmuseet på Brandal – 17 min
- ▶ Ørsta skisenter – 43 min
- ▶ Ivar Aasen-tunet – 24 min
- ▶ Oslo – 2 t
- ▶ Geiranger – 3 t
- ▶ Jugendbyen Ålesund – 37 min





ULSTEIN KOMMUNE

6065 Ulsteinvik, Norway

Tel.: +47 70 01 75 00

[www.ulstein.kommune.no](http://www.ulstein.kommune.no)



[facebook.com/ulsteinkommune](https://facebook.com/ulsteinkommune)



[instagram.com/ulsteinkommune](https://instagram.com/ulsteinkommune)